

Olav Duun

# **Blind-Anders**

**Fortelningar**

bokselskap.no  
Oslo 2023

bokselskap.no, Oslo 2023

Olav Duun: *Blind-Anders*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1924 (Kristiania/Norli). Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-696-2 (bokselskap.no),

978-82-8319-697-9 (epub), 978-82-8319-698-6 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](http://bokselskap.no)

---

# Blind-Anders

[7] Det var på Håberg i jula, i skomskotte ein kvelden. Dei sat inne heile huslyden, det var så kaldt og blåsande eit vêr, og så hadde dei *jul-frammande*. Dei sat i halvmørkre og smått prata og smått tagde. Gamle Anders sat på vedkassa i omnskråa; dei hadde endelig fått han inn utor kammerse. Han hadde sitte stokk still ei lang stund, og da visste dei at enten kraup han snart åt hie att, eller òg kremta han seg opp og *kom* med einkvart. Dei fekk vente, dei sat her kor som var. Fortalde Anders frå si eiga tid, så var *det* hugnad, for det var sant og visst kvart orde, og fortalte han frå gammal tid, frå Ol-Pålsa-tida eller frå Blåfjell-Anders sine dagar, så var ikkje det kleinare, for da laug han så det sat i veggene.

Det vart meir og meir stilt i stua, des fleir dei vart som venta, det vart berre omnen og klokka å høre, og så vinden som gnog på husnova.

Anders gjeispar eit par gonger; så seier han:

– Kvifor syng de ikkje ein stubb, de som ungdommar skal vera? Vi song da lel, den tida eg var ung; vi kunde mange små stubbar. Det er ikkje noko liv i dykk. Ja vi kunde ikkje synge [8] vi heller, langt tå den vegen. Det er få som kan det. Men det har vore ein og annan som kunde det; dei kunde synge ein etter seg inn i svarte marka eller lukt på kalde sjøen; andre gjorde det same med spelle sitt, de har da hørt om slike?

Anders gjeispa enda ein gong, og strauk seg over skjegge:

– De har da hørt om slike ja. Men de har ikkje hørt om han *Blind-Anders* lel. De kallar meg for Blind-Anders: det er gale det. Det har vore ein med det namne. Det var mange Herrens år føre mi tid. Det var føre hans Blåfjell-Anders si tid. Dei fortalte det slik, gammalt folk:

Det var ein mann og ei kone som braut seg land og bygde langt aust i marka. Det var ikkje for det gode dei flytta ut or bygda, dei hadde stelt seg kleint. Dei var to som gjekk etter same gjenta, og ho visste ikkje kva hand ho hadde mosen i; ho vilde ha havt dei baa to. – Råkttest dei så der ein natta, eller på vegen dit, og i hop bar det

med dem. Det gjekk hardt for seg, men sistpå fekk den eine den andre under seg. Da gjorde han nidings verk: han sette fingrane i auga på han og blindstakk han. Gjekk så heim og la seg. Den andre fekk aldri syne att. *Han* vilde ikkje ut med eit ord om det, men ut kom det like vel, og så måtte gjerningsmannen til skogs. Han levde i marka som eit dyr, i mange år.

Men kor det no bar til eller ikkje: Ein dagen vart gjenta borte. Ho hadde tenkt å ta han som [9] blind var, og foreldra hennar skuva på, og andre med, dei tykte det var vakker gjerning om ho det gjorde. Dei leita og leita etter henne, dei kunde ikkje tru det dei trudde. Men slik var det lel, at ho hadde laupt av til skogs, til han som var forjaga. Ho sa det sia, at det var ikkje å få han utor tankane: dei bar vondt på han alle i hop, og korles *hadde* han det? Ingen kunde få henne heim att.

Det såg ut som dei hadde lykka med seg, dei to inni skogen. Dei fekk til ein trivelig gar og trong ikkje be nokon. Dei fekk ein gut, og det var eit makelaust vakkert barn; dei kalla han *Anders*. Men hemna hadde ikkje glømt dem, om ho gav seg god tid. Ein dagen såg mora for visst at guten var blind. Ho fór til kirka med han og fekk han døypt og signa, og ofra blanke pengar attåt; men syne fekk han ikkje. Den vinteren døde mannen som hadde vorte blinda. Han hadde hemna seg, sa folk. Ikkje lenge etter måtte han same vegen, han som hadde skamfare han; han gjekk seg ned på eit islagt vatn med skia på, og da kona fann han, fjortandags dag etter, låg han med hovude ovan isen, og rå-fuglen hadde hakka ut auga i han. Kona kom dragande med han til bygds, til kirka, og fekk han i vigd jord. Ho vilde ikkje minke på straffa si. Kirke-ålmugen heldt seg unda henne. Ho såg dem over der dei stod, ho såg både far sin og mor si og den og den. Dei stod der som muren. Klokkaren og lensmannen måtte til, for å få fire mann til å gravsette like.

[10] Sia angra foreldra seg og sette etter henne; men da dei bar opp målemne og bad henne bli med heim, da såg ho på dem for siste gongen, og så sa ho: Nei, no er det for seint. Dei angra seg all sin dag.

Der levde ho med den blinde guten. Ho fødde og klødde dem så utrulig, og guten visste ikkje han var blind, han var glad og fornøgd, og lange øva låg han og song med seg sjøl. Ein dagen kom ei kjerring innom og tagg etter mat. Somme sa det var ei finnkjerring, og somme sa det var ei fark-kjerring. Kor det var eller ikkje, så var det ei som *kunde* litegrand. Ho hadde eit par ungar å dra på, men dei fekk ikkje bli med inn. Ho såg på Anders-guten. – Jaså, han er blind han kroken, sa ho. Mora bad guten gå ut i lag med dei to som stod i døra; og ut stabba han. Dei sprang bortetter vollen med hei og hopp, og han etter. Da datt han i ein stein og slo seg.

Mora kom ut og tørka av han naseblode. – Men kvifor er dei så snare dei andre? undrast han. Korles kunde dei kjenne at steinen var der? – Å, meinte mora, dei var no større dei. – Er det for det eg er blind? sa han. Det bar i gråten med mora. Da sa tiggarkjerringa: Han får da syne sitt han òg, med tida. – Da måtte det skje eit under! sa mora. – Det kjem til å skje eit under ja, sa den andre. Måtte det så visst bli han til lykke! sa ho, ho takka for seg og fór sin veg. – Så stor lykke er meg vel ikkje unt! sukka mora etter henne.

[11] Anders-guten vart still etter dette, kunde sitte dagen lang og ikkje ta seg noko til; han var ein fem seks år den tida. Med kvart gjekk han over golve eller bort på tune og tok i ein ting, fór han over gong for gong. Mora måtte gråte kvar gong ho såg det. Da kunde han komma til henne, nett som han visste ho var tungsint for hans skyld, og så kunde han seie:

– Eg får da syne mitt, mor.

Ein kvelden om sommaren sat han utpå bakken; det gjorde han gjerne. Han hørte på kubjølla borti skogen, han hørte på fuglane som song; han hørte mangt som anna folk ikkje hører. Da ansa mora på at han song. Det var første gongen han gjorde det etter at den kjerringa hadde vore der. I førstninga var det ikkje ansles enn det han pla synge, men sia vart det meir og meir mål i han, ho hadde aldri hørt nokon song så vakkert. *Ho* song ofte, både for han og for seg sjøl, slikt ho kunde det, men det var ingen av tonane hennar, det var så reint frammandt.

- Men kan du synge slik òg da Anders? sa ho.

Da tagna han. Han tagde lenge. Så snudde han seg til henne og sa: Rettno ser eg, mor! – Å ja, stakar, du ser visst, på din måte, sa ho. – Eg ser med all kroppen, sa han. Eg ser både skogen og vatne, og solskine kor det vermer, det er så vakkert alt i hop. – Ja, det *er* vakkert, sa ho.

Sia song han ofte når han sat for seg sjøl; [12] han vilde helst at ikkje ho skulde høre det. Og mindre og mindre snakka han. Ho måtte til bygds av og til, ho vart borte heile dagen og til langt på natt. Anders sat heime og song; ho fortalte om det i bygda, til dei få ho snakka med. Orda lærte han av henne, for det meste, men tonane dei fann han sjøl. – Gud veit kven han får dem frå, sa ho.

Ved den tida tok det til og flytta fleir folk aust i marka. Dei rodde vatne innerter og fann seg høvelig rom. Lenger inn tok dei seg sæter. Men enda var det langt dit enka med 'n Anders budde. Det kom ein storkar flyttande òg. Det skulde enda vera ein

prest som hadde vorte rar i hovude, det var einkvart i skrifta han ikkje kunde få til; andre sa det var ein fut som hadde mista embede sitt, han hadde vore for tru i tenesta; det kan vera det same, han var ikkje som folk skal vera. Han kjøpte inste sætra og bygde og budde der. Han hadde ei dotter med seg. Om han hadde kone og fleire born nokonstads, det visste ingen å seie av.

Anders fortalte mor si han hørte folk snakka og ståka langt unda nokonstads, der var slikt liv! Ho kunde ikkje høre det, alt det ho lya; men ho visste kor det kom ifrå.

Og tida gjekk, både sommar og vinter, og Anders vart ein 16-17 år. Mora vart gammal og krokut. Det skjedde aldri noko under. Anders vart verande blind, enda han syntes han såg alt som i kring han var, og folk kalla han Blind-Anders. [13] Det var sjelden det kom folk og snakka med dem. Stod mest som ein stygg og ein kaldkjeim frå heile romme, syntes folk. Ungar som vildra seg dit, i bærsbogen eller på krøterleding, var halvvore redd den blinde guten, han såg så rart på dem. Og best det var, kunde han seie: Eg er blind eg. Men eg får syne mitt. Det kjem til å skje eit under.

Men ein dag han sat i skogjaren og song, var dotra til frammandkaren ute og leita bær. Ho heitte *Lina*; dei fortalte alle som hadde set henne, kor overlag vakker ho var. Ho hadde andlet som ein engel, sa ein. Ja vel så det, sa ein annan. Ho kunde ikkje anna, ho måtte nærmare og nærmare han som song, og til slut sat ho på ein stein og såg på han og glømte seg bort. Litt om senn snudde han seg imot henne, han song heitare og heitare. Ho vart rar alt med seg, for han sat og såg henne med dei blinde auga, det var henne han song for. Og best det var så tagna songen, og Anders smilte til henne og sa: Eg veit da du er der. Tør du ikkje komma nærmare? Ho kom nærmare; ho kom heilt bortåt han. Ho vilde han skulde synge meir. Det vilde han ikkje. Han bad om å få sleppe. Han bad enda om at ho vilde sitte på andre sida dalen ein annan dag, kanskje han da kunde finne att tonen.

Ho sat på andre sida dalen mange dagar, men ho monna seg nærmare etter kvart, og ein dagen sette ho seg uloves attmed han. – Du skal få sleppe å synge, berre eg får sitte her, bad ho. – [14] Ja, men da vilde han få lov å sjå henne, sa han; han vilde sjå andlete hennar med fingrane. Og det fekk han.

– Kor vakker du er! sa han. Eg visste da det *var* einkvan slik. Eg veit mange ting.

Frå den stunda var ho lite god til å vera ifrå han. Anders var glad for det, mora syntes gleda lyste av han, det var så vidt ho kunde kjenne att han; men han sa ikkje noko om det, og ikkje sa ho noko heller. Da sa Lina ein dagen:

– Eg er så glad i deg, Anders, eg vil vera her hos deg?

Han såg dit mora var, og ho hadde hørt det, og sa at slik fekk det bli; ho var reint rådlaus. Lina sa at ho skulde slite og arbeide alt det ho vann, berre ho fekk bli der. Heime hadde faren eit vondt kvinnfolk, det var ingen som sakna henne der, og rett som det var kom det ein frammand mann dit og snakka med faren. Han vilde ha henne. Ein stor og vakker mann, men ho rømte for han.

Lina var finare enn alt anna folk, men ho lærte seg å mjølke gjeit og ho lærte seg å slå, ho var i skogen etter ved vinters dag, for ho var så glad i Anders. Mor hans fortalte det frami bygda: det var forunderlig å sjå dem, dei levde som to søsken; det var blanke dagen av lykka kring dem. Anders snakka om den store hendingen, at han skulde få syne som anna folk. Dei kunde mest gråte når han snakka om det, så umulig var det [15] og så heitt trudde han på det. – Da skal vi gifte oss! sa han. Og så alt det eg skal få sjå – da skal eg få sjå *deg!*

Lina var der i to år. Ho fortalte ikkje Anders stort om verda, og ikkje spurte han heller, etter det; ho fortalte han om marka kring dem, om dyr og fugl og tre, og helst om letene som skifta frå ting til ting og frå tid til tid, ho fortalte så Anders tok ut i vêre etter det, han var reint bleik. Ho lærte han songar. Og Anders han song, straks ho ikkje var attmed han, dei trudde det, folk, at han kunde trolle dem til seg med songen sin, kven han vilde.

Da kom ho heim frå faren ein dag, han låg sjuk. Ho var sjuk sjøl å sjå til, ho måtte ha sprunge heile vegen over marka. Ho tok Anders i hendene og gret. Ho hadde hørt om vidunderdokteren, langt sør i lande, han kunde gjera åt for all slag sjukdom og kunde mykje meir: *han* kunde gi folk syne!

Anders tok det tålig; han smilte berre: det var for langt unda, ein fekk vente på eit anna under. Men Lina stod fast på sitt, at ho skulde ut og tene pengar, mange pengar, for det måtte til, og så kom ho og tok Anders med seg og reiste til vidunderdokteren.

Ho reiste òg. Ho vart borte lenge, i årevis; dei trudde aldri ho kom att meir. Ho var halvveges utsliti da ho endelig kom, ho måtte ha gått igjennom mykje vondt. – Ikkje spør meg! sa ho, når dei vilde vita kor ho hadde vore og korles ho [16] hadde havt det; – eg har tent pengane, ein heil pose full, sjå her! sa ho.

Ho tok Anders med seg. Mor hans gret da dei fór, både av sorg og av glede; far hennar banna og svor over henne, kven han så var eller ikkje. Pengane torde dei

lite og ikkje røre, dei skulde vera til dokteren, men fram kom dei på det vise det var, ho leide han med seg frå bygd til bygd, ho bad for dem hoss godt folk, og Anders song.

Endelig ein gong var dei framme. Vidundermannen tok Anders med seg inn i eit rom og vart der lenge. Kva meir han gjorde med han, sa ikkje Anders noko om, og visste vel ikkje stort om det heller, anna enn at han gjekk til sengs med bind for auga. Morgonen etter kom dokteren og tok binde ifrå, som snarast.

Lina hadde ikkje vore i seng den natta, ho hadde vaka over Anders. Han fekk lov å sjå seg i kring i romme. Ho hadde pynta seg som ei brur. Men ho torde ikkje spørre om han såg.

– Det går rundt for meg alt i hop, sa han.

Dagen etter fekk han meir tid til å sjå seg i kring. Lina ho sat der i sin gildaste stas.

– Korles er det? spurte ho.

– Det er rart, svara han.

Henne såg han ikkje på. Tredje dagen tok dokteren han med seg ut. – No ser du verda! sa han til han. Og Anders såg.

Han sette seg ned. Han sa ikkje noko. – Ser du no da, Anders? spurte Lina. Og alle dei som [17] kring stod, spurte det same: såg han no da? Han snudde seg hit og han snudde seg dit; sat så og stirde fram for seg eit tak.

– Ja, eg ser visst no, sa han.

– A gudskjelov! sa dei.

– Er det ikkje vakkert? spurte Lina.

– Eg tenkte ikkje det var slik, sa han berre.

– Men vil du ikkje sjå på meg da Anders? Ho bad så tynnt for seg der ho sat.

Anders snudde seg og såg på henne. Ho hadde prydd seg som ho aldri hadde gjort før. Dei hadde ikkje set noko vakrare for sine auga, enda det var i kongens stad. Han tidde berre. Og dei syntes, dei som såg på, at ho folna framfor han, frå stund til stund; slik folnar det når ein vaknar, det ein drømte om.

– Anders! ropa ho.

– Ja, eg ser deg, sa han. Men eg trudde ikkje det var slik du var.

Dei måtte bera henne inn.

Anders reiste seg og gjekk bort over vollen, hadde glømt både Lina og dei andre; han gjekk og gjekk, ustø som blind mann går, men han gjekk da, og var langt bort. Han såg ikkje dit byen låg, han såg berre skogen som drog han til seg. Da han kom att såg han lettare ut. Han gjekk inn og fann Lina, ho sat og gret. Han spurte om ho hadde betalt dokteren. – Du skal ikkje gråte, sa han, det er ikkje vakkert å sjå på når folk gret. Ho reiste seg og gjekk inn til dokteren med pengane. <sup>[18]</sup> Men han vilde ikkje ta imot meir enn halvparten. Da sa ho:

– Kvar ein skilling skal du ta! Eg har tent dem dyrt nok, dei kan ikkje brukast til noko anna.

Så måtte han ta dem. Da ho kom att, smilte ho til Anders, og da lo han:

– Folk er vakre like vel! All verda er visst vakker, når ein ser rett på henne.

Lina vart så glad ho kunde ha gråte att, og det sa ho med han.

– Ja, sa han, eg er glad eg òg. Eg trur eg skal bli skikkelig glad.

– Det må du bli! sa ho.

– Da skal du lova meg ein ting, sa han. Du skal fara heim til ho mor og fortele henne at eg ser no. Som eit anna menneske, skal du seie.

– Men enn du da? spurte ho.

– Eg vil sjå verda først; så skal eg komma heim, svara han. Det ropar på meg all stads ifrå, eg veit ikkje kva det er.

– Men du blir ikkje lenge! ropa ho over seg. Eg held det ikkje ut i marka der utan du er der.

Han lova han skulde komma tålig snart, og takka henne vakkert for alt ho hadde gjort imot han.

– Skulde det ikkje vore ugjort da? sa ho.

– Det veit vi ikkje noko om, sa han. Ikkje meir enn barne når det kjem til verda, sa han, for han snakka alt som eit nytt menneske, og så kyste han henne på panna og sa farvel med henne.

[19] Dermed tok dei kvar sin veg.

Lina sat austi marka hoss mor hans; ho sat der i åtte år. Mora vart gammal og nedfor, vart liggande til sengs på slutten. Da var det ofte ho lét ille over Lina, at ho hadde komme og teke guten frå henne. Somtid bad ho så vakkert at Lina skulde ta ut i verda att og finne han: De skal gifte dykk med eg lever, sa ho. – Han er berre barne enno, sa Lina, han skal både vekse og sjå. I den trøsta levde Lina, og i den døde mora. Ho snakka på sitt siste om alt det Anders såg, og at no var han lykkelig og no var han vaksen.

Det er ikkje fortalt om kva Anders såg, der han fór, men det skulde vera godtsom all verda. Han lærte å synge slik dei gjer som kan det, og han song så det gjekk gjetord om han, han fór i byane og song for stort folk; han var i mange land. Endelig ein dagen var han heime att. Han hadde fare dag og natt i eitt, det siste, slik trådde han heim. Nytt ikkje for folk i bygda å stane han og spørre, – ikkje spurte han sjøl heller.

Men da han nådde fram, låg Lina til sengs. Det var ei frammand kjerring der og stelte; elles hadde ho vore klar for lenge sia.

– Er det du, Anders? sa Lina, da ho kjente att han.

Han stod midt på golve.

– Står det slik til her, sa han endelig.

– Ja, eg vann ikkje meir no, svara ho.

– Eg vart for lenge eg da? sa han.

[20] – Eg visste du vart lenge, sa ho. Eg visste det var mykje å sjå. Var det ikkje *rart*? spurte ho.

– Eg såg ein ting som eg minns, sa han. Og den ser eg no òg, sa han.

Kva var det for noko? vilde ho vita.

– At eg skulde heim til deg, sa han.

Ho spurte om han ikkje var glad for syne sitt, kor som var.

– Eg fekk syne, og så mista eg deg; det tykkjer eg er dårlig

handel, sa han.

– Eg tenkte *du* skulde bli lykkelig, sukka ho.

Da sa Anders:

– Det nyttar ikkje å bytte seg fram gjennom live. Ingen blir rikare av det.

Sia sat han attmed senga hennar og venta ho skulde bli god att. Han bad til Vårherre om det. – Det skal du ikkje gjera, sa ho. Kom i hug det nyttar ikkje å bytte seg fram. Ho vilde høre alt han hadde set uti verda, og Anders han sat og fortalte og fortalte, det var som i gamle dagar, berre det at no var det han som fortalte og ho som var blind, ho hadde set så lite der ho fór. – No ser eg det alt i hop! sa ho, – no er eg lykkelig.

Det gjekk att og ned med Lina, ho låg der så kvit som krit. Det kom folk dit og såg til henne, og dei såg fort kva veg det bar; berre Anders såg det ikkje. Ein morgonen han vakna i stolen sin, var ho stiv. Han snakka til henne, han ropa på henne, han bar seg reint gale, vilde true både henne <sup>[21]</sup> og Vårherre til at det skulde vera usant det han såg, det var ei nød å høre på, og så stygt at han mest skræmte frammandkjerringa ut or huse. Da gjekk han sjøl ut.

Det var lyse blanke sommarmorgonen, men kjerringa syntes det vart mørkt kring huse; gauken tagde i skogen, det grøste gjennom alle tretoppene. Og det var ikkje å undrast på, sa ho, for utom døra der stod Anders og ropa over seg beint imot Vårherre: Han banna syne han fekk, og dagen da han fekk det, han banna seg sjøl. – At ikkje du såg kor gale det vilde gå! ropa han.

I same augneblinken slo tora. Slik hadde ikkje tora slege der i marka før, det var som himmel og jord revna, og lynstolpen stod med store blåe logen nedgjenom lufta. – Eg venta det! sa den gamle kjerringa. Ho sa det same da ho kom utom døra og såg Anders låg der. Han låg der så lang han var. Ho trudde han var steindau, slik som han hadde fortent det. Han var berre svimeslegen. Men det tok tid før han kom til seg att. Da han det gjorde, vart dei vis med at han var stokk blind, såg ikkje handa framfor seg. Han såg henne aldri meir. Det hadde lynstrålen gjort. Han hadde teke att syne, han som gav det.

Og der austi marka sat han Anders blind i mange år, slik som eg no. Så vart han heitande Blind-Anders. Han var meir blind enn da han kom til verda. Slik er det fortalt ja, fra først til sist. Lyg dei, så lyg eg.

[22] – – – Dei sat og tagde i mørkre ei stund. Da seier Åsel, dotra, ho var kone i huse: At De som er gammal sitt og rører i slikt? Når det enda var som ei lære i det, sa ho. – Lære? lo kallen. Kva vil du med læra da? Svvara meg på det du. Elles så er det alltid ei lære i det som blir fortalt. Hørte aldri anna enn at dei fann ut læra i det, i gamledagar. For resten: vi sat ikkje berre og fortalte, vi var med i eit og anna. Eg skal fortele ein stubb om det òg, når det høver.

# I jula

[25] Det var same kvelden, etter kveldsmaten. Dei purra Anders etter den stubben han lova dem her i kveld. – Ja ha, det var no i *den* tida det, sa han. Det kan vera like bra no, eg seier ikkje om det. Så retta han seg opp, med hendene på knea:

Det har komme frammandfolk til Moholmen no. Den tida eg var ungguten, heitte mannen der *Gabriel*. Dei hadde sitte på garen son etter far frå uminnes tider. Moholmen var rekna for ein storvoren gar, og ein god gar, og han Gabriel sat i velstand. Ein kunde merke han visste om det, men elles var han den stautaste og greiaste mannen på langan lei. Og godt gift var han. Han hadde 3 døtter; ingen son. *Massi* heitte eldste dotra, det er ho eg skal fortele om. Ho var både vakker og snild; eg var for ung enda, men eg minns henne så vel, ho var høg og bein, og så lys i holde og så god i auga, at ein kunde bli ståande og glåme etter henne der ho gjekk; dei vart så, mange. Når ungdommen var samene, og ingen spellmann, da kunde dei få henne til å tralle slåtten for dem, ho hadde overlag til godt mål og var hjartans lettliwa. Først når ho *Massi* var med, [26] vart det det rette live i leiken; det var det same om ho lite eller ingenting sa.

På Nessa-stranda, midt for Moholmen, ser de tufta etter hus enno. Der budde ein plassmann, han heitte *Andreas*. Han var elles tå garfolk, ifrå Nesse, og han baska bra heile tida; men anna enn husmann var han ikkje, som sagt, og den tida hadde ikkje silda komme enda og gjort husmannen jamgod med garmannen. *Tarald* heitte sonen hans, det var eit gammalt namn i slekta, og alle som heitte det, var karar som tok seg fram, det hadde seg slik. Han var på alder med *Massi*. Kva ho såg på han, veit ikkje eg, dei visste det ikkje nokon; han var berre som ein annan ungdom; men han vilde ho ha. Dei andre som baud seg fram, lo ho berre til. *Massi* og *Tarald* dei forlova seg sjøl, som folk sa. Men kvar gong han nemnte han vilde gå til far hennar og høre seg for, vart ho motlaus. – Nyttar visst ikkje, sa ho. Vi får vente, sa ho. Men *Tarald* sa: Eg tykkjer da eg har venta lenge nok og enda litt til. – Ventar han for lenge som ventar på noko godt da? lo ho; *Massi* lo støtt mest, same kor gale det var. – Ja, *eg*, er ikkje skapt til å vente, sa han. – Ikkje eg heller, svara ho. Men på deg kunde eg vente i *tjuge år*, sa ho.

Ho fortalte mor si at ho vilde ha 'n Tarald bortpå Stranda. Ho vart vill, og huta gjenta: ho måtte ikkje komma med slikt snakk der i huse! Gjenta gjekk til faren, og han, han lo berre til [27] henne, slik ein ler til barne når det kjem og vil bytte bort sølvskillingen sin i ein kopparskilling. Massi sa ikkje noko meir, – ikkje til Tarald heller. Men han måtte ha forstått det lel. Heller ikkje han sa noko. Ein kvelden rodde han over vågen til Moholmen, gjekk beinast til gars og spurte etter 'n Gabriel. Han fann han inni stua. Mest heile huslyden var inne, men Tarald beit seg ikkje i leppa for det, han bar opp målemne og fria som ein annan kakse. Det vart drypstilt i stua. Dei ønska dei hadde vore ute, dei som sat der.

– Ja du har ikkje noko *imot* det? seier Tarald.

Gabriel la frå seg støvlen han sat og lappa. Sveitten stod han i skallen.

– Du *trur* no vel ikkje du skal få dotter mi? sa han.

– Stod ikkje her utan det, meinte den andre karen. – Er eg ikkje god nok da, he?

– Du veit ikkje det er ho som skal ha garen da? sa Gabriel.

– Jau da, jau da, eg er ikkje umota på garen heller, let Tarald.

Da tek Massi frami og seier: Vi skal gjerne skrive ifrå oss garen, er det om det å gjera, den kan a Ane og a Marja få, ikkje sant, Tarald? Ane og Marja var søsterne hennar.

– Det kunde vi, sa han. Men eg veit ikkje om vi gjer det likevel, sa han.

– Ti still du og gå ut! sa Gabriel til Massi. [28] Ho drog seg til døra. Så reiser han seg og snur seg hardt til Tarald, og seier:

– Din skitgut utor plassane! Kom att og legg pengane for garen på borde – da er det eit anna mål. Da skal vi snakkast ved.

Kona i huse kremtar borti benken. Ho hadde store tankar om Massi. Men Gabriel tek oppatt orda sine, og legg til: Er du ein kar så gjer du det!

– Ja vel, svarar Tarald. Eg tek deg på orde. Ho Massi har sagt ho skal vente på meg i tjuge år. Eg skal både reise og komma att, gu ' skal eg så ja, no svor både 'n Tarald og eg!

Dermed gjekk han. Massi gret, men dei andre var harde på sitt. Og Tarald han fór.

Han hadde sagt med Massi at han tenkte seg til sjøs, det tyktes han snåpaste vegen fram til pengane. Det eine åre etter det andre gjekk, og aldri dei hørte noko ifrå han. Foreldra og folk elles snakka med henne, at no gjorde ho rettast i at ho slo han utor tankane. Ho bles berre til dem: det var lenge enda til det hadde gått tjuge år. Friarane gjekk trøytt til slut, dei kom ikkje att. Enno heldt ho seg i lag med ungdommen og var med godt mot, men det var ikkje den songen i henne som det hadde vore.

Så ein sommaren på Nærøy-marknaen vart ho kjent med ein gut utant Sandøya, ein lettliva kropp og ein huglig kar å sjå til, han var stordansaren på marknaen. Han heitte *Tor*. Korles dei <sup>[29]</sup> to kom til å bli kjente, er ikkje fortalt, men han let så, han dansa ikkje meir i sitt liv, fekk han ikkje danse med henne; og det fekk han, alt med han lysta. Gabriel og kona var der òg; dei såg *vel* til det at ho slo laus og dansa, gjenta vart reint som opp-nya; dei såg vel til frammandkaren med. Gabriel hørte seg enda for: *Tor* hadde ikkje så lite pengar alt, og gar i vente. Folk der ute hadde ord på seg, den tida, at dei var villvorne og råbarka og litt utafør folkeskikken, men det var bert å sjå at ikkje *Tor* var av det slage. Det såg mest ut til det skulde bli festarmål og fullt stell vonoms fortare, for Massi og han gjekk som parfolk å kalle. – I Guds namn da! sa foreldra.

Det vart ikkje noko skjei tå det horne, sa folk. Men ut på vårparten fekk Massi barn.

Det kom så dått på Moholms-folke, dei visste ikkje kva veg dei skulde snu seg. Det var sjeldspurt i den tida at ei gjente fekk barn; det var ei ulykke. Gabriel fór over Folla og skulde snakke med *Tor*. Men han var langt nord i lande, på fiske, og det var trulig han kom ikkje heim så snart, han var vidfarande kar. Foreldra hans tala vakkert med Gabriel, og lova at det skulde bli gifting straks *Tor* kom heim, alt det stod til dem. – Ja, det var no ikkje for mykje, sa Gabriel. Men han måtte over Folla enda ein gong; og da råkta han *Tor*. Nei, *Tor* vilde ikkje gifte seg; det heldt han for eit ålvorlig spell, og dertil så hadde han spurt at gjenta var forlova; det nytta ikkje alt det Gabriel <sup>[30]</sup> gjekk innpå han, dei sa han både tagg og trua. *Tor* var sterkare. Han la blanke pengane på borde, og dem nøydde han Gabriel til å ta imot, – dei er til gutungen, sa han. Gabriel var ikkje mange merkerne da han kom heim. Dei sa han låg nedfor på andre dagen. Han bad Massi til seg, og spurte om ho hadde gjort han denne ulykka på tråss. Ho sa at det hadde ho ikkje. *Tor* hadde ho trudd på som fjelle, og vore så alt for glad i han; ho sette seg beint ned og gret.

Så var det den jula og den julturinga som vi skulde høre om. Eg får seie som hunden: eg var med eg òg. Eg var ein 16–17 år den gongen, eg var ikkje så urliten

for det. Det var i romhelga millom jul og nyåre, det var enda laurdagskvelden. Vi var i Nesse, ein skokk ungdom, og sat just og snakka om å ta oss ein tur over vågen og høre korles Moholmsgjentene tura jul. Ein var det som meinte at no snart kunde det lønne umaken å fri til Massi; ein annan kom på at han skulde dit og sjå gutungen hennar, han hadde ikkje set han enda; slik sat vi og røla. Gutnabben hennar kunde vel vera ein 3 år, og i tre år hadde dei set lite til Massi, enda ho bar skamma si med bein rygg.

Da ser vi det ror ein båt inn vågen og lendar i Moholm-støa; dei var fire frammande karar. Dei sette opp båten forsvarlig, og gjekk til gars. Litt jul i hue måtte dei ha, etter det vi kunde sjå, og ein hadde dragspell med. Det måtte vera *utafollningar*, dømte vi. Ja, og så la vi i veg.

[31] Det var Sandøy-karane, Tor og bror hans og to andre galningar. Dei hadde vore nokonstads i julgilde og dans, og no var dei her; dei vilde opp og helse på kjent folk, det var da jula. Gabriel hadde berre drengen hoss seg, og det var ei sål til kar, så det var liten mon i å vise dem døra. Ikkje var Tor slik heller, at ein kunde gjera seg uvis imot han. Han hadde noko godt med seg, sa folk. Og no vilde han sjå sonen sin. Da vi kom dit, hadde alt juløle komme fram, og frammandkarane skjenkte dram til, stua rundt. Dei skjenkte oss òg, hederlig juldram til kvar ein, og eit godt ord med.

– Ja de er ikkje sint på meg no lenger? sa Tor til sjøsegfolke.

Ingen svara på det. Tor såg undersamt på dem. Da snudde han seg til Massi:

– Korles er det med deg – er *du* sint på meg?

Da lo Massi, det var første gongen på tre år; ho sa: – Nå, eg er no ikkje så blid heller.

– Ja, men det er da jula! sa han. Og kor har du'n? – Guten vår, meiner eg. Du får da fram med 'n! sa han.

Ho var raud som nypa da ho gjekk etter han. Guten vart synt fram for heile stua og låte vel over; han var på gråten, sistpå.

– Ja du Massi, du Massi, som kunde finne på slikt! lo Tor, og så drakk han henne til.

Det var dram stua rundt enda ein gong, og sia vart det meir sterkt. – Meir sterkt! lo vi, det var [32] full jul under takåsane, og Gabriel Moholmen vart som spilder ny. Det

eine hjelpte det andre, men det var ho Massi som liva han mest opp, for henne hadde det vore lite om i det siste, det hadde vore tungt for henne, og no skjein ho som sola på fjelle morgons tid.

– Kva er det her for slag kasse? sa ho, ho tok fram dragspelle.

Slikt eit spell var det få av oss som hadde sett. Ho drog på det, ut og inn, lest ikkje som ho visste det var ei spell eingong, og best det var, sette det i og lét; ho hadde vore bortpå med fingeren. Alle gjentene stima til, dei prøvde og dei lo, dei lo og dei prøvde, og den som lo blankast det var ho Massi. Så måtte eigarmannen ta det og syne konsten sin, og før vi visste orde av det, var vi i dansen kvar ein fot. Herre gud, det var da jula, og det var langt millom jul og jul i dei dagane òg. Fleire ungdommar kom til, det hadde seg slik når spelle lét, vi snudde opp ned på gamle Moholmstua. Og den som dansa lettast og lo likast, det var ho Massi. Ja, han Gabriel sjøl måtte på golve, og kona med. Ein galning var i kjellaren etter ølkaggen, og den sette vi på borde, og tappa når vi hadde tid og tørste. Eit par gonger måtte vi stane i det og få oss mat, – vi hadde aldri havt slik julmoro. Gong og annan ansa vi på at det var han Tor som dansa med a Massi, eller at ho sat på fange hans når dei kvilde; vi glømde det like fort.

[33] – Det her det går som det skal det! sa Gabriel. Sveitten og gleda manna mest over han. Glade var dei to søsterne hennar òg, dei var forunderlig så lette å danse med.

Da vi skulde sjå til, var det lyse morgonen ute, det var høgaste sundagsmorgonen. Da ropar han Tor over golve til Gabriel:

– Det lyser ute, Gabriel Moholmen.

– Gjer gjerne det? sa Gabriel.

– Vi treng lysing vi òg! ropa Tor, han sat med gjenta på knea.

– Sat og tenkte på det same eg, lo Gabriel

Tor spurte om det var langt til presten. – Nei, det var ikkje lang stubben dit.

– Ja, for ho Massi her har vorte vakrare og vakrare, eg trur eg må ha henne med meg heim.

– Vi når presten i rettan tid, sa Gabriel.

Var det prekensundag da? spurte nokon.

– Visst er det det, sa Gabriel. Det her, skal eg seie dykk, det er tillaga det, førut. Fli meg ein matbete, kjerring, og finn fram kirkeklæane mine, så fer vi; sett fram mat for heile jekta. Det var skrive i stjernerne det her san, han sitt høgt han som styrer. Har du papira på deg, Tor? spurte han.

Nei, Tor hadde ikkje det, hadde ikkje set så langt fram. Dei såg opp nokon kvar.

Å, eg skal få det i gang lel, meinte Gabriel, han var ingen liten mann. Det skal gå som det er smurt, sa han; eg kjenner presten, let han.

[34] Fire mann rodde dei over vågen og tinga lysing. Presten var ikkje vrang. Med dei var borte, dansa vi andre med brura, kvar sin gong.

No var det ein gut i lage som heitte Kal Kvingstad; han var ein framifrå vakker kar. Han var garmanns-son, men ikkje gargut, og han hadde ofte prøvd seg fram hoss Massi. Næsteldste dotra til Gabriel var ho Ane. Det var eit eiande godt menneske, ho var hjartegod, sa folk; men stort vakker var ho ikkje, imot Massi, og knapt nok det hadde vore friar fram der, for Massi var den dei skulde ha. – Kal Kvingstad tenkte seg fort om. Ikkje før hadde han det klårt for seg at det var ho Ane som no vart gargjenta, så fekk han henne med seg ut i gangen og fria til henne. Ja fekk han på ståande fot, men dei tagde med det til så lenge.

Og så vart det gjestebods-kost på nytt, pølse og rull og spekekjøtt og finaste julbrød, smør og ost og lefse og gomme, og dram og øl så det flaut. Og så dansa vi att. Massi var for glad til å danse, ho sat med nokre gjenter borti benken ved glase og snakka, og alt i eitt såg ho ut etter dei som var hoss presten, for der var han Tor med. Og dei kom. Velgjort arbeid. Ei av gjentene seier med henne, vi hører det over heile stua:

– Enn at du skulde bli så lykkelig da. Det tenkte du knapt i går.

Massi lo, og svara: Nei, det tenkte eg rett ikkje. Eg ønska eg levde ikkje åre ut. No ønskar eg at eg kunde stryke ut att det ønske.

[35] – Men er du lykkelig da, inst inne? spurte dei andre.

– Ja, det er eg. Det vantar berre ein urliten ting.

Kva var det da? vilde dei vita.

– Jau, sa ho, eg vilde ønske at *han* kunde sjå det som hender no. Han som reiste ifrå meg og aldri kom att. Eg har ikkje hørt orde ifrå han! – ho var dirrande harm.

Det var uvisst han levde no, meinte dei.

– Det vilde eg helst han ikkje gjorde, svara Massi. Så slapp eg å hate han. Men eg hadde ikkje imot at han var her og såg kor lykkelig eg er. For det unte eg han, la ho til.

Det undrast dei ikkje på. Vi tagde nokon kvar.

Men det vara ikkje lang stunda; så vart det anna å tenke på. Det kom inn ein frammand-kar. Det var ein høg, skjeggut kar i blå klæa, og frammandvoren i alt sitt lag. Han helsa god dag og lykke med jula, vart så ståande og sjå seg rundt i stua. Dei bad han leite fram og sette seg, men det hørte han liksom ikkje. Best det var, gav Massi frå seg eit lite rop og vart krita bleik. *Ho* hadde kjent att han. Det var han Tarald. Dei kjente han att ein om senn.

Tor var straks bortmed henne og tok ikring henne, det var alt med seg ho ikkje svima utor. Han visste ikkje kva som stod på.

Tarald gjekk fram og helsa i handa, først på Gabriel og kona i huse, så kom han med handa til <sup>[36]</sup>Massi, men ho sat steins stiv, med auga nagla fast på han.

– Kven er du for ein? spurte Tor.

– Ja, kven er du? sa Tarald.

– Eg er mannen hennar Massi her, skal bli, svara han. Visst du endelig vil vita det, sa han.

– Nei, du mistek no, sa Tarald. Det er eg som er mannen hennar, skal bli. Kom med handa, Massi!

Massi la handa på ryggen. Endelig hadde Gabriel fått att måle sitt. Han gjekk fram og la handa si på aksla til Tarald, fortalte korles allting stod.

– Du vart for lenge, sa han. Det var ingen som trudde du var i live lenger.

Tarald såg på han og såg på Massi; så sa han:

– Ja, eg vart lenge. Men eg vart ikkje ferdig før. Det var du som la på meg skanten. Og ho Massi hadde lova å vente i tjuge år. Eg fór fort heimover!

Gabriel svara, at no var det best han sa farvel og fór same vegen attende; det var best for både han sjøl og dei to her. – Du har komme for seint, det er ikkje noko å gjera med det, sa han; det er ikkje mi skyld.

Tarald stod still eit tak. Dei andre trengte seg inn på han og bad han gå som ein vaksen kar. Dei trengte hardt innpå han, somme av karane, dei hadde fått så gild skjenk.

Da sa han, og han var mørk i auga:

[37] – Ta det vakkert, folk. De skræmer ikkje meg, så mykje de veit det.

Det var ein gutfark i lage som var tålig sterk. Han visste ikkje bedre enn at han tok og hivde ut frammandkaren. Men straks etter stod han i døra att. Enda var han like rolig å sjå til.

– Eg har vorte vist ut ein gong før her, sa han. Enno har det gått berre halvparten av tjuge år, Massi, og her, Gabriel, her er pengane for garen; no kan du gape opp og forlange.

Han synte fram ein stor pose med pengar, det var gullpengar mest alt i hop. Han ropa høgt over dem som framfor han stod:

– Eitt bed eg deg om, Massi: Du skal seie av lysinga og tenke deg om i fjorten dagar!

Dei ropa nei alle mann. Dei ropa at pengane hans var tjuvgods, og mykje som verre var, dei fekk mot på å ta denne landlauparen. Men da hørte dei Massi bakom seg; ho sa:

– Ja, eg skal det. Visst du Tarald kan ha noko glede tå det. Eg har da venta så pass lenge. Men her ser du guten min, som han Tor er far for, lo ho.

– Ja, eg ser han mest, sa Tarald. Eg skal bli ein god far for han, gruv aldri for det. Om det ikkje fell meg så lett i førstninga. Ikkje skal du høre eit vondt ord av meg for det som har hendt. Og pengane her dei er ærlig manns pengar, det trur eg du veit. Eg har både våga og vunne, sa han.

[38] Sandøy-karen var ein godslig mann; han var så stø på Massi; han gjekk fram og baud Tarald handa og sa:

– La gå da! og velkommen heim! Vi er da vakse-folk alle i hop. Skal vi ikkje drikke heimkomst-øle? Så lagar det seg vel, det andre, lét han.

Det stemte alle i med, så det dura og song i stua, dei var så letta, mange, dei syntes take hadde løfta seg av huse. Dei drakk velkomst-skåla og bad frammandkaren fortelle frå ferda si. – Det skulde han gjera ein annan gong, let han. Han fortalte berre eit og anna. Han hadde ar både på hendene og i andlete, han tilstod han hadde vore ute for mangslags folk. Han hadde fine ting av både sølv og gull, hadde vore vidt i kring. – Og no er eg her, sa han.

Gabriel måtte til presten att, det var nauvt han nådde han før kirketid. Om han var glad eller lei seg, visste ingen, men kona i huse ho lo.

– Først sukka vi for *ein* mann til ho Massi, og no sukker vi for det her er to; *no* må ho da endelig bli gift.

Ho var glad i peng, den kona, så staut kone det elles var.

Det vart godtsom eit bryllop på Moholmen den dagen, det gjekk i eitt med mat og drikk og leik. Massi sat mest og såg på, men da vi rydda stua om kvelden bar det i dansen med henne. Ho dansa med baa friarane, og med oss alle i hop, ho vart meir lettliiva enn ho hadde vore før. Og så vakker [39] var ho, at det var mest vondt å sjå henne. Mora bad henne fara tålig. Massi lo og ropa til henne: Ho kunde bli huga til å danse seg i hel! Vi hørte det alle mann. Ho var kanskje ikkje så glad som ho lest vera; vi skjønna henne så nokonlunde; det var ikkje lett å velge imillom dei to, for henne.

Kal Kvingstad hadde vorte tvilrådig. Han sa til Ane, borti ei krå: – Blir det så han Tarald tek garen her, trur du? – Det visste ikkje ho. Men ho *såg* på han.

Og natta ho gjekk, vi visste ikkje kor det vart av henne. Det hadde komme mykjen ungdom til Moholmen, og full skjenk var det og full sjau, og ingen sømn. Det hadde gått så merkelig til, alt i hop. – Det her, gutar, det *er* bryllop det! hørte vi ein som ropa. Men straks etter hørte vi ein som ropa noko anna: – Dei held på og slæss ute!

Vi ut, og uti garen stod Tarald og Tor imot einannan. Det var lysblanke måneskinns-natta, smellande klårt og kaldt, og der stod dei med knivane fram. Vi vart ståande blå still og sjå på. Både vette og makta lak utor oss. Det var uhuglig så lyst kring oss og kring dem som sloss. Hit og dit fór dei, att og fram, utan ein lyd; det var live om å gjera.

Best det var, kom Massi fram millom oss, stana ein augeblink og ropa med gråten i måle:

– Tor og Tarald! Tarald og Tor!

Så spring ho og vil fram til dem. Dei ansa henne ikkje. Folk tok og heldt henne, førte henne <sup>[40]</sup>inn att med makt, for her gjorde ho berre galt verre. Vi rausa fram heile mannhusingen og skilte kjempane, vi tok frå dem knivane. Så fekk dei elles gjera opp seg imillom som dei var skyld til. Det vart ein bardaga. Det kom blod fram. Tor var sprengsterk, og han hadde overtake, men Tarald var vill og rasa blindt på, og best det var kom han fram med eit nytt våben, ein stor pistol som han heldt imot Tor. Det vart eit skrik over heile garen; og så vart det daustilt. Og daudstill og bleike stod dei imot einannan dei to fiendsmennene.

Men så hiva Tarald våbene ifrå seg, beint imot fjøsveggen så det small.

– Der! skreik han. Kom så, om du lystar!

Tor kom, og i hop bar det med dem på nytt; og ingen av dei andre tykte dei kunde legge seg frami det, for det var halvvore ei hellig sak som skulde avgjerast dem to imillom. Det var Gabriel som gjorde ende på uvette. Han kom i døra og var reint ifrå seg, slik ein vaksen kar mest aldri blir det, han var hås i måle, vi fekk ikkje tak i det han sa. Vi hørte kvinnfolka bar seg høgt inne. Endelig fekk han måle opp.

– Kom inn båe to! ropa han, kom inn *straks*, det er ho Massi!

Da dei kom inn, var det alt gjort med henne. Ho drog ikkje anda lenger; det fanns ikkje liv i henne. Ho hadde sige i hop da dei leidde henne inn, hadde ropa namna på dei to det siste ho <sup>[41]</sup>gjorde, så var ho stiv med det same å kalle. Ho låg lik på senga.

Det var ingen utan han var ædru da.

Tor og Tarald stod tett attmed einannan, eit stykke frå senga, dei andre rundt i kring dem. Mora bøyde seg over henne gong for gong, bad henne å svara seg, for ho kunde ikkje tru enno at det var slut. Vi kunde ikkje tru det, nokon av oss. Tor ragar over golve og ut, – Tarald etter han, og vi andre med. Det var ikkje verande inne. Da sa Tarald:

– Det vart no ikkje du som fekk a da, kor som er.

Den andre snudde seg og såg på han, det såg ut som han vakna. Så sa han:

– Der sa du noko stygt. Men *eg* seier: Gu gi du hadde fått a heller!

Før alt frammandfolke drog seg bort frå garen, gjekk Tarald bort til Tor og sa:

– No reiser eg ut or lande att. Du kan vel aldri tilgi meg at eg kom hit som eg gjorde?

Tor vart kvit der han stod. Det braut hardt i han. Mange av dem som stod omkring, sa at det burde han gjera, dei tala ålvor med han. Og Tor retta fram handa og sa:

– Det er lite å vera uforlikte om no. Og det som har hendt, det var vel det rettaste; her er ikkje anna å tru. Og ikkje skal du rømme lande før vi har vore med Massi siste ferda.

[42] Tarald var ikkje mann for å seie noko, men han var einig i det, han tagde slik.

Det vart eit stort gravøl. Folk mintes det ikkje større. Alle som kjente henne hadde halde av Massi, ho hadde vore eit menneske for seg sjøl, og no stod ho så stor for dem, dei var i ei sorg. Dei kom halve bygda og følgde henne til jorda. Det var ei sjeldsynt likferd.

Tor hadde vore på Moholmen godtsom heile tida føre gravøle. Ut i slutten av gravøle kom han fram og sa at no var han ikkje til sinns å reise åleine heim frå Moholmen den her gongen. Han og Marja stod attmed einannan, og dei såg han heldt henne i handa. Marja var yngste dotra i huse, ei vakker gjente, og i giftandes alder. Ho torde ikkje sjå opp, der ho stod, ho var så ung og lite for seg, men dei kunde sjå ho var lykkelig all igjenom. Foreldra lysna i andlete, da dei hørte kva Tor fortalte, og heile gravøls-lyden ønska både dei og dei andre to til lykke.

Da vilde ikkje Kal Kvingstad heller vera mindre mann. Han gjekk over golve og bort til Ane.

– Du veit kva vi to har snakka og vorte einige om, sa han. No kan vi gjera det kjent vi òg.

– Vi er slett ikkje einige, svara ho.

– Du vil da ikkje svike meg? sa han.

Men gjenta såg han fast i auga. Ho tok seg på tak og sa:

– Kom i hug kva du spurte om da 'n Tarald kom. Da sveik du meg.

[43] I det same sa Tor, han stod og såg seg i kring:

– Kor blir det tå deg, Tarald?

Da gjekk Tarald fram til Ane, tok og leide henne fram på golve.

– Kva seier du til det, Gabriel? sa han.

Gabriel sa både ja og amen til det; det same gjorde kona. Da tok Tor til ords att, det var slikt lett eit mot i han, og orda fall så godt for han.

– Vi gjer dykk snau her i huse, sa han. Men vi har snakkast ved, han Tarald og eg: Vi var ikkje ansles godtil. Det er for tidlig ja, men det er bedre enn for seint, sa han.

Sia kom det ut at båe to hadde tenkt på Marja, for ho var den vakraste av dei to søsterne, og da den eine hørte det, vilde han ikkje gå i vegen for den andre, dei hadde havt nok av det. Det vart ein heil strid om det. Enden på det vart som han synte seg, at Tarald skulde ha ho Ane og garen, og Tor ho Marja. Slik likte gjentene det best òg, vart det fortalt.

Dei levde lykkelig kvar med si. Dei var så forlikte dei måtte gjeste einannan rett som det var.

– – – – Slik gjekk no det, sa Anders. Og læra, den hadde eg for meg her med eg fortalte, men no er ho bortkommi for meg. Det får vera det same.

# Kvithåringen

[47] Det var seint på kvelden, men den eine etter den andre bad han Anders om ein stubb til. Han sat lenge og ikkje svara, og det var dei ikkje uvante med. Med kvart rista han på hovude. Med kvart mumla han. – Nei, ikkje den, sa han, for den sluttar så stygt. Ikkje den heller nei; det er ingen som skjønner det no for tida. Å nei, det er vel så: det er anna *dei* vil ha; det må full så vera. Men: Når dei vil ha ein stubb med *lære* i, da skal dei få *den*, – han retta seg bein, slo seg på knea og kremta seg til.

Det budde ein mann på Lauvset i gamle dagar som heitte *Hans Jørnsa*, han hadde trefot.

– Skal du endelig fortele om vanskapningar da? sa Åsel. Kan du ikkje fortele om rettelig folk?

– Så-å? flirte Anders. Vanskapningar er ikkje rettelig folk det, kanskje? Ti still du, du er berre barne enno, så gammal du er. Det gjorde ikkje illt om du tenkte ein tanke på slike òg, gong i millom. Ikkje var han vanskapning heller, han Hans Jørnsa, han var ikkje fødd med trefoten, han hadde mista rette foten sin den tid han var utanlands, i krigstenesta. Vanheppen mann er ein mann det òg.

[48] Hans Jørnsa var rikmann millom dei andre i bygda. Derfor såg han seg *vel* for, før han gifta seg. Da var han over dei firti. Ho han leita seg ut til kone, var berre ung, men ho var av godt folk, ifrå Håberg her enda til, av gammalfolke på garen; ho heitte *Dåret*. Vakker var ho òg, og stø og staut i all si ferd, han såg mykje på det. Folk ønska både han og ho lykka til. Og godt og vel levde dei i hop. – Ingen visste anna enn at ho heldt av mannen sin, for Hans Jørnsa var ein staskar å sjå til, – eg snakkar ikkje om trefoten, for den hefta han ikkje stort –; og så klødde han seg finare enn andre, det hadde han lært seg med han var ute, og det hadde han råd til. Prest og lensmann, og anna stort folk skulde vera, gjekk alltid bort og helsa på han når han var til tings eller messe. Han var elles den som sa meininga si til dem, når det slik høvde.

Dåret var han byrg av. Ho er det likaste eg har på garen, pla han seie. Men tida leid, og born fekk dei ikkje; det gjekk fem år. Hans Jørnsa lest aldri som han ansa det.

Folk tok til å ha vondt av han; for det å gå barnlaus ektemann, det var hardt i den tida, det var både skam og straff. Somme lo seg imillom, men aldri så han merka det: han var ein gammal gjelk, sa dei. Hans Jørnsa visste om det like vel, og nemnte det med einkvan og lo. Han lo litt for høgt, tykte dei. Det måtte svi ikkje så lite da, kor som var. – Det blir da både hævt [49] og gjævt på Lauvset, let dei; det blir ikkje ungeflokken som riv sund rikdommen millom seg der.

Dåret vart det mindre om etter kvart. Dei kunde sjå det som vilde, at ho tok seg nær av det.

Så var det ein dag det sat ei veninne hoss henne, ho heitte Ane-Marta og var gjenta enno; ho var astant Segelsund-grenda. Dei prata hit og dit som kvinnfolk gjer. Gjenta vilde helst snakke om gutane, det var så mange av dem, og bra nok for seg alle saman, men *ho* vilde ikkje ha dem; dei kom for henne berre som gutungar. Men kva sa ho Dåret om han Tosten? Var ikkje han litegrand til kar lel?

– Kven for ein Tosten? spurte Dåret; ho spurte så kvast.

– Han Tosten Brudalen veit eg, sa den andre. Er ikkje det ein vakker gut?

Da vart ho vår at Dåret hadde skifta hamleten og sat og stirde stivt på henne.

– Han er da for vakker åt deg, sa ho

Ane-Marta lo til det, men forundra var ho, visste ikkje kva ho skulde seie; så sa ho like snart at han hadde for lyst hår; – det er da kvitt å kalle, sa ho, som på småguten eller gammalmannen.

– Det var han du tenkte å råke her i kveld, kan hende? sa Dåret, og no hørtes ho ikkje blid ut.

Tosten Brudalen var ofte på Lauvset og arbeidde, for dei gjekk ein liten skokk med vaksne karar heime i Brudalen, og denne Tosten likte Hans [50] Jørnsa omframnt vel; – han er tå rette slage, pla han seie.

Nei, Ane-Marta hadde ikkje havt slike tankar da ho kom dit, det sa ho seg fri for, – ho reiste seg og sa farvel straks etter, ho likte seg ikkje der lenger, og ikkje heller var ho likt der i stua.

Men Dåret kom og vart med henne ut, vart med henne på vegen inngjenom skogen, for det var slik ein utleita finvêrs-kveld og sommars tid. Dei sette seg på kvar sin stein attmed vegkanten. Da sa Dåret:

– Du kan gjerne få 'n Tosten for meg.

– Ja for *deg*? meinte Ane-Marta. Du som er gift? sa ho.

Dåret svara at ho visste ho var gift, den andre trong ikkje minne henne om det. – Men du ser korles det står til, at eg får ikkje barn, sa ho. Og det er ikkje mi skyld, det er umulig for meg å tru. Men mi skyld blir det like vel, eg fører skam over mannen min for all bygda.

Dåret bøyde seg framover og gret i hendene sine.

Ane-Marta vart forfæld. Dei snakka lite om slikt, den tida, og hendte det nokon gong, da måtte ein le med ein sa det. Men ho gjorde seg hard og sa:

– Men du har ikkje lov til å lokke 'n Tosten, om det er aldri så synd i deg.

Nei, lov har eg ikkje, sa Dåret. Og ikkje skal eg gjera det heller. Eg får heller lide det som er [51] lagt på meg; eg får stå ut straffa mi. For det vil eg fortele deg, Ane-Marta, at det var han Tosten og eg, frå først av. Det var rikdommen som narra meg hit, eg ser det no, eg skal ikkje skylde berre på far og mor. No skal det straffast. Men eg veit ikkje; eg synes eg har rett til kva eg vil for den saks skyld. For ikkje veit eg korles han Hans Jørnsa levde, den tida han var ute. Eg har hørt eit og anna om slikt; eg har enda hørt dei kan bli barnlause. Skal eg lide for ulevnaen hans? Eg *gjer* det ikkje, hører du! – ho ropa så det lya i skogen.

Ane-Marta fortalte at ho grodde fast til steinen der ho sat. Da ho reiste seg, kjentes ho både lemmelaus og mållaus. Ho la handa på hovude til Dåret, ho visste knapt om det; ho visste ingen ting å seie.

– Det var best om du fekk han Tosten, sa Dåret. Om eg ikkje unner deg han, så trur eg at eg da måtte bli fri det verste av det. Eg er redd meg sjøl! ropa ho.

– Nei, svara Ane-Marta. No blir det ikkje så eg tek han Tosten, om eg kunde få han.

Med det skildest dei.

Dåret meinte å ta same vegen heim att, men da ho kom dit vegen tek av til Brudalen, tok ho den. Det var som ein beinveg å kalle, men han var ikkje rar, var mest ikkje gåande mange tider, så blaut var han. Den som kom den vegen, måtte ha erend til Brudalen, det kunde ikkje sjå ansles ut. [52] Dåret snudde to gonger, men det bar ikkje bedre til enn at ho kom gjennom garen i Brudalen. Ane-Marta hadde snudd og lurt seg etter henne, for ho hadde ein ank i seg. Ho såg alt i hop.

I Brudalen vart Dåret innbedt, ettersom ho kom der framom, det fór så sjelden folk der. Og erend hadde ho, når det bar til, dei hadde arbeid for han Tosten på Lauvset, mannen hennar låg så reint for hardt i det. Da ho skulde gå, sa mannen i huse at det var likast einkvan av gutane vart med henne over vade i elva, for der var det lite farande for kvinnfolk. Da vart det Tosten som laut følge henne, han som var halvvore som ein dreng på Lauvset; det var ikkje noko rart i det.

Det var langt millom steinane i vade, og elva var flo etter regnvêre, det hadde vore slikt hundedags-regn. Desutan heldt det på og vart mørkt. Det var ikkje anna råd, han bar henne over. Da han skulde sette henne ned, vilde ho ikkje sleppe han. Ho gjorde både ho gret og ho lo.

– Lat oss vera folk, kor som er, sa Tosten

– Da har du aldri vore glad i meg! sa ho.

– Det har eg, sa han. Det har vore vondt nok for meg mang ein dag å vera på Lauvset.

– Da er du ei sål til kar! sa ho.

– Du kan halde meg for det du vil, svara han. Men eg kjenner mannen din. Visst eg ikkje det gjorde, det var eit anna mål. Da stod eg knapt slik.

Han følgde henne fram på rette vegen, og der sa han godnatt og gjekk heim att.

[53] Ane-Marta kom til Lauvset rett som det var etter den tida, ho kunde ikkje bli derifrå, og ho og Dåret hadde stødt mykje usnakka med einanan. Ein kvelden utpå vinteren sa Dåret:

– Korles blir det med deg og han Tosten?

Ane-Marta sa at det vart ikkje noko med det. – Eg skal så visst ikkje ta han bort for deg, sa ho. Han *ser* meg ikkje lenger, la ho til.

Dåret lo, og sa: – Så bakvendt kan det vera! Ein gong hadde eg handa i kring han, og da vilde han meg ikkje det grand. No hatar eg han, og no er han etter meg så eg mest ikkje nyt fred for han. Eg har sagt med mannen min at eg såg helst han Tosten aldri kom her meir. *Han* er blind som steinen, han svara berre at han Tosten skal ingen laste.

Og så fortalte Dåret korles det var med henne: at ho skulde ikkje gå med skamma gjenom verda, ho var langt på veg med barn. – Og om eg har synda i tankane, så er det han Hans Jørnsa som er far til det, sa ho. Lykka har vore bedre enn vette, sa ho.

– No gjorde du meg glad, Dåret, sa Ane-Marta. – Men kven var det der? sa ho med det same og såg til glase.

– Har 'n Hans komme heim da? sa Dåret, ho vart glad i måle.

Dei sat to-eina i stua. Mannen sjøl var ute og kjørte, og tausa var i fjøse. Det brann berre ein liten lysstubb på borde. Og einkvan kom om glase [54] og inn. Det var ikkje han Hans. Han stod i døra og helsa, og tok av seg huva. Alt dei såg av han, var det lyse håre, det kvitte på det i mørkre. Det var han Tosten. – Bli ikkje redd meg om eg er stygg, sa han.

Dåret gav eit lite rop frå seg og vårt sittande stiv. Ane-Marta manna seg opp og bad han gå att, han hadde ikkje noko her å gjera. – Og gjekk gjorde han. Det tok litt tid før Dåret kom seg att.

– Har du set noko så nifst som den kvite hårtenna! sa ho. Som ein frå dauen eller kirkegaren! sa ho.

– – – Da våren kom, vart Ane-Marta og Tosten forlova. Ikkje lenge etter fekk dei på Lauvset ein gut. Han hadde lang, skinande kvit luv på hovude. Det sa ingen noko om, dei vilde ikkje akte på slikt med eit småbarn; men guten fekk kvitt hår, og det enda båe foreldra var mørkvorne og det ikkje fanns kvithærd menneske i folke deira. Dåret nemnde ikkje orde om det, utan med Ane-Marta. – Du veit han skræmte meg den kvelden han kom her, sa ho; og Ane- Marta slo seg til ro med at det kom av det, ho hadde hørt så gale før. Ho hørte Dåret snakka sant. Hans Jørnsa undra seg litegrand i førstninga over denne kvite luggen, men så kom han i hug at ein av brørne hans hadde kvitt hår med han var liten, han vart tålig mørklet for det.

Men folk i bygda snakka sitt om det. Dei tykte det var vel mykje til lyst hår; og av og til [55] fekk Dåret eit lite ord. Ho lest aldri som ho gissa kor dei vilde av. Men ho vart bleikare og skrinnare etter kvart. Til slut vart ho liggande. Ane-Marta kom og var hoss henne. Hans Jørnsa var blind som steinen enno.

Da seier Dåret beint ut til han ein kvelden, han stod attmed senga hennar:

– Du går og er tungsint, ser eg.

– Må vel det vera, når det er som det er, svara han.

– Ja, sa ho, eg skulde ha snakka med deg før. Men ikkje veit eg kor eg skal byne og ikkje kor eg skal slutte. Eg veit at eg skulde ha straff, og at no har eg fått henne. Men at det skulde gå utover deg, det er det som er så tungt. Det går rundt for meg.

Hans Jørnsa klipte berre med auga; men Dåret ansa ikkje det, ho heldt fram:

– Du skal vita og tru det som er sant, Hans, at litle-guten han er du far for, han Tosten har ikkje komme halvnær meg slik. Det er berre med tanken eg har synda; og berre eg fekk lide nok for det, åleine. For det *kunde* ha hendt. Eg trudde ikkje vi fekk born nokon gong, det drygdest så lenge.

Ane-Marta måtte vera inne hoss Dåret støtt, så var ho inne den stunda òg. Ho fortalte, at ho glømte aldri kor stiv i auga han Hans Jørnsa vart. Han vart der ståande og einstirre på Dåret, men det var ulikt til at han skulde sjå nokon ting. Endelig [56] ein gong kom han seg, og da såg han det som det var, og vel så det.

– Jaså ja, det er slik, sa han. Han var åt å svimre, store sterke karen. – Eg såg du heldt meg ikkje for stort til mann, sist på her, sa han. Det er slik *du* har fare!

– Du trur meg da vel? ropa Dåret. Du trur meg da vel no når eg har tilstått alt i hop?

– Skal eg tru deg? sa han; det var nær på han lo. Du held meg *så* toskut òg? sa han.

Han snudde seg og kom seg ut. Dåret vart liggande med auga i take all natta, det stod om både vette og live. Men om morgonen var ho kvikkare enn ho hadde vore på lenge. – Men skulde ho stå opp? sa Ane-Marta med henne.

– Ja, han trur meg ikkje, sa ho.

Opp stod ho, var ikkje snakk om anna; ho heldt seg på føtene heile tida. – Han *skal* tru meg! sa ho alt i eitt. Elles gjekk ho i draum gjennom alt som var. Gutungen var det verste. Ho anka seg høgt når ho måtte legge han til bryste. – Det må skje einkvart! sa ho. Ho gjekk etter Hans i rå og rom og sa det, så ho mest plaga han frå garen. Svara han henne, så var det berre stutt og hardt, dei same orda: – Du skal no ikkje gjera gråe sauer av kvite gjeiter heller, – dei sa slik før i tida.

Ane-Marta snakka med han; andre folk snakka med han. Svare var det same. Og så la han gjerne til, at han trudde snart all bygda [57] snakka med to tunger i ein kjeft. Dei visste å fortele om det lang tid etter.

Dåret var trygg i trua. Ho hadde det i seg, at ho skulde få syne han ho hadde sagt sant. Vår herre måtte komma henne til hjelp, gjorde ingen annan det. Alt anna var ho langt bort ifrå. Ho svara som eit anna menneske når ein snakka med henne, men straks var ho borti sitt, ho rista på hovude og såg fram for seg. – Men meg trur han ikkje, sa ho. Det var inga sak *da*. – Du må slå ifrå deg det der, sa dei med henne. – Ja, når eg har stått ut det eg skal, så snur det seg vel, svara ho. Det kjem da den dagen at eg får syne han eg har snakka sant.

Det bar ikkje bedre til enn at høve baud seg fram. Hans Jørnsa vart liggande i gikta. Ho rente han slik i all kroppen, at han stod både på kne og albogar i senga. Verst var det i foten, – han hadde berre ein, som sagt. I langsamlig tid kunde han ikkje stø på han.

Noko hjelp eller trøst vilde han ikkje vita av, han var ikkje den, og minst av ho Dåret; han låg og beit i hop tennene og tagde, eller han smått bar seg når han trudde seg åleine. Ein kvelden går ho bort til senga hans likevel, legg handa på aksla hans og snakkar til han.

– No skal eg hjelpe deg enten du vil ha noko hjelp av meg eller ikkje, sa ho. Du blir aldri god utan du får hellig jord på foten din, eg [58] har snakka med folk som veit det. Eg går i veg i den her natt.

Han såg virkelig på henne; han var så i nøda. – Trur du det hjelper da? sa han.

– Ja, det seier dei og trur dei fullt og fast, sa Dåret.

– Det er ei stygg forretning og ei vålig gonge, anka han seg.

– Den skal eg gå, lét ho. Og da trur du meg vel, Hans? spurte ho.

– Eg veit ikkje det, svara han.

– Når eg går *dit*, da må eg vera rein for løgn; det veit du, sa ho.

– Eg skal tru deg visst eg blir frisk, sa han. Og la så til: Da først veit eg du har vore der.

Dåret gret, ho vann ikkje anna. Ho sa at ho skulde gå om det var dubbelt så svart ei natt og dubbelt så stor synd å gjera det.

Det var seinhaustes og månemørkt. Det var uhuglig så stilt i vêre. Dåret venta til folk hadde lagt seg, for ho måtte ikkje råke nokon på ferda. Ho var bleik av seg da

ho la i veg, og Hans Jørnsa var på og vilde halde henne att, men han fekk ikkje opp måle; det måtte skje som ho vilde, sa han sia. Ho smilte til han frå dørstokken.

Det var langt frå Lauvset til kirka den tida, og vegen gjekk over svarte marka for det meste. Ho var lenge borte. Hans Jørnsa heldt på og vart illsvien for henne, trudde mest ikkje ho kom att.

[59] Da ho stod i stua att, var det mykje over midnatt. Det var ikkje frakt med Dåret da. Snakke kunde ho ikkje, og i andlete var ho ukjennelig, ho stomla til vassstampen og drakk ei heil koks med kaldvatn. Men under kofta hadde ho ein pose med mold.

– No har eg vore *der*, sa ho endelig. Og no skal prøva stå, sa ho.

Det lyste og skjein frå auga hennar. Ho la svarte kalde jorda på det vonde knee hans, og oppetter lår og nedetter legg, og batt klutar i kring.

– Det er frå grava til den gamle Håbergkallen, sa ho. Han fekk elles rundelig att av meg både med jord og mangt anna.

– Såg du noko? spurte han. Såg du noko stygt? spurte han.

– Det var stygt alt i hop i natt, svara ho. Kunde ingen ein ha gått den vegen med ei løgn for Vårherre.

– Men du er så rar, synes eg? – han såg vantruen på henne.

Da var ho åt å sige i hop. – Jaså, du trur meg ikkje *enno*, sa ho.

Han bad henne gå og legge seg, for sveitt var ho så det perla i panna, og bleik og kald var ho så ho både skingla og skalv. Ho la seg borti benken med klæane på. Ei tid gjekk der, så hadde ho sovna; men ho bar seg ille i sømnen. Hans Jørnsa stod opp og var over golve og [60] breidde bedre på henne. Han var det, fortalte han, han tenkte ikkje eingong på at det var rart han kunde gå. Sjøl kunde han ikkje sova; det var ikkje *slik* å ligge med vigd mold innpå holde. Han syntes han hørte allslag ulåt utom veggen, og jorda ho saug han gjennom all kroppen; ho mergtok han reint. For foten skulde han aldri ha gått igjennom slik ei natt, men for Dåret si skyld fekk han tåle det, meinte han. Han var ikkje mange merkerne da dagen rann.

Han hadde teke etter sømnen like vel, da Dåret stod over han.

– Korles er det med deg? spurte ho.

Han kjente på seg; så sa han: – Jamenn meiner eg eg er lite grand likare.

Var det ikkje vondt når han lea på foten da? når han gjorde slik og slik? spurte ho.

Nei, det var reint utrulig: Foten var som ny å kjenne på.

– Trur du meg no da? ropa ho.

– Eg lyt vel til å tru deg no, svara 'n Hans Jørnsa.

Han skulde stå opp og gå på foten! bad ho. Og det måtte han. Han gjekk over golve. Han gjekk ut, og stua rundt. Han kjente ikkje vondt i foten.

– Jamenn er eg god no ja, sa han. Så lenge det varar, la han til.

– Det varar all din dag, Hans! ropa ho. Ho var så glad, ho både gret og lo, ho gådde ikkje [61] kva ho sa eller gjorde. – Eg visste da eg vann til slut! lo ho. Eg visste da du skulde bli glad i litleguten din!

Hans Jørnsa snakka kona si til rettes fleire gonger, ho skulde ta det tålig, for no trudde han henne og no skulde det vera glømt. Men ho var ikkje med seg sjøl lenger. Ho vart så ifrå seg utpå dagen, at dei måtte til sengs med henne, og da det leid på natta måtte dei binde henne. Ho hadde mist vette. Med kvart lo ho høgt og snakka om mannen ho hadde kjøpt, det var ein stor og kostbar mann, og somtid gret ho og bad for seg, at dei måtte ikkje *komma*, ho skulde aldri gjera det meir! – Ser du kirka! sa ho. Ser du grava kor ho gapar til himmels? Hører du han oppi lia! *Hører* du han ikkje? Slik heldt ho på. Ho forfælde alle som i stua kom.

Hans Jørnsa vart ille til motes. Det tok så på han at det vart snart berre skuggen att av han. Endelig ein dagen tok han seg for å prøve einkvart, og da visste han ikkje rettare enn å kjøre austover til Sandbakken, der han Tosten og ho Ane-Marta budde, dei var gifte no og hadde kjøpt seg gar. Det var armelig dei kjente han da han kom inn. Han fekk for seg Tosten på tomanns-hand. Han såg på han og sa:

– Det står til dårlig heime hos oss, som du kanskje har hørt. Og no skal du svara meg som ein hedersmann og ein *mann*: Har eg vore for hard med henne?

[62] – Det har du, Hans Jørnsa. Du har fare vill, sa Tosten.

– Du seier eg er far til guten vår da? – han såg stivt på Tosten.

– Etter som du spør, så skal eg svara, sa Tosten. Ho Dåret og eg er så fri einannan på det vise som folk kan bli. Og tankane skal ein ikkje straffe eit menneske for, det veit du, Hans Jørnsa, likså vel som anna folk. For da vart det hardt med straff i verda, sa han. Enda får ein svi for dem, la han til.

Da retta Hans Jørnsa seg bein og sa:

– Du skal ha stor takk for dei orda, Tosten! Eg visste det før eg fór hit, at eg hadde fare vill i det der. At eg ikkje gjekk til deg før! sa han.

– Eg undres ikkje på deg, sa Tosten.

– Men kva rår du meg til no da? spurte Hans Jørnsa.

Tosten tenkte seg *vel* om; så sa han:

– Gode råd er dyre som dei plar vera. Før kunde du ha fått eit, men da hadde du ikkje brukt det.

– Men du kjente da ho Dåret bedre enn eg gjer? sa Hans.

– Vil du som eg, sa Tosten, så spør vi a Ane-Marta kva vi skal finne på. *Ho* kjente henne.

Dei så gjorde, og Ane-Marta ho sa at dei skulde bli med Hans Jørnsa heim båe to, så trudde ho mest at resten greidde seg opp sjøl. På vegen fortalte han om molda ho hadde henta.

[63] – Veit det før, sa Ane-Marta. Det var just den eg tenkte på. Ho skal hjelpe dykk ein gong til.

Dei kom inn i stua alle tre, der Dåret sat på senga. Ho var rolig no, kunde vera det takomtil, men det såg ikkje ut til ho kjente dem. Da sa Ane-Marta:

– Her kjem vi med mannen din. Han har vore hoss oss og fortalt at han trur deg. Han har snakka med mannen min, han veit alt i hop no. Hører du kva eg seier, Dåret?

– Ja eg hører deg mest, du sitt oppi fjelle og lét stygt åt meg, sa ho. Men eg er ikkje redd, same kor mørkt det er, for eg har *det gode* med meg, eg er ikkje redd nokon ein lenger. Eg betalte for molda. Eg vann! eg vann!

Ane-Marta tok handa hennar og sa: – No skal 'n Hans, mannen din, til kirkegaren og gi att molda du lånte. Det blir ein lang<sup>n1</sup> veg for han som berre har ein fot. Og ei svart natt er det.

Da reiste Dåret seg, og til å sjå seg i kring i stua. Dei spurte kva ho såg etter.

– Eg veit ikkje kor det vart tå ytterplagga mine? undrast ho.

Ja kva vilde ho med dem?

– Eg må bli med han, svara ho

Ho fann fram plagg og anna, kofta og stortørklæe til slut; ho fann fram posen med molda. Dei andre venta så dei sveitta, for no måtte det skje einkvart. Ho kom og tok Hans i handa og vilde gå. Og rett nok: Da dei stod på gonga, [64] såg ho frå den eine til den andre og kjente att dem. Ho såg på posen, og ho såg på mannen sin. Ho smilte forundra og sa:

– Er det virkelig så at eg har vore ute og gått med den her da?

Ja, det var da det.

– Ja, eg minnes det no, sa ho. Og god vart du, Hans? Og no er det overstått, og no trur du meg? spurte ho.

– Ja, og no skal *du* tru *meg!* sa Hans Jørnsa.

Enno eit tak stod ho og såg på dem. Så bar det i gråten med henne. Dei let henne ha si tid med det. Det var einkvart som måtte ut.

– Skal eg virkelig tru det her da? sa ho, ho såg på dem att. Og litt etter vart ho enda lysare i andlete, og sa: Men da har vi ingen ting å gjera på kirkegaren i natt – vi kan da ikkje gå ifrå litleguten vår? Og molda den har dei gitt meg; vi bytta og vart forlikt.

Dei måtte sanne med henne i det. Ane-Marta fekk henne til sengs att, og da sov ho seg frisk.

Hans Jørnsa var ikkje heilt ut til freds før han hadde vore på kirkegaren med molda til Håbergmannen, for det skulde ha vore ein strivoren kar i sine dager. – Når alt anna er som det skal vera, så skal heller ikkje det vera i vegen, sa han. Han gjorde seg erend der framom ein dagen, og var innom og tømte posen på gravtuva så

ingen såg det. – Og takk dertil, både frå a Dåret og [65] meg! sa han. Så var alt som det skulde vera. Dei levde lykkelig og lenge saman, og fekk mange born; men ingen med lyst h r meir.

– – – Og l ra er den,  sel, og de andre med, at ein skal akte seg for kvith ringen, n r ein ikkje er lyslett sj l og er gift med ein som er m rkd emd, lo Anders. Ja, ein kunde l re det  g, at i gamle dagar var ikkje tankane tollfrie, la han til.

# Søster

[69] Ein annan gong fortalte Anders:

I gamle dagar ein gong satt det ein mann på Ommundstranda som heitte *Sevald Strand*. Strand-slekta var gammal der på garen. Sevald var ein kakse til kar, og ein framifrå-kar i mest all ting. Han hadde vore på lensmannskontore med han var ung, for det var store ting kor han kunde lesa og skrive, det låg til den slekta, og i kongens-tenesta hadde han vore høgt oppi det. Han kom høgt oppi det i bygda òg, han vart lensmann. Snildare kar enn han råkete du ikkje, sa folk, men han skulde vera stri som nordavinden når han hadde sett seg einkvart for.

Han gjekk ugift i lang tid, folk skjønna ikkje korles det hadde seg. Han var ikkje andletsvakker, alt anna enn det, men Ommundstranda var mykje til gar den tida, og pengar hadde han ståande i gode garar både her og der, dei såg ikkje ublidt etter han, kvinnfolka. Endelig vart han da gift, og tidsnok gift, som de skal få høre.

Mannen i Vika den tida heitte *Ola Ravaldson*. Det var velbergandes folk i Vika da som no, og Ola Ravaldson var ein akta mann i bygda og velkommen millom dei likaste. Han var enkemann, [70] med to sønner og to døtter. Det er om dei to døtterne denne stubben går.

Den eldste av dem heitte *Valborg*, ho var den vakraste. Ho var så lys i hår og hold at det gjekk ord om det, og så lys og lett alt med seg. Den andre heitte Beret.<sup>12</sup> Ho òg var ei vakker og staut gjente. Det var slik venskap på dei to søsterne, dei kunde lite og ikkje vera frå einannan. Ola Ravaldson pla seie, når det leid ut i gjestebode: Dei to gutane mine er det ikkje stort om, dei er ikkje slik *eg* vilde ha dem. Men eg har to døtter, dem har eg tru på. Eg vil sjå meg for, før eg slepper dem utor handa. Verst dei er så *for* einannan, eg må gifte dem bort til same garen.

Da Valborg var tjuge år stedde faren henne bort til prestgaren, ho skulde vera kjøkentaus der. – Ein lyt sjå fram, sa han; ho har ikkje vondt av å lære litegrand. Ho skulde vera der eit år, og så skulde Beret ta romme etter henne, var tanken. Det var langt frå prestgaren til Vika, men Valborg måtte heim ein kveld i kvart ottedags-mot, og Beret måtte sjå aust til henne mest likså ofte. Men da det leid på,

kom Valborg sjeldnare heim. Beret fann snart ut at det var ikkje vegen heim som hadde vorte lenger for søstra, det hadde komme ein stein i vegen.

Det budde ein ung mann i prestgaren, den sommaren, ein av folke til presten eller frua, han var studerande mann og skulde bli noko høgt med tida. Beret vart både redd og glad, for ho såg [71] det var han som hadde komme imillom, ho såg at søstra og han hadde eit godt auge til einannan. Ho spurte Valborg ein kvelden korles det *var*. Valborg berre lo, men lykkelig var ho. – Men trur du verkeleg du får han da? spurte Beret. – Det er umulig, men eg trur det hender like vel, svara Valborg. – Da skulde eg både hoppe og danse, sa Beret. Men eg er redd det går opp i blå røyk, sa ho. Valborg svara: Kvifor kan vi ikkje heller tru det beste?

Da hausten kom, fór studenten sørover til byen att; som det var det ikkje noko rart i.

Men ein kvelden utpå vinteren kom Valborg heim og vart sittande bortgitt nedi kråa. Det tok tid før Berit kom seg til å snakke til henne, det vart ikkje før dei var to-eina i stua; da sa ho så vakkert ho kunde det:

– Har du slept trua no, søster?

Valborg gav ikkje svar. Beret vart på gråten. – Men enda er eg glad, sa ho. Eg er glad at det kom så snart. For eg visste det skjer så sjelden, det som er umulig, ein skulde aldri tru på det. Det må vel gå an å glømme ein mann som ein glømmer alt anna? sa ho.

Valborg sat som ho hadde sitte. Beret spurte om ho ikkje kunde bli heime nokre dagar? ho spurte om både eitt og anna. Ho tok bortpå andlete hennar. Det var kaldt, som ho tok på ein nåe.<sup>43</sup> Ho glømte aldri det, fortalte ho sia. – Da [72] visste eg alt, det var som golve vart borte under meg, pla ho seie når ho snakka om det. Eg visste alt om a Valborg, eg som ikkje visste noko om slikt – eg undrast om det var så at eg var til. Eg fekk ikkje fram eit ord.

– Ja no veit du det, sa Valborg. Og no er eg jaga frå prestgaren, og no jagar han far meg heimafrå. Og det kan bli det same for meg.

– Men ikkje for oss, sa Beret. No kan likså snart eg laupe utor bygda som du.

Valborg sa: Du kan gjerne skjenne på meg, det gjer berre godt!

– Og det der er du? ropa Beret. – At eg skal ha ei søster som er eit *svin!* ropa ho.

– Du veit ikkje kva du seier, sa Valborg. Det skulde ha vore usagt det du sa no. Men no fekk eg mote til å fortale han far korles det er med meg. Og så går eg borti plassane ein staden og er i natt.

Beret svara ikkje, ho seig i hop borti benken og storgret. Ho kava og slo etter søstra, ho kom og vilde stryke henne over håre før ho gjekk. Beret fortalte det sia: – Da eg hadde kalla henne eit svin, da var ho det for meg i same stunda, og ansles vart det ikkje på lenge. Eg tålte ikkje å sjå henne, eg tålte ikkje å ha henne i tanken.

Korles Ola Ravaldson tok det med det same, er det ikkje fortalt noko om. Valborg var nedi nauste og fann han; dei var to-saman der. Men [73] han var til presten dagen etter. Han kom så stor og truskyldig som han var, spurde når det skulde bli bryllop. Han visste ikkje rettare enn at presten og han var jamgode karar, og dei to ungdommane slikt slag. Presten fortalte han noko anna; det var spilder nytt for han Ola Ravaldson: Det var skam å nemne giftarmål millom studert mann og ei bondegjente, millom stort folk og smått folk. – No har eg hørt det òg, sa Ola. Han vart harm på slutten, og skreiv reint til både prest og anna studert folk. Dei sa han gjekk gråtande heim.

Valborg gjekk til ein av Håbergplassane, til Breistranda, for kona der hadde tent i Vika og heldt så av Valborg. Ho vart der, og der kom barne til. Som vel var levde det ikkje lenge; men skamma sat på Valborg; det gjekk så vidt at det kom ein tussuladd utor plassane og fria til henne. Først tredje åre etter kom Ola Ravaldson og bad henne flytte heim. – Det får du gjera, sa han, det blir det likaste både for deg og oss. Da gror det glømsel over det litt etter kvart, sa han. Det gror da rur på såre og mose på steinen, så gror vel det her òg; men skal du sitte her i plassen, da blir det aldri ansles.

Valborg flytta heim. Men da var Beret gift. Ho hadde vorte gift med ein gasta kar, med sjølvge garguten på Bjørland, han heitte *Hall*. Valborg hadde ho godtsom ikkje nemnt i all den tid. No kom ho heim og snakka med henne.

[74] – No vil eg vi skal vera søster og venner som før, sa ho. Eg står ikkje ut det som det no er.

– Ja meiner du det nyttar da? sa Valborg.

– Ja, eg har tilgitt deg, søster, sa Beret.

Da lo Valborg, og sa: – Når du seier du har tilgitt meg, da sitt det att ein tagg enno. Da ser du ned på meg, og det har du rett til; men eg tåler det ikkje, eg er for glad i

deg til det.

Beret sa ikkje noko meir, men ho gret da ho sa farvel. Det var ikkje ofte dei to søsterne såg einannan etter den dagen. Det var ikkje ofte dei var utor tankane på einannan heller.

Det var ei langsam tid for Valborg, ho var lang som uvêrsnatta; men litt om senn bar det da oppetter. Ho var like vakker som ho hadde vore, og hadde same lage til å klæ seg og føre seg, ho gjekk til kirka utan å blunke for nokon ein. Tungsinne seig av henne, ho slo seg med ungdommen rett som det var, dansa og dreiv ap som i gamle dagar; og velkommi i lage var ho. Det kom ingen plassgut og fria åt henne oftare, ho heldt seg så god at det var få andre som våga seg fram. Det var ikkje ei uferd ho hadde fare, det var tvert om med det, var det likt til.

Ein gong på haustmarknaen kom Sevald Strand og Ola Ravaldson i snakk, og leid på litt, spurte Ommundstrand-mannen om ikkje Ola kunde seie han av ei skikkelig taus til å styre huse for han.

– Eg veit om ei, sa Ola Ravaldson, men eg [75] veit ikkje om ho vil ste seg bort, og ikkje om du vil ha henne heller. Du er kanskje redd folksnakke, sa han.

Sevald spurte kven det var, og Ola sa at det var dotra hans, ho Valborg. – Du får ikkje kvinnfolk i ditt hus med slikt handlag, sa han, og *ho* må da vera stø nok som har rent seg bort i ulenda og sett seg slik fast. Er det hjelp i røynsla, så skulde ho vera godt hjelpt, sa han. Men, som sagt: du er kanskje redd folksnakke?

Drukke litt hadde dei baa to, og der var fleire til stades. Sevald slo flathanda i borde og sa:

– Folksnakk gir eg meg ein god dag om. Eg trudde ikkje folk heldt meg for *den*. Men det kjem for meg at du har ein tanke under når du byd fram dotra di slik. Det var ikkje kjerringemne eg var i beit for. Eg trudde ikkje folk heldt meg for *den*, lét han.

Da vart Ola Ravaldson grå i andlete. Han såg seg rundt på mann for mann, men han sa ikkje orde.

– Du skal ikkje vera fortryten for eit lite ord slik i marknaen, Ola Ravaldson, sa Sevald. Deg vilde eg mindre gi eit snei-ord enn nokon annan, for eg veit du har havt bør nok å bera. Eg fester gjenta til taus med ein gong, det er ikkje meir med det.

Alle ropa dei at slik skulde det vera, og slikt kunde ein vente av han Sevald Strand.

– For eg giftar meg ikkje, sa Sevald Strand.

[76] – Det var rett! ropa dei. – Og gift kan du vera før du får verje auga, sa ein.

I det same kom Valborg inn i lossemente, for ho var med på marknaen. Ho hørte kva dei hadde vorte einige om, og lo til det, – dei hadde visst glømt å spørre henne, sa ho.

– Ja men no spør eg deg, sa Sevald Strand.

– Da veit De visst ikkje kven eg er? sa ho.

– Jau det veit eg, svara han. Og ikkje skjemmes eg av å ha deg i huse for det.

Ho snudde seg til far sin, ho lo slikt slag; ho spurte om dei endelig vilde vera fri henne heime.

– Nei, gud-velsigne deg ban! sa Ola Ravaldson. Men du skal ut ein vending enno, har eg tenkt. Du skal ut og komma heim att med æra ein gong, sa han.

– Ja, men eg ste meg ikkje for ei armod's tausløn, sa ho til Sevald.

Sevald Strand retta seg bein, og svara at ho skulde få den lønna han tykte ho fortente, var ho nøgd med det?

Ja, det skulde ho vera nøgd med.

Slik kom Valborg til Ommundstranda og stod huse for hoss sjølve Sevald Strand, lensmannen i bygda. Ho tok mot øvrigheita, enten det var til ting eller gjestbod, det hadde aldri vore grommare i lensmanns-garen enn no. Sevald Strand fekk mykje vellæte for det. Dei sa det, både for [77] spøk og ålvor, at lensmannen deira hadde vorte oppnya.

Det gjekk vel så eit år. Da fór lensmannen til futen ein dagen og snakka med han på tomanns-hand. Kva han rådspurte han om, visste ingen enda, men dei kom snart etter det, for ikkje lenge etter flytta Valborg heim, og lensmannen sjøl var med og skyssa henne; han vart lenge i Vika. Sundagen etter vart det lyst for lensmann Sevald Strand og Valborg Olsdotter Vik. Det vart fortalt, at Vika-mannen bad lensmannen tenke seg om tre gonger før han la i veg med dette, for aldri hadde han tenkt seg så høgt med dotter si. Lensmannen svara at det hadde han alt gjort, og dertil så var det for seint å snu. Gjenta skulde ikkje komma i ulykka ein gong til, han var ikkje den mannen. – Men eg trudde ikkje da eg festa henne til taus, at eg

var så ung og galen, sa han. – Det er godt det finns større folk til enn dei i prestgaren, svara Ola Ravaldson. Det tok på han så han fekk tårane i auga. Valborg hadde fått den lønna ho fortente.

Og som folk sa: dei dundra i veg med bryllup og fullt giftarmål. Men dei sa seg imillom at gjenta måtte ha eit særskilt lag, når ho kunde gjera villt av så stø ein mann som Sevald Strand. Det same sa Beret, søster hennar. Sia sa dei det som verre var: at enten hadde ho narra seg sjøl, eller så hadde ho narra han, for noko barn vart [78] det ikkje å høre om på Ommundstranda. – Eg hadde rett ikkje trudd slikt om a Valborg, sa Beret.

Valborg lo til alt ho hørte om dei ting, men da ho hørte kva søstra hadde sagt, vart ho både bleik og langlett. Ho sa med den som fortalte det:

– Ho Beret har ikkje venta seg stort av meg, men det der hadde heller ikkje eg venta meg av henne. Ho spakna vel når ho fekk litegrand motgang, sa ho.

Lensmannen hørte ikkje noko og sa ikkje noko; han var ung og fornøgd så det skjein av han. Han var utor von og vett glad i kona si. Dei som såg henne undrast heller ikkje på det. Men det var ikkje lenge etter, så sa han opp pengane sine i Bjørland. Hall Bjørland hadde løyst ut søskena sine etter ein høg takst og sat i skyld, og lensmannen skyldte han mest. Han kunde ikkje tru lensmannen vilde drive han frå garen, dei var da mågar i same huse og vel forlikte; han fór til Ommundstranda. Men der råkete han berre Valborg første venda, og ho lest som ho ingen ting hadde med det. Han var der ein gong til, og gjekk på lensmannen og bad tynnt for seg, og det hørtes ikkje reint umulig ut; men nokon lovna fór han ikkje heim med. Da tok Beret på seg og fór dit. Ho snakka med søstra. Men ho skjønna snart at det var som ho frykta, at det var frå henne det kom. Valborg sette hendene i sida og sa:

– I din stad vilde eg ikkje bryte meg så små [79] som du gjer no, Beret. Du skulde sette deg på den høge hesten og sjå ned på meg, som du har gjort hittil.

Beret mykte seg enda meir, men Valborg gjekk beint ifrå henne, og lensmannen var heller ikkje å få snakke med. Ho måtte snu heim som ho kom.

Ola Ravaldson var død ved den tida, og sonen hadde teke garen. Det vart ikkje mange skillingane på dei andre, ikkje noko som hjelpte Beret og Hall. Men slektingar og snildt folk hjelpte dem til ein ny gar; dei kjøpte Grønsetvika. Det gjekk eit år eller to, så syntte det seg at det var lensmannen dei hadde med å gjera

der òg. Han hadde kjøpt skyldbreve, og dreiv dem derifrå. Dei bad ikkje for seg denne gongen.

Men ei garmanns-kone sa med Valborg, at på den måten det no gjekk, kom all bygda til å halde med Beret. – Men deg ser dei snart ned på, sa ho; det var eit uforfæld kvinnfolk.

Valborg lo, og svara at det visste ho før. – Og var ikkje dei slik, så var heller ikkje eg det, sa ho. Det er vondt å elske den ein blir hata av; ein kan bli nøydd til mangt da, la ho til.

Det bar ikkje likare til enn at Hall og Beret måtte bygsle ein plass under Finnstad. Dei visste ikkje at lensmannen åtte den garen òg; dei visste det ikkje før han slo Finnstad og Ommundstranda i hop. Valborg sa det med einkvan: – Det er ikkje noko eg meir har ønska enn at Beret skulde [80] komma hitover, det er reint som Vårherre har hjelpt meg. Eg skal bli ei rimelig garkjerring imot plassfolke mitt. Lett bygsel skal dei få, og dei skal ikkje lide nød i Brekka, – det var så plassen heitte.

Beret hadde mange småkarar, og romme var ikkje rart, så det vart så nær sveltihel for dem som det kunde. Beret bad ikkje garfolke om hjelp, ho gjekk heller annanstads, og folk var utrulig godhjarta imot henne, enda det var ei trong tid både for garfolk og andre. Valborg hørte om det, og blidare vart ho ikkje for det. – Ho veit kven det gjer vondt, sa ho.

Det hendte seg i dei tider, at fattigfolk leita seg til gars og stal mat. Den vinteren, ei natt, vart det stole i bure på sjølve lensmanns-garen; det var ikkje lite heller. Mest alle karfolka var på fiskja. Dei gissa på både den og den, og viste det frå seg att, men sjøvegen måtte han ha komme, det synte merke etter det. – Nokon stor kar kunde det ikkje ha vore, sa dei, for han hadde krype opp gjennom ein liten lem i burssvala, det var armelig ein smågut kunde smyge opp der; det var ein merkelig stulder.

Ein dagen kollsegilde lensmannskyssen på fjorden utfor Brekka. Hall var i være, og Beret var åleine heime med ungane. Ho sette ut færingen og rodde ut imot nordavinds-stormen, ho rodde og auste og sleit seg mest ut. Før ho nådde fram, kom det båt ut frå andre lande og berga lensmannen [81] og dei andre på kolve, og dei måtte berge Beret med, ho heldt på og sakk. – Da Valborg fekk høre det, sa ho: No får folk det å seie, at ho Beret våga live for fiendsmannen. Ho veit å skaffe seg overtake. Og kjem ho hit som eit anna menneske, så skal det ikkje stå på meg at vi blir venner att. Men Beret kom ikkje.

Om sommaren, i høyonna, var både Hall og Beret på Ommundstranda og arbeidde plikten for romme. Dei gjorde det frå seg på to dagar, og borna hadde dei med seg. Dei høya borti utengane om ettermiddagen. Valborg og kjøkentausa bar ut nonsmaten til dem, det var for heftesamt for mannhusingen å gå heim til gars. Beret gjekk vekk da Valborg kom, ho var ikkje godtil å sjå søstra. Valborg såg dit ho stod og tukla med reive-ungen, dei såg kor ho kvitna i andlete. Da seier ein av husmennene: Jaså, de har att litt mat i huse enda hoss lensmannen?

Valborg såg enda ein gong etter søstra, så sa ho:

– Å ja da. Dei kunde gjerne ha forsynt seg med ein bette til, dei som var ute og naska. Er det den som eg meiner, så skal det vera henne vel unt. Enda eg heller vil gi bort enn bli stole ifrå. Den treng ikkje rømme for meg, som har *bedt* meg om eit matmål.

Folk vart ille ved. Dei såg på kvarandre, og frå Valborg til Beret. Beret hadde gråna over alt andlete, det var knapt at ho stod såg dei. [82] Valborg sette frå seg koppane og gjekk heim att. Hall reiste seg og gjekk bort til Beret. Snudde seg så til dei andre, og sa:

– Er det nokon her som held a Beret for tjuven?

– Nei, var det likt, det var det skamligaste dei hadde hørt, let dei; men dei bad han tie still med det, dei vilde ikkje bite seg ut med lensmanns-folke, og dei kunde ikkje tru Valborg meinte det ho sa heller. Dei var husmanns-folk alle i hop.

Men Beret tok minstebarne og skjangla av heim til Brekka. Ho var ikkje god til noko på lang tid. – At det skal finnast slik vondskap i verda? sa ho til alle som snakka med henne. Dei trudde den tanken tærde henne reint opp.

Lensmannen hadde rådd seg ein hund etter tjuverie, dei kalla han Lurv. Det var den styggaste hundskapna folk hadde set, det var som dei såg han Svartpil sjøl, tykte dei. Han hadde ull på kroppen, lang raudgrå ull som lufsa ikring han og gjømte både andlet og føter; men inni ragge kunde dei sjå det glødde i auga på han, og dei var utrivelig raude i leten. Den hunden hadde meir enn manns-vett, og styggsterk var han dertil. Vond var han ikkje, gjorde ikkje katten eit pek ein gong, han gjekk berre rundt husa og luska, eller låg på lur nokonstads – folk var livande redd han nattens tid. Kom der nokon til [83] gars etter folke hadde lagt seg, gjekk han gjerne bortunder stuevindauga og gav frå seg eit illæte, og da måtte lensmannen opp og sjå ut.

Ei svart natt utpå hausten vakna lensmannen med at han hørte hunden, og stal seg opp, han var så redd han skulde vekke kona. Men ho hadde hørt han, og bad han legge seg att. – Du kan vera trygg for at han Lurv held farkane frå garen, sa ho. Gjekk så lensmannen og la seg att.

Men dei sov dårlig båe to, dei syntes høre både eitt og anna, og straks det gråna av dagen i glase stod dei opp. Lensmannen steig opp først, og gjekk ut, og Valborg etter. Hunden såg dei ikkje noko til. Dei fann han bortpå låven, han låg og heldt eit kvinnfolk under seg. Det var ho Beret. Dei trudde ikkje auga sine. Ho var ifrå seg. Dei trudde først ho var død, for hunden hadde skamfare henne både i halsen og på hendene. Ho hadde øks attmed seg, hadde enda vore borti hunden med den så han blødde i kjeften, men i eine handa hadde ho gloskuffa full tå kol, ho hadde komme med glør til gars.

Ho hadde tenkt å drepa hunden og sette varme på garen.

Lensmannen tagde mur still, slik han gjorde når harmen tok han. Dei løfta Beret millom seg og bar henne inn. – Den her vegen, sa Valborg, og så bar dei henne inn i stua og la henne på deira eiga seng.

[84] – Slikt eit udyr! sa lensmannen.

– Ja, det er eit udyr til hund, sa Valborg.

Kjøkentausa var alt oppe, og hørte det. Så sa ikkje lensmannen meir, og ikkje Valborg heller. Men til tausa fortalte ho at hunden hadde teke på Beret bortpå vegen og hadde nær gjort åt med henne, det *var* eit udyr til hund.

Da Beret kom til seg, sat Valborg på senggavlen hoss henne og gret og heldt i handa hennar. Beret vart verande der heile dagen, og Valborg vart sittande attmed henne for det meste. Om dei talast ved, er det ingen som veit. Lensmannen gjekk ut og inn, det var knapt ein fekk ord av han. Med kvart stana han og såg på kona si. Utpå ettermiddagen kom Hall dit, han hadde fare og leita etter Beret alle stads. Da braut det ut av lensmannen, så alle i huse hørte det:

– Her ligg kjerringa di, og når ho kjem seg så vidt, så skal ho på tukthuse! Han fortalte korles dei hadde funne henne.

Hall vart ifrå seg. Han slo i borde til lensmannen, fortalte han at det var han og Valborg som var skyld i det, dei hadde drive henne ifrå hus og heim gong etter gong, og no hadde dei drive henne frå vette, dei vilde drive henne på tukthuse til

slut. Men den dagen det skjedde, skulde det hende stygge ting, og dei kunde takke seg sjøl for det.

Lensmannen hogg i han og vilde hive han ut, [85] vilde sette han fast for orda hans, men da var Valborg der og heldt handa på han. Det vart som ho vilde: han Hall fekk gå sin veg i fred.

Valborg hadde vorte eit anna menneske. Ho vaka over søstra til ho var god att, stelte med henne som det var eit litebarn; ho gret og tagg henne om tilgiving. Dei gret baa to. Dei vart forlikte og lova einannan å halde i hop som i gamle dagar.

Den dagen Beret skulde heim att, kom Hall dit på nytt. Han kom stillferdelig den gongen, var mest ikkje attkjennande: Han tok på seg all skylda. Det var han som hadde talt Beret til det, han hadde både lokka og drege henne, og ifrå seg som ho var, hadde han fått henne på trua og i veg. Han bad lensmannen sette seg fast med det same og sleppe Beret heim. Men lensmannen vilde ikkje tru han.

– Du *skal* tru han! sa Valborg.

– Ja vel, sa lensmannen, men da skal dei gjera ferda til tukthuse i lag.

– Du er ikkje så hard ein mann? sa Hall.

– Hald kjeften din! skreik lensmannen og slo han for munnen så blode sprang.

Valborg la seg borti det att, ho bad mannen sin bruke vette og fara som folk. Men den gongen vilde han ikkje lystre henne heller, han var så vill han knustra ein stol mot golve.

– Og du, ropa han til Valborg, du som har [86] taumkjørt meg både hit og dit, som har fått meg til å gjera alt vondt du vilde – – eg kunde rive ned stua utover deg!

Valborg fall på kne framfor han midt i folksyna. Ho tilstod ho hadde fare gale fram. Henne kunde han straffe som han lysta, det gjorde ingenting, no når ho hadde fått att søster si, men for henne, for Beret, bad ho om nåde, og for mannen hennar med. Sevald Strand mjukna med det same, slik makt hadde Valborg over han, men så fór embetsmannen i han, og da var han ikkje å rikke lenger: Dei skulde i arresten med ein gong. Han kalla til seg drengen og fekk det gjort; så bar det til futen med dem. Dei måtte bruke makt for å skille Valborg frå Beret da dei fór.

Det hadde leita hardt innpå Valborg, men det vart tyngre for lensmannen, så tungt enda at han måtte til sengs. Han heldt på og skulde stryke med straks. Årelataren

kom og hogg opp ei åre på han og kopparkjerringa kom med koppane sine og saug blod av han, men det hjelpte lite og inkje, blode hadde sett til hovude og hjarte på han. Han *vart* liggande. Snakke kunde han ikkje meir.

Valborg gjekk i djupe tankar. Dei meinte ho var ikkje fullt med seg sjøl. Ho såg til han og stelte med han når det trongs, og heldt huse og garen i gang, men ho var langt bort ifrå alt i hop.

Hall og Beret tilstod skylda si og vart dømt tålig snart. Det vart fleire års tukthus.

[87] – Og han Hall er blå uskyldig! sa Valborg da ho hørte om det. Det er meir enn eg kunde ha gjort for maken min. Og da skulde ein ingen make ha, sa ho, og ho lo til, slik ho hadde for vane når einkvart pinte henne.

Den natta døde lensmannen. Dagen etter fór Valborg med 3 man i skyss til futen. Ho gav opp at ho hadde teke live av mannen sin: ho hadde klemt han i hel med fingrane. Ho stod han ikkje ut lenger, sa ho. Ho hadde seld seg til han for å vinne over søstra, og no vilde ho følge søstra i straff og vanære.

Futen sette henne fast, han trudde det ho sa. Men sia drog det etter seg, at han skulde forhøre henne litt meir, det kunde ikkje henge slik i hop. Han tok henne med utover og såg på like, i lag med kunnigt folk. Ho snakka imot seg sjøl fleire gonger, og på slutten kom det fram at ho berre hadde klemt att auga på han da dei heldt på og breste: ho hadde klemt av all si makt. – Eg syntes da eg tynte han? sa ho. Og gjerast måtte det, la ho til.

Ho vart dømd fri. Ho flytta til Brekka og tok til seg søsterborna sine, som var sett bort på bygda. Ho var ei god mor for dem.

Men ho bar ikkje bora si. Åre etter stal ho seg heimafrå og gjekk på sin fot til stiftsstad, der Beret sat fast. Ho vart der til Beret og Hall hadde sona frå seg; dei slapp ut same dagen. Ho hadde set til Beret så tidt det let seg gjera.

[88] Valborg døde i heimvegen. Da hadde ho alt ordna det slik at dei to skulde ha garen og alt som etter henne var. Dei levde lenge etter.

Dei hadde det orde i bygda ei tid, at skulde ein dømme Valborg, så måtte ein vera Valborg. Skulde ein hate som ho, måtte ein elske som ho.

# Gisken Larsdotter

[91] Det var lenge før mi tid, fortalte Anders, eg minns han farfar sa det var i gamle dagar.

Dei hadde ein prest i bygda som vart enkemann andre gongen. Det kunde ikkje vera stort til prest, etter som han vart verande der i bygda, for han var så gammal han skulde ha vore sør i lande, i eit stort kall, og vorte *fødd i hel*, slik som skikken var. Men det var mykje til snild mann, folk sa det budde ikkje anna enn godt i han; og ein stor og staut mann var det, rettelig ein mann å sjå til. Da han vart enkemann andre gongen, var han over 60 år, han var snø kvit i hår og skjegg, men enda var han kvit og raud i hamleten som berre ungdommen. Med første kona si hadde han havt fleire born, men dei var vaksne alt og hadde fare sin veg. Med den andre hadde han ei dotter, og ho døde ung.

Det gjekk ikkje lang tida, så tok han til å sjå seg om etter nytt gifte. Folk heldt med han i det. Men denne gongen vilde han ha ei garmannsdotter; – det er friskaste folke det, sa han. Eg har både døypt dem og konfirmert dem, eg ber dem i hjarte som gull, sa han. Berre Gud Herren [92] vilde vende henne til meg som er den rette, la han til, for det var ein gudsmann all igjenom, om han hadde tungt for seg i bøkene og på stolen.

Mang ein bra mann i bygda hørte det presten sa, og la seg det på minne. Dei hadde giftandes døtter nokon kvar, og dei unte presten sin alt godt.

I Mikkalsgaren på Vennestad budde det den tida ein mann som heitte *Lars Mikkalson*. Han var ingen storgarsmann, og ingen gauve til kar på noko vis, men han hadde vorte godt gift, hadde vore nord i lande og fått ei skippardotter av dei grommaste, det var enda dem som meinte ho var dottra til sjølve handelsmannen ein staden. Ho heitte *Tale*. Ho var stor på det all sin dag, kunde aldri få til anna enn at folk gjorde henne urett når dei heldt henne for ei vanlig garkjerring; men ho styrde huse sitt både godt og gjævt, det gjekk ord om det. Dei hadde to sønner, som var kjempekarar og vidfarande, og ei dotter; ho heitte *Gisken*. At ho var av frammandfolk på morsida, kunde kvar ein sjå: ho hadde mørke auga og var høg og grann, og hovude bar ho høgare enn noko anna gjente i bygda; dertil hadde ho så

vakkert mål til å synge. Det var store ting når *ho* slo seg med og var lystig. Ho var hjartans god av seg, men ho var aldri den at dei kom henne større nær. Og kom det ein friar på loftet til henne ei laurdagsnatt, så møtte han brørne hennar. – Er det noko du leitar etter? sa dei gjernast. – Er det [93] meg du vilde råke? Ein gong hivde dei kammeraten sin, granneguten, handlaust nedgjenom troppa, han var litt på mote og vilde ikkje frå senga hennar. Dagen etter var dei elles like godt forlikte, *dei*.

Den guten heitte *Eilert* og var frå andre Vennestadgaren. Marit, mor hans, var skyld med Lars Mikkalson, og det var hennar meining at Eilert og Gisken skulde bli eit par. Gisken lo når dei nemnte det; ho sa gjerne: Det blir no ei sak millom 'n Eilert og meg, når tida kjem. Visst ho kjem da, la ho til. Dei kom seg aldri til å spørre henne meir enn så, men dei såg at Eilert var den einaste av ungdommane ho gav seg om. Kva ho såg på han var det ingen som skjønna, for han var ein bjønn å sjå til, og lite for seg i all si ferd.

Ved den tida var det presten heldt på og såg seg rundt i gjenteflokken. Dei var gilde gjenter mange av dem, tykte han, men ingen kunde hamle opp med Gisken Larsdotter på Vennestad. Auga hans lyste over henne når ho gjekk kirkegolve fram, og når ho sat i stolen med han prekte. Dei andre gjentene slo auga ned for presten. Gisken ho slo sine opp. Presten hadde aldri prekt som han gjorde den tida, det var reint ein lyst og ei tidkort å høre på han; og Gisken hadde aldri gått så flittig i kirke som da. Dei gjekk flittig alle gjentene.

Ein dagen går grannekona, ho Marit, bort og snakkar med Tale i Mikkalsgaren. Ho var av [94] dem som har lett for å bera opp målemne. Ho sa det slik:

– Vi har vore einige, du og eg, at det skulde bli 'n Eilert og a Giskn; eg veit du skiftar ikkje sinn så brått. Eg veit det òg, at du nøyder ikkje dotter di til å ta ein mann som er henne imot, og det held eg med deg i. Men tida går, og som både du og eg har set, så har dei eit godt auge til einannan. Skulde vi ikkje snart ta oss til og få det i stand?

Tale la hendene i kors og sa, at det kunde vera noko i det Marit hadde sagt. – Men enno kan vi vel gi dem eit år? sa ho.

Marit tenkte seg om. Så sa ho: Det kan eg alltid gå med på. Eg sett det i di hand, Tale. Berre eitt vil eg seie deg: du let ikkje presten få tak i henne!

Da lo Tale. – Eg veit ikkje av, sa ho, at presten har gått henne for nær hittil, og ikkje er det å vente heller at han forser seg på ei bondegjente, om ho ikkje er så heilt ut

bondegjente som folk vil ha det til. Og kor det no er eller ikkje med det, så held vi oss til det du og eg vart einige om her i sta, at dei får områ seg og vera frie eit år til.

– Det ikkje du har set, det har eg set, sa Marit, ho reiste seg og gjekk til døra. Eg trur ikkje presten har meir vett enn ein annan mann i hans alder: at han gjerne vil ha ei ung og vakker gjente attmed seg i senga. Men det held du dottra [95] di for god til, Tale, å vera sengvarme for ein gammal tannlausing?

Tale reiste seg òg. Ho var blodraud der ho stod.

– No veit eg kvifor du kom, sa ho. Men det vil eg seie deg, Marit, at nokon kommando lystrar eg ikkje. Eg trur ho Gisken veit det sjøl kor ho høver best, enten i prestgaren eller borti ein vanlig bondegar; og lite nyttar det visst for meg og deg å vike henne.

Marit svara: Eg hører no korles det står til. Det var som eg frykta; eg har ikkje misskjent deg stort. Men det skal du vita, at for ingen ting skal ikkje dotter di gi sonen min det såre, om så gale ber til, no kan du tenke deg om!

Dei skildest uvenner, og det vart langt millom grannegarane etter den dagen.

Ikkje lang tida etter kom presten riande til Mikkalsgaren på Vennestad. Han vart der lenge. Kva som tala vart, spurte ingen, men den tidna gjekk i bygda, at presten hadde fria til Gisken og reid heim med ja-ord.

Straks etter bad dei Gisken til dans i grannelage, men ho sa nei. Likevel kom ho til dansen, og dansa gjorde ho lystigare enn nokon gong før; og mest dansa ho med Eilert. Og dei to vart i følge heim. Dagen etter stod ikkje Eilert opp; han låg nedfor i 3 døgn.

Mor hans reiste over fjorden, ho hadde skyldfolk der, og det vart fortalt ho var hoss ei klok [96] kone der nokonstads og spurte råd for sonen. Andre fortalte ho var hoss ein gannfinn, som hadde hytta si der den sommaren, så det var knapt for det gode ho var ute og fór.

Men i Mikkalsgaren gjekk det stort for seg, slik det gjorde når stort folk festa seg møy før i tida. Presten kom med to gasta karar riande, og Lars Mikkalson hadde bedt til seg fleire av slekta. Dei heldt eit gilde som ikkje var lite, og det var ikkje små gaver brura fekk. Det vart fortalt at mora sa til Gisken:

– Enno er det tid å snu, er det så du angrar deg.

– Nei, no er det for seint å snu! svara Gisken og lo.

– Folk vil seie det, sa Tale, at det er vi foreldra dine som har talt deg til dette, og det kan eg ikkje nekte, at eg har ønska det skulde gå som det no har gjort. Men ikkje skal dei, og ikkje skal du, seie anna enn at du valde sjøl.

– Eg valde sjøl, det veit alle som vil! – Gisken kasta med nakken og var så stolt og velnøgd. Og så la ho til: Han eg vilde ha, han kunde eg undvera, og kva skulde eg med han da? Ho svara presten det same: Eg *har* samrådd meg med meg sjøl.

Gisken var ei vakker gjente; dei såg det alle no når presten såg det.

Bryllope stod i prestgaren. Det vart stort bryllup, og etter bygdeskikken i mest all ting, [97] presten vilde det ikkje ansles den gongen. Av folke hans var det få til stades. Han sakna dem heller ikkje, han var så reint bortgitt i brura si. Og ho var så skinande glad for altere og sia, det kunde ikkje brur ha lysare andlet. Og enda hang ulykka over henne, så mange av gjestene tyktest kjenne kulden av henne alt huse igjennom.

Da Gisken fór til bryllupsgaren, hadde Marit stått ved grinda og lyst vondt over henne. – Så sant det sitt ein god ein over oss og ein vond ein under oss, hadde ho sagt, så sant skal hjarte ditt vende seg ein gong til, om ikkje to, og det til ein som andre kvinnfolk vilde ta flukta for. Du skal få stygg til mannen din, du skal rømme senga for han, rømme huse for han, du skal aldri få barn! – ho hadde sagt meir, hadde ikkje brørne til Gisken komme til synes.

Gisken hadde berre ledd til det, og bad mora tie still når ho vilde trøste henne. – Ei prestfrue får tåle meir enn som så, hadde ho sagt. Det er snaut med lykka når ingen ovunder ein, lo ho.

Det var seint på hausten bryllope stod, og det stod av seg på 3 døgn. Det var blånande godvêre all veg. Folk hadde stor gamman.

Men første-dags kvelden, da brurfolke skulde til sengs, hendte det noko som var vondt for dem som såg det. Presten hadde drukke litt, han som dei andre, og var glad og blid der han kom. Han gjekk bort til brura i lag med foreldra hennar. Ho såg frimodig på han; ho hadde sagt godnatt med [98] alle gjentene i lage; ho smilte enda til han. Da slo ho auga vidt opp og stirde på han. Ho gjekk att-å-bak imot veggen. Ho såg på mora og på faren, ho såg stua rundt. Ho var krita bleik, og anka seg så dei kunde høre det. Mora tok i handa på henne, og da gav det seg. Ho følgde villig med.

Kvelden etter dansa ho meir enn godt var. Det gjorde dei alle, og drakk meir enn godt var òg; dei såg ikkje større etter henne. Det same var det tredje natta. Dei trudde ho sov i prestkammerse.

Mora drog heim tålig vel til motes. Ho kom til prestgaren rett som det var, og aldri anna enn godt å høre der. Gisken vart ei drivande husmor, som mora hadde vore, og ei prestfrue så god som nokon. Ho skjemta og var glad når mora kom dit, og venlig og god var ho imot ein og kvar. Dei var fulle av godt, auga hennar, så ovmodige dei kunde vera. Presten gjekk der og gnutte fingrane, smilte til den han tala med, sa ikkje stort, men såg velnøgd ut. Han hadde all tida vore ein gavmild mann, og no var han det enda meir, så folk kunde sjå han var lykkelig gift.

Presten hadde ein underlig ven, han heitte *Hågen* og budde i Nesse; Hågen Stavholdt var fulle namne hans. Han var ikkje her ifrå. Han skulde vera skyld med andre kona til presten, og slik var det han kom hit; han hadde fare vidt i verda. Nokon alder på han var det ingen som visste, men dei gissa på han var millom 40 og 50 [99] år. Det var ein kald kar både utvendig og innvendig: det fanns ikkje hår eller skjegg på han, andlete var glatt og beinbert, og vondt og stygt, og auga i han var så harde, dei fekk illfrost i seg dei han såg på. Dei kalla han Gaupa, det namne høvde så for godt på han. Det var fast tru millom folk, at han hadde *teke liv*. Dei sa det òg, at det kunde han komma til å gjera ein gong til, når så høvde. Dei visste elles ikkje noko om han, for han fortalte aldri noko, og ingen var huga på å spørre han. Presten vilde ikkje ut med det han visste.

Eitt var visst, at pengar måtte han ha. Han kjøpte seg ein plass i Nesse. Det var ikkje så den tida at det vart kjøpt nye rom, men Hågen gjorde det, med pengane på borde, og laga om stua etter sitt eige hovud, og det vart rart. Sjøl stelte han både ute og inne; det skulde vera reint og fint og velstelt i alle måtar hoss han, men det var få som hadde set det. Når han klødde seg i stasklæane, hadde han både sølv og gull på seg, han hadde ein diger snusdåse av skire gulle, vart det fortalt; han klødde seg ikkje som folk der i bygda. Einast til prestgaren kom han, men der kom han ofte, kunde sitte der og snakke med presten om kveldane og til langt på natt, og det skulde vera lærde ting dei var borti, etter det folk forstod. Med kvart spella dei kort. Var det eit lag hoss presten nokon gong, kunde han enda komma sjølbedt. Lite drakk han, og lite sa han, [100] og tryggast var no det, for han, meinte dei, han stod seg på at han ikkje forsnakka seg. Men spella kort vilde han, og alltid om pengar; og vann gjorde han for det meste. Kvinnfolka var så redd han, det hendte dei skreik og rømte berre han såg på dem.

Gisken var heller ikkje sterk på å vera i stua med han, ho gjekk oftast ut. Ein gong bad ho presten vise han døra, men i det vilde han ikkje føye henne, så snar han elles var til det. – Vi gjer ikkje det imot ein einslig og ulykkelig ein, sa han. Dei sa presten kunde ikkje, for det han skyldte Gaupa pengar, både kortspell-pengar og andre pengar; for det var tufs med prestefar i pengevegen. Des mindre Gisken likte han, dess oftare kom Hågen til prestgaren. Ho gjekk til kjøkene når han kom; men ho måtte inn att, kor som var, – dei sa ho måtte inn att om ho ikkje noko erend hadde. Leid til sommars kom han helst når presten var borte, Gisken kunde ikkje rømme huse for det, enda så bleik ho vart. Tenarane fekk ikkje anna til, enn at ho gjekk åt vindauga og såg etter han, liksom ho venta han, kvar gong han kom.

Men ein kvelden rømte ho heim til mora. Presten var i annekse, og Hågen kom til prestgars straks etter ho hadde fare. Han gjekk der og dreiv ei stund, blistra og smått flirte med seg sjøl.

Gisken kom heim som ho skulde ha ein vond ein etter seg. Det sa mora òg.

– Ja eg *har* det! ropa ho, og dermed stod [101] gråten som eit stort vêt frå henne. – Eg må få vera her heime hoss deg mor! ropa ho; dei hørte det alle i huse.

Brørne sette på henne og vilde vita kva som stod på. – Var det nokon som hadde vore lei med henne? Faren spurte om ho var sjuk? Mora spurte ikkje om noko.

Gisken svara dem ikkje. Tale bad karane gå ut, og det gjorde dei, så ho vart toeina i stua med Gisken. Dei snakka lenge saman. Ingen skulde høre det, men tenestgjenta hørte det lel, tak for tak, for Gisken kunde ikkje styre måle sitt, og mora var det ikkje stort bedre med.

– Presten? sa Gisken. Eg tåler snart ikkje sjå han meir, tåler ikkje vera i hus med han! – gjenta hørte ho gret.

– Du får gjera det lel, bad mora.

Men Gisken gret, det gjekk som vondaste styngen gjennom henne: Du skal ikkje be meg om det, mor! du veit ikkje kor umulig det er!

– Det skulde du ha tenkt over før, sa mora hardt.

Da brørne fekk nysn i det, vilde dei til prestgaren og hente heim tye hennar, dei vart huga på mangt. Men mora fekk styrt dem i frå det, og sistpå var ho enda over Gisken, så ho fann seg i å snu heim att til prestgaren. Ho følgde henne dit, ho leide henne som det var ei smågjente.

Gisken klaga seg ikkje til ei sjæl oftare, enda all bygda hadde spurt ulykka hennar. Ein og annan [102] sa som mora, at det skulde ho ha tenkt over før. Andre sa, at vanlagnaen veit ein ikkje om før han kjem, ein tenker gale om ein skal tenke over han. Dei tykte synd i Gisken alle.

Og alle samen så vona dei at no var det verste over for henne. Dei syntes dei såg ungdommen i auga hennar som før, når ho sat i preststolen i kirka om sundagen, dei trudde dei hørte det når ho snakka og såg det når ho gjekk. Men det var mykje verre enn før, ho tykte ikkje ho hørte til millom folk lenger: Ho hadde fått elsk til Hågen Stavholdt. Ho såg han var Gaupa, det såg ho bedre enn andre, men ho elska han likevel. Tenarane i prestgaren fortalte det dei hørte og såg, og sjøl fortalte ho resten sia. Og folk såg det med sine eigne auga etterkvart, dei som kom henne så nær. Det hadde komme trolldom over henne.

Da Tale hørte det, vart ho sittande still inni stua all dagen. Så manna ho seg opp og gjekk ut i grenda, snakka med to gjenter som var jamnaldringar med Gisken og var å rekne for veninnene hennar. – Visst ikkje de to hjelper meg no, da veit eg inga råd, sa ho. Tale var ei stormodig kone, men den gongen gret ho så tårane rann, ho var ikkje godtil å gå bein eingong.

Dei gjorde som ho bad dem, dei gjekk til prestgaren ein kvelden og tok for seg Gisken på tomanns-hand. Det gjekk slik dei hadde venta det: ho bad dem tie og gå sin veg, ho hadde ikkje [103] noko gale gjort. Men da dei stod på gonga, brast det ut av henne:

– Han er den einaste som kan frelse meg, eg rømmer med han så langt han vil. De må be for meg de som kan! Og be for ho mor, at ho får sjå den nøda eg er i, så bær ho det lettare.

Same kvelden stal ho seg frå garen og til Nesse. Ho bad Hågen rømme med henne ut or lande eller langt til fjells. – Han sa at det skulde han gjera visst ho vilde vera han tru. – Ho svor ho skulde vera han tru.

– Kvinnfolk-ord trudde eg aldri, og kvinnfolk-hjarte lit eg ikkje på, sa han. Og ikkje har eg enno noko tegn eller varsel å halde meg til. Men vil du komma hit og vera hoss meg tre torsdagsnetter, tre månemørke torsdagsnetter, da skal eg tru deg.

Lova han så at han skulde reise bort med henne? spurte ho.

– Det veit eg no ikkje, svara han. Men merkar du etter den tida at du er med barn, så tek eg det som eit tegn, og da skal vi reise.

– Ja ja, eg skal komma, sa ho og gret.

Hågen sa: Det er ålvors spell det her, og ei vågelig reise blir det, for eg veit brørne dine, og øvrigheita og alt folk vil sette etter oss. Dei er som hunden, dei er karar når dei berre får ein på jag. Du kunde bli redd, og det var det verste som hendte oss.

Men Gisken sa at ho vart aldri redd når ho <sup>[104]</sup> var i lag med han. – Finns ikkje ting eg reddest for når du er i nærheita, sa ho.

– Du ser ikkje at eg er ein mordar og ein røvar da? spurte han.

– Du er ein engel for meg! ropa ho.

– Da er du den rette like vel, sa Hågen.

Tre svarte torsdagsnetter stod ho opp og gjekk marka over til Nesse.

Siste natta følgde han henne på vegen, ho bad så vakkert om det. Svarte stille haustnatta var det. Dei hadde bakkekammen framfor seg mot himmelen, og himmelen var stjerneklår og blå, – svart myr og svarte berg på sida. Da ser dei ein mann oppå bakken, imot blånaen. Han er i fotsid kåpe, synes dei, han går att og fram over vegen deira liksom han ventar dem.

– Det er presten, sa Gisken, ho stod stiv.

Dei stod dørg still ei lang stund. Da sa Hågen:

– Eg veit ikkje kva det der er. Var det presten, da gjekk eg fram og *snakka* med han; for slik skal ikkje gudsmannen gå i vegen min. Men det ser meg ikkje ut til å vera han, det er større enn noko menneske eg har set.

Dei snudde, og leita seg fram ein annan veg til prestgaren. Der sa Hågen til Gisken, at ho skulde gå inn og sjå etter om presten sov. Gjorde han det, skulde ho syne han eit kvitt tørklæ i vindauge. – Så får eg grunde ut kva dette syne vilde seie meg, sa han.

<sup>[105]</sup> Gisken veifta med kvitt tørklæ. Presten sov. Ikkje kunde ho da, og heller ikkje dagen etter, merke at presten hadde vore ute om natta. Ho kunde aldri merke om han visste korles det var med henne og Hågen. Han var den same imot henne, blid og kjærleg.

Men ikkje lang tida etter vart presten liggande sjuk. Det var synt for alle, at det var nåsotta som tok han. Da vart han eit anna menneske for Gisken, og ho for han. Dei fann henne gråtande framfor senga hans. Sia sat ho der dagandes dag og natt etter natt og vaka over han, heilt til det var slut, og gråte hadde ho støtt når dei kom. Ho gret overlydt ved grava hans, såg ikkje mor si ein gong, som stod der og vilde vera henne til trøst.

Gisken bad dem vise vekk Gaupa frå gravøle, men det var det ingen som vilde ta på seg. Da snakka ho til brørne sine. Og dei fekk han med seg ut eit erend og tok så og følgde han heim til Nesse. Det synt på dem da dei kom att, at det hadde ikkje vore lettarbeid.

Gisken låste dørene i prestgaren etter den tid. Det hjelpte ikkje stort. Ein natta braut Gaupa seg inn og tok Gisken med seg. Han hadde budd seg godt, han hadde hest og vogn ute, og kjørte henne til Nesse. Han skræmte henne så folk i Nesse hørte ikkje ein lyd frå stua hans. Dagen etter var han uvanlig pratsam, han gjekk beint bort til ein av grannane og fortalte han hadde [106] Gisken i huse. – Ho vart meg kjær no da ho ikkje vilde vita meir av meg, sa han. Ho er meg kjær som ei gammal synd; eg slepper henne ikkje.

Mannen undrast om ikkje brørne hennar vilde komma og seie eit ord om det.

– Dei kallar meg no Gaupa, lo Hågen. Og dei veit at børsa mi er ladd. Har eg ikkje mistydd jartegna, så har eg *dem* med meg som held reint kring huse mitt, og som reinskar opp farvegen for meg om eg finn på at eg vil herifrå, sa han.

Dei våga seg ikkje dit for det første. Mest var dei redd, at Gaupa kunde gjera ende på Gisken når siste stunda hans nærma seg. Men tredje natta rømte Gisken frå han og heim. Ho hadde mest sprunge live av seg.

Tale var streng med henne. – Kvifor rømte du ifrå han? sa ho.

– Han er det fælaste eg veit om! klaga Gisken seg.

– Når rett var, burde du jagast til han att, sa mora. Det trur eg Vårherre såg vel til, sa ho, og faren sa det same.

Gisken vart ifrå seg av redsle, ho kasta seg ned og tok ikring knea til mora.

Så skulde ho få bli heime. Det kom mange dit og bad for henne, dei vilde foreldra skulde tilgi henne. Tale sa, at var det slik som folk frykta for, at det var trolla på henne, så skulde ikkje Gisken høre eit vondt ord meir av henne. – Eg trur det ikkje,

sa ho, men det kan vera det same; det er [107] vel ikkje for ingenting lagt på oss, eg får halde meg til det, skal det ikkje gå rundt for meg.

No la brørne hennar i veg, og ein heil mannhusing med, dei fór med både borse og øks. Da dei kom til Nesse, hadde Gaupa sett til skogs. Dei etter. Dei tok fare hans med hund, og hundsette han gjorde dei gong for gong. Han skaut, men han råkete ikkje, og dei skaut og fór vilt fram; men enden vart at dei laut snu heim, han fanns ikkje meir. Dei trudde han rømte lande.

Men ein fjortandags tid etter vart det stole i bygda, og sia var det stulder på stulder, det stod ikkje lås for stabbur nokon stads. Snøen kom seint det åre, så tjuven var det ikkje far å finne etter; men same karen var det som var framme, det var greit å sjå. Det måtte vera Gaupa. Berre på Vennestad gjekk dei fri han, det var ikkje så stort å undrast på det; han trong ikkje halde til så langt derifrå for den skyld.

Lars Mikkalson gjekk og såg på dotter si. Han let seg ikkje merke med noko, men han fekk ein lei styng i seg: han vart viss i si sak. Han gjekk til lensmannen. Og lensmannen kom, med stor mannemakt, og til å leite i garen. Best det var sprang Gisken over garen og til fjøse, dei hørte ho ropa Hågen. Faren gav eit rop ifrå seg. Han hadde vore meir glad i henne enn folk visste om. Dei etter til fjøse. Der fann dei han i kalvebingen, der ho hadde gjømt han – – det var ho som stelte fjøse etter ho kom heim. Han var så [108] vel gjømt, dei hadde ikkje funne han utan ho fór dit. Dei basta han og tok han ut.

Gisken fall på kne framfor dem, for lensmannen og faren og dei alle i hop: ho bad at dei skulde sleppe han, for hennar skyld. Karane vart stuss med.

– Du ser korles det er med meg! ropa ho til faren. Vi skal reise utor lande!

Dei såg no korles det var med henne, men sleppe tjuven kunde dei ikkje. Da reiv Gaupa seg ifrå dem og fór til skogs att, det var gjort før dei fekk skikkelig snudd seg.

– No kan *du* fara etter! ropa faren til Gisken. Både du og ungen!

Men da steig Eilert fram, han som hadde fria til henne og fått nei, han tok Lars over handa og sa:

– Ti still no, Lars Mikkalson.

Lars svara: Ho har gitt hjarte mitt eit sår som aldri kan gro!

– Ho har gitt meg det same, sa Eilert. Men enda er ho Gisken for meg.

Dei såg på han både faren og Gisken. Men Eilert sa:

– Du skulde ikkje gjera deg til mindre mann enn du er, Lars Mikkalson. Det er da ho Gisken lel.

Storparten av dei andre var i fullt jag etter rømlingen, men dei som att stod, sa at det var dei likaste ord dei hadde hørt. Mora kom og leidde Gisken inn.

[109] Gaupa fekk dei ikkje tak på, men eit par dagar etter vart det stole ein båtskarv i Grønsetvika, og ein dag seinare fann dei han kvelva bortmed andre lande. Da måtte Gaupa vera utor verda, dømte dei, for det hadde vore bert uvêr den natta han la til fjords. Andre gissa på at det var eit strek av Gaupa, så dei skulde gi seg med leitinga etter han. Han spurtes aldri meir.

Da Gisken hørte han hadde blive i fjorden, sa ho gud skje lov. Da først vilde ho snakke med Eilert. Han baud seg til å gifte seg med henne. – Eg tek deg som du går og står! sa han.

Mange bra folk talte han ifrå det, og foreldra hennar ikkje minst; men Eilert stod på sitt, og Gisken sa ja til det.

– Når det finns så stor ein kjærleik i verda, sa ho, så er det eit under som eg gir meg for. Da er ingen ting umulig.

– – – Dei gifta seg åre etter, og Eilert han var ein lykkelig mann, og ein god far for guten ho fekk; dei var lykkelige baa to. Eilert var ein godslig mann, men sa nokon eit ord til han for kona eller barne, da slo han så dei datt. Han var ingen kar til å snakke for seg, men da fekk han måle opp.

– Hugs-på det er for a Gisken eg slær! sa han, – no slær eg igjen! Og dei kunde høre han mumla med seg sjøl: Ho er meg meir hellig enn om eg hadde fått henne *elles*.

Det gjekk ikkje bedre med mor hans. Ho let [110] han høre det ein gong, at ho tykte ikkje han hadde den kona det var verdt å *slå* for. Mor si la han aldri imot, men denne gongen retta han på seg og såg henne i åsyna.

– Ti stil mor, det bed eg deg om! sa han. *Du* ønska vondt, og *eg* prøver å gjera det godt.

Gisken vart så glad i han etter kvart, ho var ikkje lik seg straks han var heimafrå. Ho døde eit par dagar etter han.

– – – Åsel sa, da fortelinga var til endes: No vil vi ikkje ha meir tå det slage der. Kan du ikkje komma med ein liten lettliva stubb heller?

– Det kan eg, svara Anders. Men den får det vera med til ein annan gong. Eg må fortele etter som eg er huga til det. Elles kjem det for meg, eg sitt og lyg, og da blir det borte for meg alt i hop. Men er ein eit grand lystig sjøl, innvendig, så tåler ein stubb og annan som går med ein annan tone òg. Eller som han sa, mannen som kom ut frå tukthuse: Er grase virkelig så grønt? sa han. Eller som 'n salig Ol Haktorsa sa: Det er inga sak for den som gret når det ber gale i veg med folk, det er verre for den som ikkje det kan.

# Ola-karane

[113] Ein kvelden lenge etter sa Anders, han kom inn og sat på vedkassa: No kan de få ein stubb tå det andre slage, om det er det de fysnar på.

I hans far si tid budde det to karar i Skarsvågen som heitte Ola; dei var søskenborn. Dei var så like, det skulde vera vandt å kjenne dem ifrå einannan. Det var to spreke gutar, dei var større og sterkare enn anna folk, og lyse og vakre var dei så det stod ord av dem; men dei var ungarar, vart gangande ungarar all sin dag. Dei var så fulle av liv og skøy, dei sette huse på hald med berre trøysamheit der dei kom. *Ola Lystig* og *Ola Lettfot* vart dei kalla. Den eine var skreddar og den andre skomakar, og den eine budde heime hoss si mor og den andre hoss si, men i lag måtte dei vera så sant det var råd. Med kvart gjorde dei lange ferdene med handverke sitt, den eine med saksa og den andre med sylen, som dei sa, og mest kvar haust strauk dei langveges av på sildvågen. Det spurtes mangt etter dem der dei fór. Dei stod for dansen, og glupe spellmenn var dei, dei spella på same kva handfeng dei attåt kom, pla dei seie. Men eitt var rart med dem, som [114] eit lyte å rekne for: dei smakte ikkje sterkt; dei smakte ikkje tobakk eingong; og så var dei så redd dei skulde bli gift. – Lykka kan vera bra, berre ein ikkje får a kring halsen, sa dei.

Ein gong, er det fortalt, gav Ola Lystig, skreddaren, seg ut for kudokter og litt til; det var sør i bygdene ein stads. Han fór føre og gjorde åt for all slag illske, han fór som ein dokter og levde som ein dokter, slik doktrane gjer no for tida. Ola Lettfot, skomakaren, kom dagen etter og spurte seg for, han skulde ha tak i ein rømling nordant Namdalen, ein skreddarlarv, han sess vera lensmannen der nord og skulde på tukthuse med karen. Dei levde bra båe to på det vise; og til slut fekk han knipe han og tok han med seg. Snilde folk la seg frami og bad for kroken, for *dei* kunde ikkje anna sjå enn at han var truverdig og hadde ei unders kraft med seg, han hadde gjort mykje godt; dei bad at han måtte få ein mild dom og ei linn straff. Men Ola Lettfot, lensmannen, formana dem, at dei skulde takke Gud for det kroppen var huka og aldri kom att meir: han var meistertjuven i lande, som hadde fare her og nysna og set seg ut høve. Han skrømte dem, så dei fór med han all bygda igjenom, ein tre-fire handfaste mann, og vakta på karen, han såg dem farlig ut, når

sant skulde seiast. Lensmanns-huva såg dem ut god nok, enda skreddaren hadde gjort henne sjøl. – For slik *er* folk, både sørafor og nordafor, sa Ola-karane.

[115] Ein gong var dei med ein mann opp i Nordland og måla i ei kirke, for dei kunde kva det skulde vera. Meisteren heitte *Hans*, men han var ingen meister; og dertil var han grinut og ugrei, så dei ønskte dei aldri hadde set han. – Vi får sjå til å få han heim når børen bles, vart dei einige om. Elles likte dei seg godt, for det var lettliva folk der i bygda, det var dans og ståk natta lang, og Ola-karane skiftast med gjentene og spelle. Meisteren let dem høre vondt for det. – Vi tør ikkje anna! sa dei. – Torde dei ikkje? undrast han. – Nei, for folk her oppe hadde finnblod i seg, dei kunde ganne helsa av ein, let dei. Dei visste meisteren var finnredd, han var levande ovtruisk. Dei slutta å spella. Da bad han dem vakkert, dei måtte spella og det til gagns. – Nei, meinte dei, des lenger ein føyde finnen, des farligare vart han; dei fekk ta vågnaen no straks.

Ungdommen stod i stor fjølld uti garen og venta dem, ein kvelden.

Frammandkarane budde i eit hus som stod øde, og ei gammalvori gjente stelte for dem. – Gå ut og hør kva dei vil, bad meisteren. Ola Lettfot sa at *han* torde ikkje. Ola Lystig var heller ikkje lystig, men så gjekk han lel. – Nei, sa han til ungdommen, vi tør ikkje lenger, for meisteren vår likar det ikkje, og han er vi redd. – Dei spurte kva det var med han? – Han er full tå trolldom! kviskra Ola. – Trolldom? lo dei. Ut med han, så skal vi loppe han for trolldom og anna [116] domheit! – for *dei* var litevore ovtruiske. – Ja, men får de sjå han i mørkre, blir de redd, sa Ola-guten. Han *lyser* i mørkre! – Kom ut med han! ropa dei. Dei ropa så det hørtes heilt inn. – Ja ja da! sa Ola.

– Kva var det dei vilde? spurte meisteren. Kva er det dei ropar om? – Dei vil snakke med deg, sa dei; du må ut til dem; du hører sjøl! Og ut måtte han, så trau han var på det. Korles dei hadde bore seg åt, veit eg ikkje, men dei hadde smurt moreld av fisk på huva hans og på ryggen hans: han lyste virkelig i mørkre da han kom ut. Dei vart mur still i flokken, kvar ein og ein. Meisteren tagde han med. Han stod så lenge han torde og litt til, og inn kom han, med svarte fæla etter seg. – Står dei der enno? spurte han, litt hadde vore. – Ja da, og dei blir der ståande i all natt, lét dei. Han spurte fleire gonger, og same svare. – Men kva er det dei vil meg da? sa han, arme mannen. – Dei vil du skal gifte deg med a Karen, sa dei. Dei la ut for han, at slik var det her nord i lande: hadde han teke ei gjente i huse hoss seg, så var det jamgodt med at han hadde lova henne gifting; – for vi er ålvorlig langt nord no, må du komma i hug, sa dei. Han var frå byen, han trudde alt slikt. Karen var ho som stelte huse for dem, og henne var han stø på det var finnblod i. Utpå natta vakna

han med at einkvan ropa på han. Da stod det ei moreldskrift på veggen, [117] det stod og lyste *Karen* midt imot han. Dei hørte ikkje lyd ifrå han, så skræmt var han.

Dagen etter kom det eit farty innom, og da det hadde fare, hadde meister Hans fare med. Ola-karane gjorde kirka i stand åleine, og dei gjorde det på karavis, for no var dei meister sjøl; og mang ein dans spella dei til, – for no er vi fri runekallen, sa dei. – Og det var ikkje for tidlig, tykte folk.

– For slik er folk både nordafor og sørafor, lo Ola-karane.

Men så var det den gongen dei kom ut for giftarmåle sjøl. Da sat dei tålig vakkert fast.

Det var hausten og godvêre, sola skjein og åkrane stod gule, folk dreiv på med skuronna, og Ola-karane gjorde som dei pla gjera, dei seglde ifrå det. – Det er vondt om den som ikkje er fri mann, sa dei, dei rak sørmed lande og skulde på sildvågen. *Dei* var frie som fuglen, og visste ikkje for vel kor langt dei skulde. Det bar langt sør med dem, for det spurtes ikkje sild, somme seier det var hitafor Byfjorden dei kasta for, andre meiner det var langt inni fjorden men til ein stor gar kom dei, som låg litt for seg sjøl.

Det var ei enke som åtte garen; ho heitte *Olava*. Ho var ungvori og vakker, og eit bra menneske i eitt og alt. Og fint og velstelt var det både ute og inne på garen, det var ikkje lossement for rekande folk der, det var skam å spørre. Ola-karane [118] spurte, for der vilde dei vera. Der var ei mengd med plassar under garen, og dit hadde dei vorte vist, dei andre sildvågkarane. Nokre var det òg som hadde tigge seg inn på garen, men dei måtte ligge på låven, i høye, dei syntes ikkje det var smått.

Ola Lystig gjekk inn. Ja, høye var bra nok lossement for han, let han, men han hadde med seg ein som ikkje var slik vant, han var av eit finare ty, og dertil så var han reint nedfor: han hadde vorte enkemann her i fjor, det hadde teke hørsla frå han, godtsom. Om ikkje han kroken kunde få ei seng inne å ligge i? Han tala så godt og tedde seg så truverdig, at hjarte slo klikk for Olava, ho gav etter. Ola Lettfot fekk ligge på lofte. Ola Lystig var med og stuva han inn, han ropa i øyra på han, at her såg det ut til dei hadde komme heim til skikkelig folk, og no skulde han glømme sorga si til så lenge; om det ikkje var så fint som heime, så var her da reinslig.

Dagen etter ropte Ola Lystig til han: korles han låg? – Eg ligg på sia, svara han truskyldig. – Ja, men om han låg godt? – Å ja, men han sov så kleint; han var så

åleine. Ola Lystig ropa at han var ein tosk, at han skjemdest av han: vaksen kar som ikkje såg råd for å ligge åleine! Husmora hørte alt, og Ola Lystig sa med henne, at slik var det når folk var så toskutte dei gifta seg, det skulde vera forbydd i loven, så vart det ein ende på det. – Olava sukka, og sa at det var <sup>[119]</sup> noko som ikkje han forstod seg på, men synd var det i den som sørgde, det visste *ho*. Ho trudde det vart rettast dei fekk ligge inne båe to, ho hadde eit loftsrom ståande som var litt større. – Jaja, så vart det slik, når ho endelig vilde det.

Dei som på låven låg, likte det ikkje meir hell laglig. Det var fleire som ikkje likte det. Det var synbert for alle, at Olava gjekk og gjorde krus for denne dauvhørde frammandkaren. Det er vondt om den som har sorg, veit de.

Drengen på garen heitte *Even*. Det var ein trufast kar, som hadde tent der i mange mange år, rettelig ein gasta kar var det, og etter som det såg ut for folk, var det von om at han vart husbond på garen med tid og stund. Han fór stilt og stødig, det var ikkje mange orda i han, men dei var gode dei som var. Han sa ikkje noko no heller.

Det hadde fare mang ein og fria til Olava etter ho vart enke, men berre ein var det som heldt ut. *Rolv* heitte han, han var garmanns-son ovant blankbygda, men ikkje gar-gut. Ein glup kar å sjå til, og det visste han om; det var ikkje mote som vanta han. Men lykka hadde vanta hittil, for Olava lest ikkje sjå han. No såg ho han slett ikkje. Han sa det han meinte, og det same meinte fleir, at desse frammandkarane som hadde snike seg inn her, dei skulde ha vore uthivd med all som først, for dei forgjorde kvinnfolka så dei <sup>[120]</sup> ikkje var attkjennande. Litt etter kvart seig mote av han. Han visste ikkje korles det her skulde bli.

Så var det gjætarguten på garen, ein ful liten fark; han gjekk og såg vondt på dem. Det hendte han spytta etter dem: han var så på drengen sin part, og på matmora sin part med. – Dei må no vel *ut* ein dag! mumla han.

Og alle garnkallane på låven murra og meinte det same.

Ola-karane merka seg alt og gjorde seg godt av det. – Rettno mél kvenna sjøl, sa Ola Lystig ein kvelden. – Berre ho ikkje legg i veg så ho tek mølnaren med, sa Ola Lettfot. – Korles da? undrast Ola Lystig. – Bers meg for at kvinnfolke vil meg meir enn som godt er, sa den andre. Det var kanskje slugast vi reiste med all som først, la han til.

Men det vart det ikkje noko av. Det var så for trøysamt eit spell. Den trøysamste av alt i hop var friaren, han *Rolv*. Dei gjorde seg fort godvenner med han, no etter han

hadde gitt seg. – Det er vondt om husmora her i garen, sa dei med han. – Han visste ikkje det, let han. – Jau, for ho vil så gjerne gifte seg, som ventande kan vera. Og du har stor synd på deg om du svik henne, sa dei. – Nyttar ikkje for meg, meinte han; for ikkje er eg frammand og ikkje er eg tunghørd, og slett ikkje er eg enkemann. – Hadde eg berre vore ungar! sa Ola Lettfot. Men du som det er, og som er ung og vakker og all ting <sup>[121]</sup>slik: du gjer ei stor synd om du ikkje seier henne eit ord snart. Dei tala så beint utor bringa, at på slutten visste han ikkje rettare enn at Olava gjekk og var sjuk etter han. – Ho får no vente til mi tid kjem, sa han, han skaut akslene til vêrs. Akslene på han vart høgare for kvar gong han møtte Ola-karane, han vart meir og meir yven, og ein dagen sette han hendene i lomma framfor dem og kaldflirte: De må no ikkje tru det nyttar noko for *dykk*, her i garen; det er ein annan enn dykk ho Olava ser etter, så mykje de veit det!

Han gjekk inn til Olava som ein husvarm ein og snakka hardt om desse rekarfantane nordafrå, han tykte ho skulde gjera *etter* dem og det snart. – Skal eg det? lo Olava. Ola Lettfot var i nærheita, men han kroken hørte aldri eit ord.

Endelig ein dag meinte Ola Lystig at dei fekk fara. Han vilde ikkje våge kammeraten lenger. Da vilde ikkje den andre. Han skylda på at han trudde det vart ålvor med silda snart. – Står det slik til med stakallen? tenkte Ola Lystig. Sia tenkte han meir, men han sa ikkje noko. Og verande vart dei. Ola Lettfot drog den eine sukken lenger enn den andre når dei var på tomannshand, for han tenkte ikkje på anna enn Olava. Han vilde ha sagt det beint ut, men den andre lest aldri som han merka nokon ting. Ein dagen tok han mote for seg og sa, dei stod nedmed båten: – Vi har ofte flirt åt folk som fekk hjarte i klemma – – det er ikkje å flire til! Litt lo han <sup>[122]</sup>like vel, han var ikkje ansles, men det var steins ålvor. – Ola Lystig sa berre at han hadde aldri prøvd det; han lest som han ikkje skjønna det slag.

Han meinte han fekk berge kammeraten sin utor klemma så godt han kunde: han vilde eta av for han. Han stelte det så han kom i vegen for Olava vonoms oftare, og litt med kvart kom dei i snakk. Ho vilde gjerne snakke om han som enkemann var. Sia snakka dei om mangt anna. Og var den andre Ola-karen tungsint av seg, så var han her dess lystigare, han kunde få Olava til å le så ho måtte sette seg. Og rett hadde han rekna, i det stykke, for korles Olava var eller ikkje, så likte ho live og ein trøysam kar: Ho såg mindre og mindre etter Ola Lettfot, ho såg meir og meir etter Ola Lystig.

Men han hadde ikkje rekna det ut som han skulde, like vel. Han vart fengd av same sykja som den andre. Han fekk ikkje Olava utor tankane: ho var slikt eit omframt

kvinnfolk. Han sa det med Ola Lettfot, at ho Olava var for god til slikt spell; dei fekk fara no.

Ola Lettfot hadde merka at vinden heldt på og snudde seg. Så sa han: – Eg har tenkt mykje i det siste. Ho *er* for god til det. Eg vil seie henne det som det er, kvart eit grand. Eg trur ho tilgir meg. Og visst ho det gjer, så får det gå som det kan med meg, om det så skal bera lukt for presten.

– Du gjer ikkje det! sa Ola Lystig, for no <sup>[123]</sup> vart han redd. Da veltar du meste skylda på meg, sa han.

Den andre meinte at *det* fekk skure; han vilde på knea framfor Olava.

– Da blir det rettare at *eg* seier det med henne, slo Ola Lystig frampå.

– Du gjer ikkje det! sa Ola Lettfot, for no var *han* redd. Da tek vi heller og reiser vår veg, sa han. Eg står ikkje ut med å vera tunghørd lenger, la han til.

Ola Lystig vilde ikkje reise enno. No trudde *han* her vart sild snart. Det var både skomt og stomt millom Ola-karane no eit tak. Ola Lystig vart alt for lystig. Ola Lettfot vart tung på foten. Han svor med seg sjøl på eitt og anna.

Dei hadde mykjen åker og lite folk der på garen, og langt på hausten leid det. Da gjorde dei dugna ein dagen: fekk kvar ein garnkall med på åkeren, og før kvelden stod alt på staur. Ola Lystig hadde komme på det, og han heldt karane i mote og farten, dei hadde aldri vore ute for slik ein skruv. – Og sundags kvelden blir her stor skuronn-graut i garen, lova han, husmora snakkar om både dans og drikk! Olava hadde ikkje tenkt så mykje som eit blykt på det, men no syntes ho det var det einaste og rettaste som fanns, ho visste ikkje maken til Ola Lystig; det var ein mann å ha på ein gar. Han tykte mest det same sjøl. Ola Lettfot var ikkje godtil det.

<sup>[124]</sup> Den laurdagsnatta var han ute og gjekk ein lang tur. Da han kom att, låg dei og sov alle på garen. Han tøvra lenge i svala, men enden vart at han leita inn i stua der Olava låg. Han vilde snakke ålvor med henne. Ein dauvhørd ein er dømt til å tape, tenkte han, og var Ola Lystig mann for å vinne henne, så var det von for han med, når han kom og tilstod synda si og etterpå hørte som anna folk. Han kjente han kom til å gråte; det skulde ikkje gjera nokon umon det. Han fann fram til senga hennar og sette seg på gavlen. Han fann fram til handa hennar, og den fekk han halde. Det drygde før han vann seg til så pass at han kunde snakke, og da han skulde til, sette veggklokka i og slo. Ho slo 11. Han sat og venta med ho det gjorde. Han gruva seg ikkje lite for det han skulde fram med.

Da tok det i ytterdøra. Det kom ein famlande og fann døra til stua.

Ola Lettfot meinte han hadde berre eitt å gjera, og det gjorde han svint, han smaug under senga.

Det var Ola Lystig som kom. Han fann romme på senggavlen, han med, og han fann handa hennar. Der sat han og visste ikkje om han under senga. Olava ho visste om han, men ho trudde han hørte ikkje noko. Så snakka dei om både laust og liggande, og på slutten snakka dei om han òg. Ola Lystig hadde mykje godt å seie om han. – Men eg må seie som sant, at eg kjenner [125] lite til kva der bur i han, sa han. Han er slug som ormen. Og ikkje trur *eg* han er så tungsint som han ser ut, og kanskje ikkje så tunghørd heller.

– Hører han ikkje dårlig? kviskra Olava, ho vart redd.

– Å jau, han hører ikkje rart, sa han. Men det er guten som har sitt utrekna. Og eg får vel fara heim åleine, sukka han.

– Nei kvifor det? sa Olava.

– Det ser ut til han blir her, sa han. Så hepne kan somme vera. Ein annan vilde vera himmels glad om han fekk snaue gjenta: så får *han* både gjenta og garen!

– Du trur no vel ikkje det der? lo Olava. Han? sa ho. Ein dauvhørd enkemann? Nei, skulde eg gifte meg, da vilde eg jamenn ha ein ungar, så sant det var ein å få. Men snakk om det, for ei enke! sa ho.

Dei snakka om det. Dei snakka slik, at det var avgjort millom dem da han gjekk.

Ola Lettfot kraup fram unda senga og kom seg til dørs så støl han var. Han kom liksom utanfrå og inn til kammeraten på loftet. *Han* lest som han sov, og den andre fór stilt utor klæane og i seng.

Sundagen var det stort stell i garen; – om kvelden bar det i dansinga. Ola Lystig var spellmann, men rett som det var hivde han spelle til ein annan, han måtte danse. Det var matmora han [126] dansa med. Og ho var så blid at det blenka på henne golve rundt, ho kunde ikkje vera ifrå han. Dei kunde sjå det gu og kvarmann, at her var der mus i skape. Dei såg det, og dei tykte det var gildt, for det kunde ikkje høveligare parfolk bli, og slik morosam kropp den Ola-karen var, – det var moro alt i hop; dei dansa ned omnen utpå natta.

– Vart du så forundra over det du såg? sa Ola Lystig, han sette opp omnen att.

Ola Lettfot, tunghøringen, var det ingen som gav nokon ans. Han var borti spelle slått og annan, men han fekk ikkje noko mål i det. Det var ikkje noko mål i han sjøl heller. Dei vart ikkje vår han før han stod midt på golve, ein gong da slåttan var til endes og kammeraten hans sette Olava frå seg. Han var bleik og ulik seg, dei syntes han var både skjeiv og skakk i andlete, og munnen var nåmen på han. Han tok til ords som ein liten prest og sa:

– No vil eg seie takk for meg her i huse!

– Kva var no det for slag tull? undrast dei

– Ja, det er no så med det, lét han, og snudde seg til Olava og Ola Lystig. Han tok seg på tak og vilde til å snakke ut for ålvor.

Ola Lystig vart bleik og hytta til han, at han skulde tie.

Ola Lettfot såg som ein fiende på han, og sa at no skulde dei *høre!* Da var gjætargut-farken attom han og kviskra til han:

[127] – Det står ein utanfor døra og spør etter deg, ein mann nordanfrå.

Ola Lettfot glømte seg, han snudde seg til guten og spurte om det var sant. Gutpåken sette i og gapflirte til heile stua full:

– No var du ikkje tunghørd! – no narra eg deg godt!

Folk såg på Ola og dei såg på kvarandre, men gutdevelen var taterblank i auga.

– Eg har visst det lenge at dei fór med fusk, sa han til matmora, eg hørte dei snakka lågt seg imillom nedmed sjøen, han har berre gjort seg til!

– Ja ja, sa Ola Lettfot, han snudde seg til Olava og Ola Lystig att: Eg hører ikkje så kleint som de trur nei. Eg fekk att hørsla mi her i natt var, klokka elleve; eg hørte både 'n Ola Lystig og a Olava; eg hørte godt!

Det var mange som lo, men det var fleir som vart still, og Rolv, friaren, steig fram og gjorde aksler til dem alle i hop.

– Der kan de sjå! ropa han. Og no hiver vi ut dei her travane nordant! No hører du det, Olava, at du skyssar dem på dør med ein gong, på timen! det får vera dem eller eg, så mykje du veit det!

Ola Lystig bad ålvorlig at han måtte få snakke med Olava på tomanns-hand. Folk tok til og murra, dei var klåfulle karar, og dei kjente seg sterkare etter kvart, dei vart meir og meir hatige [128] på frammandkarane. Olava sat stein still. Ho vart bleikare og bleikare.

Ola-karane seig einannan nærmare og nærmare. Dei tenkte ikkje å bli kasta ut som klæplagg, og rettno hadde dei heile stimen på seg. Rolv tok til ords enda ein gong, og sa at no skulde Olava svara han: *Var* det så at han hadde noko å seie her i huse, eller hadde han ikkje? – Du skal fortelle dem kva karar dei er, før vi tek dem! sa han.

Dei andre sa det same. Og rettno venta dei ikkje lenger! Da først vakna Olava. Ho ser seg i kring i stua. Ho snur seg til drengen, han står bortmed kjøkendøra; så seier ho:

– Enn du, Even, kva seier du om frammandkarane?

– Nei, eg seier ikkje noko. Det er du som får seie, svara han.

– Kva seier du om 'n Rolv da? spurte ho.

– Seier ikkje noko om han heller nei, sa han. Det er du sjøl til å seie, som sagt.

– Og ikkje seier du noko til meg heller? Nei nei. Så får det vera eg til å seie det da: at her har vi to gått og set på einannan meir enn lenge nok, og aldri vart det noko meir. Kom hit og sett deg attmed meg! bad ho; dei hørte ho skalv i måle.

Og det gjorde han, kom og sette seg attmed henne. Ho tok handa hans.

– Vil du som eg, sa ho, så drikk vi forlovings-skåla [129] no i natt. For no først har eg set kven *du* er; det kan eg takke dei andre for.

Ho såg seg rundt på folk, ho var berre god og blid:

– Så blir det helg og inga slåsting, sa ho. Og no skal de spella, ein tå dykk gapgutane nordant, de skal spella for 'n Even og meg, så pass til straff skal de ha! lo ho.

Dei lo nokon kvar. Ola Lystig og Ola Lettfot måtte skiftast med spelle. Det vart ei lystig natt, og skåla vart drukke til gagns for dei to som skulde ha henne. – Slik er

folk, sa Ola-karane.

Dagen etter sa Ola-karane takk for seg og fór. Dei både lo og var ålvorsame, da dei sa farvel, og det same var det med matmora i huse. Og slik sat dei i båten og såg på einannan da dei seglde.

– Er det virkelig så at vi er berga no da? spurte Ola Lystig.

– Berga baa to! sa den andre. Og slik er *vi*, sa han.

– Ja eg hadde ikkje trudd det om så du hadde sagt meg det, sa Ola Lystig.

– Men det var stygt ho skulde ta det så lett, meinte Ola Lettfot.

– Stygt var det, men gudskjelov for alt! sa Ola Lystig

Det var mange folk der sør på sildvågen utover hausten, og dei kom heim og fortalte det dei [130] hadde hørt. Resten fortalte Ola-karane sjøl, beint og reint som det var – lyg dei så lyg eg.

Dei var like kåte og gælne som dei hadde vore, og mangt fann dei på, men det vart sagt at det var mykje godsligare det dei gjorde dag etter den dagen. Det var kjæta som leika seg med dem. Ho gjer det med folk, som tid. Dei kom seg ikkje i veg og levde noko større sjøl; så var det rart for dem å sjå at andre gjorde det.

– – – Eg kan ikkje seie eg likar dem slik, sa Åsel.

– Nei, det var no skam òg, om så var, for deg som er eit alvorsmenneske, lo Anders.

# Fram

[133] Ein kvelden fortalte Anders eit eventyr:

Det var ein gong ein gudfryktig mann. Han var ein rik mann dertil, men ikkje rik nok; men fram monna det seg trutt og stadig, for han hadde lykka med seg. Folk meinte han hadde sjølve Vårherre med seg; og sjøl meinte han det same; han set kross på all børnskapen sin.

Men ein morgonen gjorde han ei uventa fengd: Han fekk sjølve 'n *Gammal-Sjur* på sildgarna. Mannen var åleine ute om morgonen, og mørkt var det, så han vart ille ved med det same ufisken kom opp, han kom enda kravlande sjølhjelpt inn i båten.

– Å fysj, er det deg! sa han da han drog kjensel på karen.

– Du kan så seie! sa den andre mannen. At slikt skulde hende *meg!* sa han.

– Ja, kva vilde du no her? spurte mannen. Du veit da vel eg er ein gudfryktig mann?

– Eg skulde jaga på ein sildtopp til deg, og no sitt eg her! sa Svarten. – Ein vakker dag går eg meg vel på torskgarna òg, lo han. Ta no vekk den her krossen din så eg slepp laus, eg har annt om, eg skal til presten og få han avstad og berge [134] ein sjukling, sa han. For døyr han no, da er han tapt for mi sak; det er enda kongssonen, la han til.

– Eg slepper ikkje det eg har fått på garna mine, svara mannen. Og dertil så har du gjort vondt nok, lét han.

Da vart den andre mannen opp i under. – Vondt nok? sa han, eg meiner du er gal! Eg har ikkje gjort halvparten enno. Du fekk merke det både på garna dine og elles, slapp eg ikkje laus; eg har vel mine å syte for som dei andre har sine, frøste han. Ho bestmor er for gammal, ho kan ikkje noko meir. Ny tid, nye folk, har du ikkje hørt den sanninga?

– Du snakkar ikkje meg rundt, sa mannen.

– Kva vil du meg da? undrast *han*.

Mannen let så, han vilde hy han til det vart folk av han.

– Folk blir eg med eitt mindre, lat oss ikkje hefte oss bort, sa styggen.

– Eg skal piske utor deg det vonde, sa mannen.

– Er du så dum da? sa den andre, han klådde seg bak om horne; – er dei dumme alle mine da! sukka han.

– No er det du som er min og ikkje eg som er din, meinte mannen.

– Det er fleir som har sagt noko slikt, mumla den andre.

Mannen tok opp slirekniven sin og skar i han Sjur, han skar djupt. Da vart han forfæld:

[135] – Du er svart all igjenom! sa han.

– Jaha, eg er ein heilrend kar, eg er den eg *er*, smålo styggen, han vart reint kry.

– Da gjer vi slik! sa mannen, han skar ein stor kross i ryggfleske på han.

– Au au! skreik styggen, der gjorde du ei *gjerning!* skreik han. Det var det verste du kunde gjera både deg og meg, for no blir du aldri fri meg, sa han.

Da skal du dyrade få gjera rett for opp-elde! sa mannen.

– Nei, nei! du må ikkje banne! åtvare Den andre mannen.

Mannen tok han i horne og leide han til gars. Han sette han på bås i stallen, for han var hestelaus den hausten. No hadde han ein som *drog*, meinte han. Da sa han Sjur:

– Eg visste da du hadde ein baktanke, og baktankar er gode tankar, men jamenn gjorde du verda eit skarvstykke no. Ja ja, det får stå i Vårherre si hand! trøsta han seg. Han la enda til, at den mannen måtte vel vita kva ein motmann var verd.

Der stod han, som eit anna beist. Litt høy og ein vass-skvett vart sett for han. Gamlingen snøste, men han åt. Mannen fortalte kona si det som hadde hendt, og ho visste at det støtt vart rettast som han tenkte det; elles nemnde dei ikkje orde til nokon.

Mannen hadde mykje upløygd, hestelaus som [136] han var, og no var han ute og pløygde med Svarten om natta. Det gjekk rettelig godt. Han pløygde om sundagen med, bortom haugen så ingen såg det, han var redd snøen kom for tidlig. Men da 'n Sjur hørte kirkeklokka, lo han så det skrangla i seletye. Da skjønta mannen det bar gale av; han spretta ifrå og fór heim med gampen sin. Ein kvelden var han i skogen etter ved. Det vart for lite til lass, for slik hest, og mannen tok av vedlunnen til grannen, det var uvisst kor ærlig grannen var støtt. Da dei kom heim, lo 'n Sjur att, og det var ikkje nokon hugna å hør på for ein Guds mann. Slik gjekk det tak for tak: mannen gjorde meir gale enn han hadde meint på, etter han fekk Den andre mannen i garen sin.

Så seier *han* ein dagen: – Skulde vi ikkje snakkast ved, vi to som er vaksne karar? Eg kunde skaffe deg ein likare hest, om du slepte meg laus; eg kunde skape han til av ein sagbukk for den skyld. Eg kunde skape deg ein *son*, om du vilde.

Dei var barnlaust folk der på garen, og før mannen hadde tenkt seg om, heldt han på og tinga med den andre: om han kunde skape ein gutunge òg av ein sagbukk? – Nei, var det likt, det måtte til ein hest og ei ku og ein gris. – Litt mindre gjorde det vel òg? meinte mannen, han var ikkje så rik. – Nei, tre liv vilde der til, skulde det bli menneske. Da spurte mannen om ikkje ein hund og ein bukk og ein hane kunde bli eit bra menneske? [137] for det kunde han sjå seg råd til å miste. Da lo styggen, og sa:

– Det har du jamenn rett i! Du er slugare enn eg. *Det* blir gut det, skal du sjå! lo han.

Mannen var etter dyra og leide dem inn til han, kasta inn ein pank av dei gamle klæane sine med det same, stengte så døra og heldt<sup>14</sup> seg unda.

Da gøydde det hund og da gol det hane borti uthusa, og bukk remja det så det var nifst. Men da litt hadde vore, banka det på staldøra, og da mannen opna, kom det ein gut imot han i dei gamle klæane hans; han kunde vera i konfirmasjons-alderen. Mannen vilde inn til kona med han straks, for ho sat og venta og var så oppi det, men guten såg seg att, og dermed kom mannen i hug han som i stallen stod. Gjekk han så bort og slepte han ut.

– No er du fri og kan fara din veg, sa han. Og så får du ha takk! la han til.

– Sjøl takk! gliste *han*. Og lykka til med sonen din! sa han, – så fór han.

Lukta av han hang att i stallen så lenge han stod.

Det var ein vakker gut dei hadde fått. Det tykte ho som mor skulde vera, og alle som såg han; og mannen i huse sa ingen ting om det; – eg har den vona, at eg skal få eit skikkelig menneske av han, sa han. Han spurte guten kor gammal han var.

[138] – Som hunden og bokken og hanen til samnen, sa han.

Dei snakka om kva han skulde heite. Han vilde helst heite *Fram*, lét han; – for den vegen tenker eg meg, sa han. Så vart han heitande *Fram*. – Men han skulde kanskje ha vore kristna på folkvis? meinte faren. – Det kjennes som eg er både døypt og konfirmert, svara guten; og så vart det med det. Ingen skulde vita kven han var, anna enn at han var av folke deira og skulde vera son i huse. – Vi har fått han av Vårherre, sa foreldra. Dei angra seg kvar gong dei sa det, men først dei vart spurt, sa dei det same; det var troll i det.

Dei var glad i han både mannen og kona. – Det er slik *bringe* på han, sa ho. Folk sa det same; men det fanns dei som tykte det var vel mykje av ein god ting, – det var mest som du såg hanen, sa dei. – Det er slike *auga* i han, så truverdige, sa faren; og folk sa det same. – Ikkje fritt for dei liknar på auga i hund, dømte ein og annan.

– Men eg likar ikkje nasen hans, sa tenestgjenta, eg kjem i hug bokken vi mista.

Matmora gav henne ein under øyra. Og gjenta vart så glad i han, ho gjekk på vatne for han åre etter. – Huff desse kvinnfolka! sa *Fram*. Han sa det ofte, for det var mange som vart for glad i han.

Det var ein snild gut. No kunde faren ta seg god-dagane så mykje han lysta, for guten var med husmennene og dei andre arbeidsfolka, og [139] det var utrulig kor arbeide gjekk. – Men så var det no eit bask òg! sa *Fram* og tørka sveitten. Dei andre såg på ein annan: For *dei* hadde ikkje set han tok si hand i arbeid, han gjekk berre og pekte og skynda på. Men han var så ful i auga, dei torde ikkje mukke. Ein eller to freista å snakke med faren om det, men *Fram* var der han òg; han snudde seg til faren og *bad* for dem: det gjorde ikkje noko om dei laug litt på han, det skulde vera tilgitt. *Tilgitt* var eit nytt ord der i lande, og *Fram* nytta det ofte. Det vart eit gromt ord til slut.

Før *Fram* var fullvaksen, var han kjent i all bygda og vidt i kring, det var så mykje til mann. Møtte han prest eller fut eller anna stort folk, da kunde ingen ta av seg hatten og helse som han, og hadde han med småmannen å gjera, da var han stor og brei imot dem, så dei tok til hatten for han.

Klokkaren der i bygda var god i kirka, og utanom var han og halden for ein med dei fremste; han drakk med lensmannen og spella kort med fut og skrivar, og presten bad han heim på den gildaste gjestebods-kost. Det var ikkje stusslig der han var til stades. Han song som gauken, sa folk. Men snart sa ein det, og sia fleir, at den som song i kirka det var han Fram. Han song som hanen morgons tid, sa dei. Klokkaren hørte det, og han meinte på det, at Fram kom etter når *han* song føre, og da var det ingen konst å gala [140] høgt. – Det er klokkaren som syng for fort, det finns ikkje gudsfrykt i det, lét Fram. Dei heldt med han nokon kvar; dei ønskte dei heller hadde han til klokkar. – Snakk ikkje synda! sa Fram. Ikkje kan eg eta og ikkje kan eg drikke, eg kan ikkje spella kort ein gong, sa han.

Da gjekk folk til presten, og sa dei vilde ikkje ha ein etar og ein drikkar og ein kortspellfant til klokkar, og slett ikkje ein som song for fort. Dei vilde ha Fram. Presten viste dem til bispen, og bispen viste dem ifrå seg: Det kunde vera noko i det dei sa, men som det var fekk det vera: slik var loven der.

– Da får vi lite på det finns rettferd til, sa Fram, han gjekk til far sin og fekk ei tønne med sterkt øl. Den gjorde han gjestbod på; han bad til seg klokkaren enda, og det tykte folk var stort av han.

Dei drakk det dei hadde helse for, og morgonen etter var dei like gode og fór til kirka.

Men den messa kom klokkaren søkk full i kirka. Slikt hadde ikkje hendt før, og det var ikkje lite leit. Heile kyrkjelyden sat der og visste ikkje kva dei skulde gjera. Ikkje visste presten det heller. Da gjekk Fram oppetter golve, fekk medhjelparane med seg, og klokkaren vart sett på dør, – han vart ikkje ædru på aldri så lenge. Fram tok romme hans, det var ingen annan til det. Ei frammand gammal kjerring sat der og song [141] så sterkt, det hørtes mest som *ho* tok tonen; men Fram kom etter på karavis.

Etter den dagen var han klokkar. Han kom litt etter dei andre i songen, men det kom seg av det dei andre song for fort, av gammal vane. Han song høgare enn dei. Og orde vart visst: Det finns rettferd til.

Men Fram steig høgare opp. Han steig på sjøve stolen, og sia steig han enda meir. Det gjekk slik til:

Kongen der i lande hadde berre ein son, og han låg sjuk. Det fanns ikkje råd for han. Kongen og dronninga sørgde, og alt folke sørgde, men mest sørgde

kongsdottra, for ho var så glad i bror sin, ho kunde ha hogd av seg høgre handa om det hadde hjelpt. Denne kongsdottra var den venaste skapningen sol skjein på, og alle som hadde set henne, vart enten glade all sin dag, for det det fanns noko så fagert, eller dei vart gåande i sorg all sin dag, for det dei ikkje kunde få henne. Slik hadde det gått presten, han var ungar enda: han sørgde seg både blå og bleik sia han såg henne ein gong. Slik hadde det gått herremannssonen, sia *han* såg henne: det var ikkje enten ord eller eid i han meir.

Kongen let orde gå, at den som frelste sonen hans, skulde ha dottra hans. Dei hadde hørt gjete vismannen i Busvart-skogane; han visste råd for alt. Men det var ubergelig langt dit, ein måtte over både fjell og fynne, gjennom Vådelande og Nålände <sup>[142]</sup> og Endelaus-skogane: ei ferd så vålig at aldri hadde det komme nokon levande dit eller derifrå. – Den som gjer den ferda, det er ein mann, og han vil eg ha, sa kongsdottra. Og Fram var den første som hørte dei orda; han hørte dem av den same gamle kjerringa som hjelpte han og song i kirka.

Unge herremannen hadde òg ei søster, og henne hadde Fram set. Henne vilde han ha, for ho var det einaste kvinnfolke som ikkje såg etter han, og prinsessa hadde han ikkje set. Han gret ikkje for gull, som ikkje gull har set. Ho sørgde av di broren sørgde, det var med henne som med kongsdottra, at ho hadde gjerne hogd av seg høgre handa berre det hadde hjelpt broren.

Da gjekk Fram til presten og sa:

– Eg har drømt at du går med eit hjartesar, prest, og eg har drømt at du skal bli god att. Eg kjem her som sendemann frå ei høgre makt: Du skal fara til vismannen i Busvart-skogane og hente lækeråd for kongssonen, sa han. Og han fortalte kva kongsdottra hadde sagt.

Presten meinte det lét seg ikkje gjera, det var ikkje mannaverk.

Men Fram sa: – Du skal sjå fram, prest. Du skal ha *det store* for auga, veit du ikkje det?

– Eg veit ein skal ofre live når det krevst, sa presten. Men ein lyt tenke seg om først. Kva vilde menigheita mi seie når eg fór ifrå dem på slik ferd?

<sup>[143]</sup> – Du skal aldri tenke deg om før du gjer det gode, svara Fram. Og så veit du: eg kunde få klæane dine og vera i staden for deg til så lenge, det skulde ingen merke det, så like som vi er, sa han. Enda var ikkje presten huga, men da sa Fram: Du lyt

skynde deg, for unge herremannen tenker på det same, og det er deg kongsdottra vil ha, det veit *eg*.

Da presten det hørte, gjorde han seg ferdig og fór. Han gav seg Vårherre i vald.

Fram gav seg i veg til herremannsgaren. Han var ikkje krokut der han kom. Først gjekk han inn til jomfrua. – Han hadde fått det bude ovanfrå, sa han, at han skulde berge bror hennar frå hugsotta og lande frå kongeløyse og stor sut.

– Er det sant? sa ho, ho vart så oppi det straks han nemnte broren.

– Ser eg ut som eg lyg? sa han, og da var det ikkje stort att av henne. – Det spørs berre om du vil ofre noko for han.

– Eg skulde ofre heile meg! svara ho.

– Det var det eg visste, sa Fram. Når bror din har fått kongsdottra, da skal du vera mi. Slik får du syne at du har bror din kjær, sa han. Og til den tida er eg prest, og sia blir eg bisp eller einkvart større, med Vårherre si hjelp, sa han.

Herremanns-dottra visste ikkje anna råd, ho lova han det.

Så gjekk Fram til herremanns-sonen og sa: – Her kjem eg som sendemann frå alt folke. Dei <sup>[144]</sup> bed deg, og ventar seg det av deg, at du fer til vismannen i Busvartskogane og hentar hjelp for kongssonen. Han fortalte om kva kongsdottra hadde lova.

Unge herremannen var ein riddarsmann, men han meinte det var ikkje mannaverk. – Eg må snakke med søster mi om det, sa han.

– Det skal du ikkje, sa Fram. Du skal ikkje la ei sjæl vita om det gode du gjer, og slett ikkje om det her; og det to veit, det veit alle. Får presten vår nysn i det, så sett *han* i veg, og det er deg kongsdottra vil ha, det veit *eg*, sa han.

Da herremannen det hørte, gjorde han seg ferdig og fór. Han gav seg lykka i vald.

Slik fór dei i veg både presten og riddaren, lukt inn i Vådelande og lenger, det var mindre enn ei von at dei skulde komma att.

Tredje dagen, og langt inn i Vådelande, såg riddarsmannen presten framføre seg, just som han kleiv over ein vålig issvull. Og presten såg han i det same. Han syntes vinden hadde teke både hatten og hovude av han, og det same syntes den andre. – Dette skal vi nappast om, for eg var kalla til det! tenkte dei baa. Og i veg bar det,

over blaute myrar og bratte skavlar, ur opp og flog ned, dei sømte isvass-elvar og dei hoppa villaste avgrunnen, dei sprang og snåva, dei sprang og datt, det vilde ingen gi seg. Fraus gjorde dei som hunden, og svalt som vargen, og vildra i snøfokke så dei visste ikkje dag. Da vêre klårna, var [145] riddaren så utsliten og nedfor, han visste lite til seg. Då såg han presten kom kravlande etter seg, og i veg bar det att. Dei stomla ned gjennom Nålande millom eiterormar og andre øygjelige dyr, dei fór tett framom dauen og ansa det ikkje. Inn i busvarte skogane bar det. Dag var der ikkje, og ikkje veg, ikkje far etter mannaft. Da riddaren seint omsider fann hytta til vismannen, kom presten stomlande dit frå andre kanten; det hender stundom slikt eit râm. Vismannen var berre ein skugge med langt skjegg.

Riddaren fekk så vidt opp måle at han kunde seie erende sitt, men presten var ikkje så lik.

– Her ligg dei og ventar, sa vismannen, han tok oppå hylla og fann fram nokre blad: dei skulde kongssonen tygge, eitt for kvar dag: så vart han snart frisk. – Men for dauen har eg ikkje noko, sa han. Dei har ligge her og venta på ein mann, så kom her *to*, la han til.

Riddaren vilde ta heile bladklypa, men vismannen meinte det ikkje slik. Presten skulde bera det halve. – Det kan enda bli tung nok bør å bera heim, sa han.

– Men kven av oss skal da ha kongsdottra? sa presten, for no hadde han fått att måle sitt.

– Det skal de talast ved om når de når fram, sa vismannen. De har hjelpt kvarandre storveges hittil, det er von de gjer det same heretter. Men ovundsjuke er tung å klive i berge med, la han til.

Dei vilde i veg att med ein gong, men vismannen [146] sa dei skulde bie til neste dagen rann, og dei lydde han i det. Dei fekk både mat og drikk, og sovna baa to. Da riddaren vakna i lysinga, hadde presten fare.

Det vart same ferda og same floge heimetter. Tredje dagen, og langt inn i Nålande, såg riddaren presten føre seg, han hanka seg opp ei klove i issvull og våberg. Dagen etter nådde han att han, og da var det så smått med presten, han kraup på firefot i steinura. Riddaren vilde framom han, men så var han ikkje mann for å legge han att. Tok han så og leidde han med seg. Han leidde han og drog han, over fjell og fynne, og sistpå tok han og bar han. Slik kom dei stomlande fram over Vådelandsfjella; det vart som ei von om å nå fram. Da sa riddarsmannen, at no

måtte presten komma etter så godt han kunde, – eg er så redd for live til kongssonen, seier han. Han la i veg alt han vann.

I millomtida hadde Fram stått på stolen og vore prest, og folk trudde det var presten sjøl dei hørte, han tala så vakkert. Men om Fram lyddest det, at han hadde teke ut på ferd til vismannen i Busvartskogane, skulde hente lækeråd til kongssonen; så stor ein mann var han.

Leid om ei tid gjekk Fram opp på kongsgaren, vilde tala med kongen sjøl. Kommen inn for kongen bøyde han seg sju gonger i golve; retta seg så opp og var stor kar. Hovfolka tykte det fór ikkje mann der framom som tedde seg så høvisk. [147] Berre ein og annan av dem meinte han vatt seg som hunden da han kom, og brysta seg som hanen da han gjekk; han minte dem om både belar og bokk da han knebøyde for kongsdottra. Folk skal alltid meine sitt.

– Herre konge! sa han. Det er ei røst i meg, som byd meg gjera det eg no gjer: Eg fer til vismannen i Busvartskogane og hentar hjelp for sonen din. Kjem eg ikkje att, så har eg da gjort mitt, sa han og såg på kongsdottra.

Kongen vart så glad han tok rundt i kring han, og dronninga det same; det stod så heitt om at ikkje kongsdottra gjorde slikt slag: han var den einaste i rike som vilde våge seg for bror hennar.

Det vart tomt i kongsstua etter han.

– Eg syntes det lyste kring han, sa dronninga.

– Eg syntes det same, mor! sa prinsessa.

– Ja, eg visste eg hadde ein mann i rike, sa kongen.

Og Fram la i veg. Dei såg han kleiv lia opp i kross og krok, han vart mindre og mindre for dem, og til sist vart han borte i skodda millom dei høge nutane. Dei gjekk i kirka og bad for han, alle på kongsgaren; dei sa enda kongsdottra gret. Men Fram heldt stigen innerter vidda, til han fann ei lita veidemanns-bu. Der slo han seg for. Flust med mat og drikke hadde han i skreppa, og ved og vatn fann han. Og frå bua kunde han vakte over [148] fjelle der presten og riddaren skulde komma att. Han bad til Vårherre at ein av dem måtte nå så langt, for kongssonen si skyld. – Kjem herremannen, så blir eg prest, og kjem presten, så blir eg herremann, sa han. For «all ting må tene den til gode som fortener det,» sa han, det vilde han vita han hadde set i boka til presten.

Og ein dagen kom riddarsmannen framover flya, han sprang og sjangla og stupte og reiste seg fort vekk, men på slutten reiste han seg ikkje meir, han kom krypande. Fram sprang han til møtes det meste han vann.

– Kann du ikkje komma fortare, det står om live i kongsgaren! ropa han.

– Nei, riddaren måtte få kvile på no.

– Umulig! skreik han, ser du ikkje han kjem med ville uvêre! og dermed tok han bladklypa frå riddaren, han var nedi lomma og fann ho. – No seier du meg korleis dei skal brukast, så sant du er ærlig kar! sa han, og riddaren stotta det fram. – Så får eg renne i førevegen, sa han.

– Ja ja, så får eg sjå etter prestkroken, når eg har kvilt meg, sukka riddaren.

– Ja, har han lagt att presten, da fortener han dauen utan pruting og prat! sa Fram, han sprang imot snøfokket og ned til dals.

Og i snøfokk og fælt vêr kom han flygande til kongsgaren og beint inn. Han var både gårut og grimut, slik sveitta han, og kvit av snø, og klæane [149] var i filler, og skone hadde han sprunge av seg så blode rann av føtene.

– Det var eit *tak*, sa han og pusta ut. Men her er det som frelser, sa han og gav kongsdottra bladklypa. Han fortalte korles det skulde brukast; men om ferda si vilde han ikkje fortelle noko: det er så lite å snakke om, let han.

Dei spurte heller ikkje stort, det var så for stor ei gjerning, og så var det kongssonen det stod om.

Kongssonen kjente seg kvikkare straks han hadde tygge første blade, og sia drog han seg til vonoms fortare, og før veka var til endes, var han på føtene og var god kar. Slik glede hadde det ikkje vore i kongsgaren før, og ein dagen seier kongen med Fram, at var det så han vilde ha dotter hans, så stod han ved orde sitt, – du treng visst ikkje spørre henne, sa kongen og lo. Dei trong ikkje spørre Fram heller, for alt sia første gongen han såg henne, hadde ho vore i tanken hans som ei glo.

Det vart lyst ut bryllop i kongsgaren, og alt var i ei glede over heile lande.

Men den dagen kom herremanns-dottra til kongsgaren, og spurte korles dette hang saman, for bror hennar hadde fare til vismannen for lenge sia, var ventande att kva dag det var, og Fram skulde ha *henne*.

– Heng ho enno etter meg! sa Fram. Huff, desse kvinnfolka! sa han.

[150] Det same sa kongsdottra, for ho var så glad i festarmannen sin det var ikkje måte på det, og ingen var å tru på som han. Og alle på kongsgaren stemte i med. Og Fram sa at der han fór hadde det ingen fare før, det måtte vera eit påfunn føre bryllope, trudde han. Det trudde alle, og så vilde dei hundjaga herremannsdottra frå kongsgaren og ut av lande. Men Fram bad for henne: han hadde ikkje hjartelag til slik framferd. Han sa med kongsdottra, at til straff for ho var så treisk, skulde herremannsdottra gå i brurefølge og sjå på når dei vart vigde; og det tykte både ho og dei andre var vakkert av han. Berre ei gammal kjerring var det som lo, ho hadde nyst komme til kongsgaren og skulde baka, det var ho som hjelpte Fram og song i kirka. Dei syntes ho gliste som Styggmannen sjøl.

Dagen etter kom presten stolpande til gars. Han likna lite på eit menneske, så forkommen var han, og ikkje ei mors sjæl kunde kjenne att han. Men ei klype med lauvblad hadde han i handa; dei var frå vismannen nord i Busvartskogane, hakka han fram.

Det kunde vera bra nok, og takk og ære og alt slikt, let kongen, men det trongs ikkje lenger, her var ein som hadde berga kongssonen alt. Fram vart redd at presten skulde få opp måle og fortele om riddaren og ferda si og alt i hop. Så sa han, at enten var denne mannen ein trollmann, som burde på båle, eller óg var han rivande galen.

[151] Presten hadde stått som skamstukken, da han hørte han kom for seint; men da han kjente att Fram og hørte dei orda av han, *vart* han galen. Han let om seg som lodne dyre. Han tuta einkvart om at han hadde drepe bergingsmannen sin innpå fjelle. – Han ser meg ut til noko slikt ja, sa Fram, og dermed sa alle det. Dei batt han og vilde på båle med han: det skulde sjå ut i lande om slike fekk leva! Men Fram bad vakkert for han, og sa at før vilde han gi frå seg gifte sitt før han vilde gjera eit menneske vondt, han hadde ikkje hjartelag til det. Dei skulde berre skysse fanten ut or kongens rike og eit stykke til. Kongsdottra gret, så vakkert sagt tykte ho det var. og i veg fór dei med presten. Gamle bakstkjerringa lo til ho naus.

Og bryllope stod av seg, og alt gjekk som det skulde. Herremannsdottra vart borte straks etter, var ikkje å finne meir. Bror hennar var òg borte. Det gjekk enda det orde, at ein prest hadde komme bort. – Kanskje dei måtte vekk alle da eg kom, alle som har ønska kongssonen vondt, sa Fram. – Det var ikkje ulikt til det, sa folk; men ein gissa på det og ein på det. – Vi får no sjå, sa Fram.

Og dei fekk sjå, for det spurtes snart at grannekongen låg ved grensa med hæren sin. han vilde inn i lande. Fram gjekk til kongen og kongssonen og sa:

– Denne herremansdottra som låg etter <sup>[152]</sup> meg, må ha reist etter bror sin, og kor han er, det veit ikkje eg, for ein skal tru det beste om folk. Men det er meir enn merkelig, at fienden skulde komma da herremannen vart borte, og at søstra skulde bli borte da fienden kom. Og om han var spæjar eller noko anna, han som fór her og gjorde seg galen, det tør ikkje eg dømme om, for eg dømmer ingen.

Da dømte kongen: at Fram skulde ha herremanns-garen som han stod og låg. Og dit flytta han med brura si, og alt var vel og bra. – Underlig som det lagar seg for oss, sa han. – Det gjer så, vennen min, sa ho. Men både du og eg fortente meir enn ein slik gar å sitte på, meinte ho. Og verst at fienden kjem! sukka ho. – All ting tener den til gode som fortener det, sa han, og lat berre fienden komma, sa han.

Fienden kom, og han var fjølgmennt. Kongen var for gammal til strid, og så drog kongssonen ut i land og rike og samla folk. Fram fór med han. – Eg sitt ikkje heime når lande kallar meg! sa han, og mangt godt kan det komma ut av ein krig, sa han med unge kona si. Han var både sterk og stor der han fór: han gjorde laust krigsfolk i tusental, og sette slikt mot i dem at det var unders verk; det var han og ikkje kongssonen som stod for verke. Dei tykte han song som luren, dei fleste. Eller som hanen, sa nokre, – dei var ikkje mange.

Og han var den som mana dem fram mot <sup>[153]</sup> fienden, da det kom så langt, dei vart farlige reint. – Dei har ein med seg som gjøyr! sa fienden og lo. Det bar i hop. Fram heldt seg atterst og ropa folke i veg føre seg, det måtte einkvan til det òg. Fienden veik unda, gjennom skog og skar, og vart borte. Dei trudde han hadde rømt heim, og dei etter han. Da kom han bakpå dem, best det var, og da dei så snudde seg imot han, vart Fram fremste mann. Han vart ifrå seg, han visste ikkje kva han gjorde, og dermed sette han i og storhva imot fienden og svinga staven sin, han skreik seg blå.

Da ropa fienden og flaug: Der er han som gjøyr! der er han som gjøyr! han er den verste.

– Etter dem! Etter dem! skreik Fram. Lat oss moldgjera dem. Og fram strauma dei og stima dei, beint på fienden, og jaga han ut i ei myr. – Etter dem! etter dem! skreik Fram, han stod på ein stein og fekta. Dei i veg ut i myra; kongssonen i brodden for dem. Han reid seg ned i myra, og mange med han, men fienden gjekk det verst med. Dei slo han og forjaga han så det var eventyrs verk, og Fram etter med alt sitt mål; det var bortom alle haugar til mål i han den dagen, fienden syntes

høre det lenge etter han hadde komme i sitt eige rike, – dei sprang heim kvar ein skank som att var.

Kongssonen var død i myra, da dei kom att, og mang ein glup kar med han, men sigeren var vunnen, og Fram kom heim sigerherre. Alt lande stod i sol og song imot han. Kongen hadde gått [154] til sengs da krigen braut laus, og no stod han ikkje opp meir, han la seg til og døde. Straks etter likferda vart Fram ropa ut til konge. Han mælte imot, men dess sterkare ropa dei, han kunde heller ha stogga nordavinden enn stå imot krona dei kom med. Ho høvde som ho var støypt for han, syntet seg. Det var ei stor stund i lande. Einast i gamle bakstkjerringa var fram og lo, men ingen visste kva ho lo til.

Den nye kongen gjorde far sin til prest, for *han* var ein gudfryktig mann. Så stor ein mann var Fram, at han det kom i hug midt i all herligdommen.

– No er vi der vi skal vera, vennen min! sa ung dronninga.

– Det er mest meir enn eg har fortent, sa Fram.

– Nei, meinte ho, enno har ikkje lande takka deg som det bør, for det du berga bror min.

Gamle bakstkjerringa hørte det med: ho krema og naus så det nogg i folk.

Fram styrte mildt over lande sitt. – Så mild kan mektig mann vera, sa folke. Han hadde teke til kongeord: *Vekk med det vonde!* Og alt dei kunde merke, så minka det vonde i kvar manns gar. Det stunda til ei ny tid i lande.

– Men ein ting gneg meg, sa kongen, og det er at Develen skal ha noko makt enno. Og når det bit *meg* som det gjer, da kan de vita korles det kjennes for Vårherre, sa han. Og det har eg ligge [155] vaken om nættene og grunda ut: Vi sett han av, her i lande, vi gjer han til ingenting. Den som elsker han, får mæle imot. *Eg* seier: *Vekk med det vonde!*

– Vekk med det vonde! ropa dei imot han, det var som fossen vill. No sett vi develen av!

Den som ropa høgast, var bakstkjerringa, men ho lo og gliste innimillom, vilde folk vita.

Alt kunde ha vore vel og bra nok, men straks etter tok det til og vart utrygt borti uthusa på kongsgaren. Der var ufreskje på låven om natta. Med kvart murra det

hund, med kvart remja det bakk, og i millom var det ein hane som gol så stygt, – det var som Develen sjøl skulde grassere der, sa dei. Dei prøvde å gjera åt for styggmakta: Dei vart livskræmt attmed det arbeide. Kongen vart tornande vreid. Han vilde ikkje tru det, og vilde ikkje høre snakk om det: det skulde ikkje hende slikt! Develen *var* avsett, og kongens ord skulde stå. Sistpå hengte han dem som kom og var skræmt. Det nytta ikkje, for alle mann i kongsgaren var skræmt. Så måtte han ut sjøl, kongen, det var ikkje anna råd. Han hørte styggedommen, enda han svor at han ingenting hørte, og så steig han i veg og skulde få ein ende på det: kongens ord var lov i lande!

Opp låvebrua gjekk han og inn på låven i mørkre, med spika i hand. Alle hovfolka stod ute i tune og var mjo i knea. Han song ut så det ljoma:

– Ti still, din devel, her er *eg!*

[156] Da kom det ein hund imot han. Det var mykje til blid hund, han lea seg og vatt for kongen så det var eit tegn. Kongen likte han ikkje, han steig unda føtt for føtt, til han var utpå kanten mot høyståle. Da sette ein hane i og gol, og kom flaksande beint på kongen så spika slokna, og kongen vart så utor det, han gjekk hovudstups ned i høyståle. Der stod den store bokken på kongsgaren, han lurte seg gjerne dit om kvelden og åt høy. *Han* visste ikkje kva som kom farande ned, men redd vart han, og sint vart han, og til å stange kongen alt han vann. Kongen rulla seg unda og fram i svala, men bokken etter og smurde han i golve tak for tak, og til sjuande og sist låg kongen vettlaus oppi kolhaugen.

Hovfolka visste ikkje kor det vart av kongen, men ein meinte det, og alle meinte det etter kvart, at Develen sjøl hadde teke han.

Den gamle kjerringa stod og snytte seg og smått lo: – Hunden og hanen og bokken! Der råkta han seg sjøl ein gong!

Langt om lenge manna dei seg opp, henta mange lys og våga seg inn på låven. Hunden frå herremanns-garen kom imøte med dem, han fór der så ofte i det siste, og hanen og alle hønene sat der; og nedi høyståle såg dei bokken, han stod der og ørta og skjegla opp til dem. Kongen han såg dei ikkje. Dei ropa på han, men fekk ikkje svar. Da kom redsla over dem, og inn fór<sup>15</sup> dei heile mannhusingen. Sist sprang bakstkjerringa. Develen [157] var ikkje langt unda, tykte dei, han var ikkje så avsett.

Kongen spurtes det ikkje meir til på kongsgaren.

Han vakna i kolbingen morgonen tidlig. Han var kolande svart alt med seg, og kunde umulig kjenne att seg sjøl. Da han kom ut, undrast han kva for ein storgar han hadde komme til. Ei gammal bakstkjerring kom ut og gav seg i snakk med han, spurte kven *han* var, og kor han åtte heime. – Han svara at han var ingen kar, han var berre ei gammal skugge som fór og rak i bygda; heim åtte han ingenstads. Han fekk ein gammal galnsking av kjerringa, og takka og vart glad.

– Deg meinte eg mest eg hadde set før? sa han.

– Å ja, vi to er ei aln tå same tye vi, sa ho og snytte seg. Du har havt di tid, og eg mi, og heretter blir det gjerne litt krunglut for oss båe, sa ho. Eg er Develen eg, om eg sjøl skal skryte av det, og dermed gjekk ho, – kallen gjekk andre vegen.

Sia fór han natt i gar, land og strand rundt. Og kor han kom, hadde han eit eventyr å fortele, om nokon iddest høre på, og det var fortelinga om han sjøl: han meinte han hadde hørt det med han var smågut.

– Det var den tida, pla han seie. – Det går ikkje slik for seg no lenger.

– – – Og det kunde han ha rett i, sa Anders.

Dei andre sanna med han i det.

# Åmund og Vemund

[161] Enda eit eventyr fortalte Anders; han sat i kammerse og fortalte for borna.

Det var ein gong ei kone som jaga etter mannen sin, ut or huse og ut or bygda, for det kom opp at han hadde stole med han var ung: han hadde stole alt tømmer til stua dei budde i. Mannen heitte Tor, og vart heitande *Tor forjaga*. Ho tålte ikkje bu lenger i den stua. Det nytta ikkje kva folk sa, ho reiv stua ned og kjørte kvar ein stokk att-ende til eigarmannen; så budde ho i ei hytte etter den dag.

Ho hadde tre små born, to gutar og ei gjente, og gjenta var yngst. Gutane var to galningar, og dei vart ikkje likare etter som dei vaks til, det var mindre von det skulde bli folk tå dem. Mora gret ofte for dem. Den eldste heitte *Åmund*, den andre *Vemund*; gjenta heitte *Solvi*, ho var så snild som dagen var lang. Det hendte at ein av gutane spurte etter faren; men mora kom seg aldri til å fortele korles det hang i hop med han, og ingen annan nemnte han heller for dem. – Kva er det med 'n far, at han aldri kjem heim? sa Vemund, han var den verste til å spørre. – Det skil meg ikkje, svara [162] gjerne Åmund, for han var det ikkje mange orda i. – Ja men, kva er det? sa Vemund. – Enten er han ein skarv, eller ein stakar, eller så er han eit skikkelig menneske, meinte Åmund.

Så var det ein vårdag, gutane fór og seglde på isflak nedi vågen. Solvi stod oppå bakken og heldt auga med dem, det var hennar vis. Dei seglde ut vågen på største flake og ropa og song; men lenger ut møtte dei båra, og ho slo sund flake for dem. Dei flaut på kvar sin isbete, og låg i oppunder øyra. Rope om hjelp vilde dei ikkje, men det gjorde Solvi, og mora kom springande ned til sjøen. Båt var ikkje for handa, men i fjøra låg det ein gammal stokk. Ho hadde vore borti den stokken fleire gonger og vilde havt han på sjøen, for ein tjuvstokk heldt ho han for; ho hadde ikkje vore godtil å få han ut. No måtte han ut, og ein fjølende fann ho til år, og så rodde ho utpå og berga gutane sine.

Det første ho gjorde da ho hadde land under føtene, var at ho dengte gutane, for større var dei ikkje enda. Sia bytta ho klæa på dem, og sist bytta ho på seg sjøl; men da var det for seint, ho fekk slikt ill-frost i seg. Ho vart liggande sjuk. Ho kom aldri opp meir.

Da vart det folk av gutane: Dei måtte drive garen som vaksne karar, dei måtte både pløye og så.

Men ein dagen, da det hadde vorte sommaren, sette mora seg opp i senga og sa:

[163] – Kom hit, gutar, får eg snakke med dykk!

Dei kom borttil, båe to. Da sa ho:

– No har eg tilgitt far dykkar, eg har stryke ut alt eg hadde imot han, og no skal de to gå og finne han og få han heim: no er det eg som vil be han om tilgiving. De skal ta meg i hand på at de vil gjera som eg bed dykk, i eitt og alt.

Dei gjorde det. Og mora sa:

– De er på vegen til å bli folk, og no skal de ut og bli karar: de skal komma heim med han far. Det blir ein lang veg, og ein hard veg; eg har set han når eg drømte, og eg har set lande der han far held til, det er uendes langt dit. Eg har set *han* òg: Han har det så vondt.

Og no skal de lova meg det: De skal aldri stane på vegen, og aldri vike av når de har funne vegen. De skal tilgi alle som gjer dykk imot, og ikkje sette hardt imot hardt; de skal hjelpe alle som treng det. Snakk sant, same korles det bær til.

Dei måtte ta oppatt orda for henne, så ho hørte dei hadde dem med seg.

– Men skulde dei gå ifrå henne? undrast dei.

– Ja, det skulde dei. – For no er eg ikkje for god lenger til å ta imot god manns hjelp, sa ho. Og da er det alltid dei som hjelper, la ho til.

Dei undrast på korleis dei skulde finne vegen. – Det skulde dei ikkje ottast for, sa ho: Sola i andlete om morgonen og i nakken om kvelden, og resten fekk dei til givings som alt anna.

Morgonen etter, før sola rann, var gutane oppe [164] og stod på ferdafot. Mora krak seg opp og var med dem utom veggen; ho signa dem før dei fór. Solvi var med og gret. Åmund bar ein liten pose med niste, det var til dei første dagane. Sia var det nok, når dei fortalte folk kva erend dei var ute i, sa mora; dei kunde be for seg, men aldri ta.

– Berre dei kjem att! gret Solvi, ho var så glad i brørne sine.

– Jau, sei det, dei kjem att! trøsta mora. Eg har *set* dei kjem. Rare skogar og sjøar og rare land har eg set, og brattberg og fiendar og mangt anna; men fram finn ein og heim leitar ein seg, den som er ute i godt erend, sa ho.

I det same rann sola. Ho skjein på hytta og ho skjein på vollen kring dem, ho la sølv på vågen og gull på alle fjella dei såg. – Det lova godt, meinte mora, og slik vart det den morgonen dei kom att. Så gav dei seg på gonga.

Åmund hadde ei lita øks i handa, han gjekk med skafte til stav; – ho var da heimantil. Vemund gjekk med ei fjør av hanen; – ho var så stor og vakker, og hanen var død. Han snudde seg til Solvi og sa, at fann han noko rart på vegen, skulde han ta det med heim til henne. Åmund snudde seg til mora og sa, at enten kom dei heim med han far, eller så kom dei aldri.

– Det var det eg vilde! sa dei båe som att stod.

Gutane snudde seg og gjekk, den eine med [165]øksa, den andre med hanefjóra. Dei såg seg ikkje attende oftare.

Dei gjekk den dagen til endes, og dagen etter og enda ein. Sol rann og sol seig, og dei gjekk. Vemund spurte om mest alt han såg, og undrast på mangt anna. Åmund svara somtid og tagde somtid, og sa gjerne at dei hadde langt enno å gå. – Undres på om ikkje han far var ein røvar? sa Vemund ein dagen. – Berre han var så pass, svara Åmund. – Tru om vi skal ta og banke det vonde utor han? sa Vemund att. – Trur aldri det var det mor meinte, sa den andre. Og så skal du ikkje undrast over så mange ting, sa han. – Eg undres no på *det* eg? sa Vemund.

Om dagen gjekk dei. Om natta sov dei under eit tre. Dei gjekk i sol og dei gjekk i regn, og vegen tøyde seg framfor dem, og verda vida seg ut kringom dem; og stjernene heimanfrå stod over dem om natta og vaka.

– No er vi langt heimanfrå, sa Vemund, det var sjuande dags kvelden og midt inni ein skog.

– Ja, no er nisteskreppa tom, sa Åmund.

Da dei kom fram på vegen morgonen etter, kom det ein mann riande imot dem. Det var ein herremann, det såg dei, og dei vart ståande og sjå; det blenkte både på han og hesten. Og han stana og såg på dem. – Han spurte kva karar dei var.

– Vi er sønnene hans Tor forjaga, sa dei, og [166] no er vi på leiting etter han og skal ha han med oss heim.

– De skal komma dykk heim sjøl! sa herremannen. De går dykk berre bort uti verda, de skal snu straks! – han var morsk i måle.

Dei smatt framom han og la til sprangs, for snu kunde dei ikkje. Riddarsmannen bråsnudde og vilde etter; men hesten snåva, så mannen fauk på hovude imot ein stein og vart liggande. Gutane såg det, og med det same hesten kom rennande framom dem, hogg dei i tøyglane, ein på kvar sida, og hang fast og flaug med han så vinden blistra og gol kring øyra på dem. Endelig fekk dei stana han.

– No rid vi så langt skogen rekk, sa Vemund.

– Ja, no kan han ligge der og undrast på kor han gjorde av hesten sin, sa Åmund. For stane på vegen kan vi ikkje, sa han.

– Nei vi kan ikkje det, sa Vemund. Men vi skulde hjelpe den som treng hjelp – det er ugreit det her, sa han. Eg meiner vi får ri attende og sjå til at han ikkje ligg vondt, sa han; – så gjorde dei det.

Mannen låg og blødde. Dei snudde på han og snakka til han, var etter vatn og vaska reint såre i panna på han; og da kom han seg.

– Her er no hesten din, sa Åmund.

– Det vart ikkje så vi stal han, sa Vemund.

Endelig fekk dei han opp på hesten, og endelig fekk dei vita kva veg det bar til heimen hans: [167] det var vegen deira. Ein stødde han, og ein leidde hesten, og ut or skogen kom dei til ein stor gar. Der var alt så stort og gildt, dei kunde ikkje tru auga sine. – Vi får høre kva dei seier her, sa dei med einannan.

Det var heimen hans dei kom til, så da folk såg hesten og den halvdøde mannen, vart det ikkje liten oppstand. Han kom seg snart, så han kunde fortele korles det hadde bore til. Gutane måtte inn, så fint der var, og mat fekk dei og drikk fekk dei så det var ovanom alt dei hadde drømt. Så vilde dei i veg att. Men da tok dei til å be dem, både riddarfrua og alle dei andre fine folka, at dei skulde bli der, ja riddaren med da han vart så lik. Sistpå sa ho det, riddarsfrua, ho var så god at dei knapt kunde sjå henne i auga: dei skulde vera som sønner der i garen! For dei hadde

ingen sønner og fekk vel ingen heller, dei hadde berre ei dotter. – Og far dykkar finn de aldri, og aldri kjem de heim meir! sa ho.

Nei, dei måtte i veg no, sa gutane, for finne han måtte dei, og ei mor hadde dei heime, ho òg hadde berre ein gjentunge no. – Men dei kunde kanskje bli her til i morgo? meinte Vemund, her var så for mykje merkelig å sjå, og dyktig sliten og sårføtt var han. – Nei, Åmund takka for seg og tok øksa, – Vemund kom diltande etter med hanefjøra i hand. Nisteposen hadde dei fått full.

Da spurte herremannen om dei visste vegen. – Nei, den visste dei ikkje for vel, men dei skulde [168] ha sola i andlete om morgonen og i nakken om kvelden, og resten fekk dei vel til givings, dei som fór i godt erend, meinte dei.

– Eg får gjera det, så gale det er, sa herremannen, han bad dei sette for hesten og skysse gutane til sola gjekk ned. Da dei var to-eina att, sa Vemund, han tykte dei var karar som ikkje let seg stane. – Å ja, men enno var det langt att, meinte Åmund. – Men kom vi i hug å tilgi han? sa Vemund. – Å, sa Åmund, det røynte ikkje på den her gongen, dei hadde det til gode til ein annan gong.

Sol rann og sol seig, og dei gjekk. Dei nådde knapt heim med tanken lenger. Men sola var så stri om dagen, ho var ikkje til å stå ut. Dei visste råd for det, dei gjekk om natta og sov med dagen. Oftast høvde det slik at dei råka folk, morgon eller kveld, som gav dei einkvart å eta. Det var ikkje så fint som det dei fekk i herremannsgaren, og bra var det, syntes dei, for så fin mat var det skam å eta, og dessutan var han opp-eten før dei vardest, så fin var han.

Og rarare vart verda dess lenger dei kom. Månen skjein så frammandt for dem dei lange nættene, på frammande skogar og snaufjell, på vatn og vegar og på hus der frammandt folk sov. Frammande treslag stod og blunda der dei gjekk; med kvart hørte dei vinden, og han med var ukjend for dem. Vemund stana for og spurte rett som det [169] var, han såg ti forunderlige ting der Åmund såg ein eller ingen. Åmund han berre gjekk, han visste ikkje å svara på det kor som var. – Vi har det raraste att, var gjerne orda hans. Og Vemund tagde og hang med; det var fram dei skulde.

Ei natta kom dei til *Svartskogen*, og den måtte dei igjenom. Der fanns det ikkje sol om dagen, og ikkje stjerne nattens tid; det var svart og stilt som dei gjekk under jorda, og tomt så fotstega song etter dem i mørkre. – Rettno blir eg redd, sa Vemund. – Det er godt vi er *nøydd* til å gå her, sa Åmund. Dei gjekk og dei sov og dei gjekk att, og endelig ein gong kom dei ut, og blanke dagen blinda dem.

Sol rann, og sol seig, og dei gjekk. Ei natta kom dei til *Sølvskogen*. Dei kom over ei åshøg, og midt framfor dem og til alle kantar stod skogen med sølvlauv på trea, og månen spegla seg i det så det var lyst som ein dag: månen var av gull, og kvart blade var ein sølvspiegel. Nattvinden anda på skogen, strauk og spella så uendes vårhendt, og da bragla alle sølvspeglane, og det sildra og song i all lufta over dem, ørfine klokker av skjære sølve; det var lauve som ringte. Og alle berga svara.

Gutane hadde vorte tvert ståande, og stod gjorde dei da dei fann att seg. Denne gongen var det Åmund som først sa noko. – Vi får gå da, sa han. Langt om lenge kviskra Vemund og spurte <sup>[170]</sup> kvifor det var slik her. Han spurte fleire gonger. – Ja kvifor skin månen? sa Åmund. Og enno har vi det raraste att.

Og det hadde dei, for så kom dei til *Sølvsjøen*. Dei vart så blinda av glansen, dei mista vegen, og dei fann han ikkje att. Så gjekk dei frammed stranda. Vemund måtte stane alt i eitt og spegle seg i sølvvatne, det var rinnande sølv; berg og tre stod der og gjorde det same, hadde så gjort all si tid; han hadde aldri komme seg derifrå med si eiga hjelp.

Så rann sola over det, og da først var det rart, for da loga skogen og da loga sjøen imot henne og skalv, det bevra og det bragla i bloddrypande sølve, – og blir det vakrare no, da klip eg att auga! sa Vemund. Dei let att auga og gjekk.

Da dei såg opp, var sølve borte, dei var over ei lita høg. Vegen hadde dei funne utan å sjå.

Dei var innom fleire stader og bad om litt mat i Guds namn. Dei vart jaga.

– At folk skal vera så hardhjarta her? undrast Vemund.

– Det har seg vel slik, sa Åmund, han langa på og gjekk.

Lite om maten hadde det vore dagen før, men med dei gjekk gjennom Sølvskogen merka dei det ikkje. No var dei knapt gonghøve. – Så fekk dei sova, når dei ikkje var anna til, meinte Åmund, han kraup under ei buske. Vemund kunde ikkje sova, han såg enda for seg så mykje fagert.

<sup>[171]</sup> – Du skulde ikkje vera så dum, sa Åmund.

– Det er ikkje støtt det dummaste å vera det, sa Vemund.

Åmund sov, og Vemund sat og såg i kring seg. Da vart han vår at tree attmed dem var fullt av gild frukt. Han reiste seg og tok ein; han tok mange. Dei var udømelig

gode. Han vekte Åmund, og dei åt til dei sovna bae to.

Sol rann, og sol seig, og dei gjekk og gjekk; og ei natta kom dei til *Gullskogen*. Dei kom over ei åshøg, og midt framfor dem og til alle kantar stod skogen med gull-lauv på trea, og månen spegla seg i det så det var lysare enn ein dag: månen var av sølv, og kvart blade var ein gullspegel. Nattvinden anda på skogen her òg, strauk og spella så uendes vårhendt, og da bragla alle gullspeglane, og det sildra og song i all lufta over dem, ørfine klokker av skjæraste gulle; det var lauve som ringte. Og alle berga svara.

Gutane hadde vorte tvert ståande att, og stod gjorde dei da dei kom til seg.

– Vi får gå, kor som er, sa Åmund.

Vemund kom, men det var tungt å komma. – Eg visste det var til, dette her, kviskra han.

– Visst det *er* til da, sa Åmund. Kom så, for det raraste er att, sa han, – han stal seg til og tok med seg eit gullblad, for han visste litt om kva gull var verdt.

Og det raraste var att, for så kom dei til *Gullsjøen*. Dei vart så blinda av glansen, dei mista [172] vegen att, kunde umulig finne han. Så gjekk dei stranda frammed. Vemund måtte stane alt i eitt og spegle seg i gullvatne, det var rinnande gull, berg og tre stod der og gjorde det same, hadde så gjort i all si tid; han hadde aldri komme seg derifrå med eiga makt og hjelp.

Så rann sola over det, og da først vart det rart, for da loga skogen og da loga sjøen imot henne og skalv, det bevra og det bragla i sølvskinande blod: det var grått alt dei før hadde set, – og blir det vakrare no, da klip eg att auga til gagsn! sa Vemund.

– Klip dei att, sa Åmund, for dette var eit syn som ikkje auga tålde sjå og ikkje hjarte kunde bera.

Dei let att auga og gjekk: Enda såg dei det.

Men best det var, gjekk dei seg beint på ein mann. Det var ein liten rukkut kvitskjegg, det var armelig knea bar han. – Er de blinde de? skreik han.

– Ja, vi er ikkje fri det heller, sa Åmund.

– For her er så blankt av gull! sa Vemund.

– Eg skal gi dykk gull eg! kvein han. De har stole eit gullblad ifrå meg, og her skal de få kjenne ein kjepp av gull! – dermed svinga han kjeppen og slo.

– Au! au! ropa dei. – Smaka ikkje bedre den der enn ein trekjepp, sa Vemund og lo. Men kva har du med øksa for? sa han til Åmund.

Åmund løfte øksa imot kallen, og kallen tokka [173] seg unda. Men så let han henne sige. – Vi sett ikkje hardt imot hardt, sa han, og her har du gulle ditt, eg treng det ikkje!

Han hivde blade til gamlingen, men da var det berre eit folna seljeblad. Og alt gulle kringom dem hadde folna: skogen stod med haustgult lauv, og sjøen var grågule vatne. Men kallen tok opp blade og glatta det ut, og heile det skrukne andlete glatta seg ut, så glad var han. – Takk og tusen takk! sa han.

– Det er da berre eit lauvblad, sa Åmund.

– Kva vil du med det? sa Vemund.

– Det er gull for meg! lo kallen.

– Kunde du ikkje gi meg eit gullblad med heim til søster mi, spurte Vemund.

– Hm! sa kallen. Gir du meg den fjøra der, så skal du få snippen av det, sa han.

– Nei, sa Vemund, den kan eg ikkje sleppe, ho er av hanen heime.

– Og dette gulle hans er ikkje gull, sa Åmund.

– Å nei, det er no ikkje blankt for alle, gulle heller, flirte kvitskjeggen. Men for det de gav meg att det som er mitt, og ikkje brukte makta, så skal eg syne dykk vegen. Vårherre bad meg elles om det i natt her, han visste de kom.

– Visste han det? undrast Vemund.

– Så var det ikkje for mykje om du gjorde det heller da, sa Åmund.

– Det er ikkje lite det, at ein gjer det *han* [174] bed oss om, og kom no! sa kallen. Men far ikkje så de mister fjøra!

– Den meinte eg heller han skulde kaste, sa Åmund.

– Mi tru om det! sa kallen. Hør ikkje på sluge folk, sa han til Vemund, – de skal vel heim att?

Og der var vegen, sa han og pekte. Beint imot det brattberge skulde dei gå. – De ser noko kvitt der – der attmed skal de opp. Så er det beine vegen fram, sa han.

Gutane sa farvel og takk, og la i veg att. Dei gjekk og dei sov, dei gjekk og dei sov, fór over haugar og mo og myr, gjennom vass-sik og vidjekrungel og klungerskog, mista vegen og fann vegen; dei gjekk beint på det kvite i berge. Det var ein vålig foss, og berge var svart og bratt, ei mil til høgre og ei mil til venstre eller så på lag. Veg opp fanns der ikkje, fanns ikkje stig eller skar, ikkje feste for fot.

– Kva gjer vi no, meiner du? sa Åmund.

– Hører du songen? sa Vemund.

– Berre fossen! bles Åmund.

– Ja men hører du ikkje kor fagert han let for oss, han både spellar og syng?

– Du hører og ser så reint for mykje du, sa Åmund; det var opp her dei skulde.

Men han med vart lyande på det. Dei vart sittande og lye på fosselåta til dei ikkje visste [175] av noko meir; det kom natta på dem. Da løfta fossen måle og kvad enda venare. Dei hørte han med dei sov, han bar dem over både Sølvlände og Gull-lande og langt inn i himmerike.

Men da dei vakna, så sat dei der i grase, ein med øksa si, ein med fjøra si. Og fossen tona og song.

– Eg er så glad for at vi kom hit, sa Vemund.

– Du skulde heller ønskt oss herifrå, meinte Åmund.

– Vi kjem aldri opp det berge, sa Vemund.

– Nei, men opp må vi. Og du som hører og ser så mangt slag, kan du ikkje sjå ein oppveg for oss? sa Åmund.

– Nei men ser du lauve på trea! ropa Vemund, det brettar seg i vøre og lyar, det er som øyra på dyr, sa han.

– Ti still med tullsnakke ditt! murra Åmund.

– Enn trea er jamhøge med berge da! undra Vemund seg.

– Ja ha, og da veit eg råd, og takk skal du ha, sa Åmund. Han tok øksa og til å skora i tree nærmast berge. – No kan du spørre kva eg vilde med øksa, sa han.

Da første hogg fall, tagna fossen: det var berre grove vassduren som stod til vêrs. Berge stod skumt og stumt imot dem. Vemund skiftast med Åmund til å hogge, for det var eit digert tre. Så fall det, og slik som Åmund hadde rekna; det [176] stod på hall oppetter bergveggen. Vemund kleiv opp først, for han var så vitansjuk, Åmund etter i god ro.

– Jamenn er verda stor du! sa Vemund da han var oppkommen.

– Jamenn er ho dryg òg, sa Åmund, da *han* fekk sjå.

Det låg ei endeløyse framfor dem med flatt land, med garar og grønne engar, og elvar og vatn og strender var der, og byar og kirker og mangt rart, og ein staden låg der ein kongsgar og skjein så det blenkte i ruter og tak. Og slik forunderlig vid himmel som der var over det.

– Men kor har vi no sola? spurte Åmund, han vilde ha henne å gå etter.

– Sola er det i det blå med no, sa Vemund, han såg etter henne. Det er ikkje ho vi skal gå etter no lenger, sa han.

Og der såg dei beine vegen alt lande bortgjenom, han streka tvert over det og imot ein blåna av berg og skog. Dei la i veg på nytt, og Vemund såg og spurte, og Åmund såg og tagde, og med kvart var dei innom i ein gar og fekk seg eit mål mat. Dei hørte seg for etter Tor forjaga, men han fekk dei ikkje spurlag på.

Ein kvelden kom dei til ein krossveg, og da bar det ikkje bedre til enn at dei stana, for det var slikt ståk av folk på venstre handa, det spella og det song og det lo, og folk kom det og drog i den [177] leia fort vekk. Dei visste ikkje av før dei hadde gitt seg med.

Dei kom fram til ei stor slett, og slik fjølld av folk som der var hadde dei aldri set før. Vemund spurte ein mann kva som stod på her. Det var ein gammal og kvit ein: andlete fullt av skjegg, auga fulle av visdom; han stana og såg velare på dem; så sa han:

– Jaså, de har ikkje komme lenger enda?

Dei syntes dei skulde dra kjensel på han, men kunde ikkje komma etter kor dei hadde han ifrå.

– Ja ja, dette er *Den store marknaen* det, sa han. Og den skulde de vel sjå, de óg, kan eg tru. Og går det ikkje rundt for dykk her, da er det von om de finn far dykkar lel, sa han, – dermed så vart han borte for dem i folkhopen som stima til marknasvollen. Da kom dei hug det, at han var kvitskjeggen frå Gullskogen, men dei glømte han straks att og det han sa, det var så for mykje å sjå.

Først var det alt folke, det var ikkje tal å få på dem, fint folk og fattigfolk omeinannan i eitt kry; så var det alle tjelda og buone, der dei kjøpte og selde, det var endelause rader av dem, og fulle av alt som auga vilde sjå, det bragla og det skjein så det vilde dra ein til seg. Så var det vollen der dei leika seg, der spella det og dansa det og lo himmelhøgt, så dei to gutane stod og trødde og vart øre i hovude. Og så var det mørke kvelden, og store, rare lamper brann i tretoppene over heile marknaen og gjorde all ting utrug for ein.

[178] – Eg hadde aldri drømt det var noko slikt til, sa Åmund.

– Nå, eg har da *drømt* om det, sa Vemund.

– Den som hadde einkvart å kjøpe for! sa Åmund.

– Den som visste kva ein skulde ønske seg! sa Vemund.

Men dei to ting var det inga råd med, og så trødde dei etter dansen og så blistra dei etter slåtten, og best det var, sette dei i og sa *ho!* dei var så urimelig lystige.

Da var det ein ungdom som steig til framfor dem, ein med vid hatt og sid trøye, han spurte kva dei stod her og trampa etter og skreik *ho* for.

– Vi er så gælne vi kunde flyge! sa Vemund.

– For det er *Den store marknaen* det her, sa Åmund.

– Ja det veit eg, men de er to toskar alle tre! sa frammandguten. Gi meg fjøra di, sa han til Vemund.

Nei, den kunde ikkje Vemund skille seg med. – Ho er av hanen heime, sa han.

– Du har ikkje lov til å gå her med noko heimanfrå, og hit med a! sa frammandguten, og så reiv han til seg fjøra.

Da la Vemund beint på han, og så reivst dei om fjøra eit tak. Så syntes Åmund det var for gale at dei skulde ta frå folk nokon ting med makt, og dermed slo han frammandguten over handleen med øksskaft, så fjøra datt på marka. Korles [179] det så gjekk, visste han lite og inkje om, men sloss gjorde dei så fjøra fauk, – ho fauk beint til vêts i vinden –, og frammandguten fekk ein over nasen så han gjorde både blødde og skreik; han skreik på folk. Da samlast heile marknaslyden kringom dem og skråla den eine over den andre, at desse fillegutane hadde slege gjætarguten til sjølve kongen, dei hadde skamslege han, hadde slege han i hel!

– Og det med øksa! skreik han sjøl, han som var gjætarguten til kongen.

Og midt i sjauen kom kongen stigande, og heile mannhusingen hans med, dei bar økser og all-slag blanke våpn. Folk gjorde veg for dem.

– Kva er det de har gjort? sa kongen; han var så kvass i åsyna og måle, folk vart krokute i knea.

– Han tok fjøra mi! sa Vemund.

– Og eg hjelpte bror min, sa Åmund.

– Står de og svarar òg! torna kongen.

– Dei brukte øksa på meg, sjå her! skreik gjætaren.

– Det er ikkje sant! sa gutane, – du kan da vel ikkje seie det som ikkje er sant? sa dei.

Men heile folkfjøllden kring dem ropa og hua at det *var* sant, dei svor og dei gol, dei hadde set det så tydelig; der var eit par kvinnfolk som var åt og skulde uvite, da dei hørte kor ille det var.

– Heim og i kjellaren med dem! sa kongen, og før gutane vardest, var dei tekne og hivde oppå [180] ei vogn og i veg til kongsgaren bar det, folk etter og hua og skreik. Men mange gav seg att og i dansen på nytt lag, for spelle det lét liksom ingenting stod på.

– Og eg som har mista fjøra mi! suttra Vemund.

– Vi mister meir enn det no, trøsta Åmund han.

Men straks det var sagt, kom den gamle kvitskjeggen med fjøra, retta henne til Vemund og smilte enda: Der er ho. Mist ho ikkje oftare, og mist heller hovude enn mote. Far vel!

Dei vart hivd i kjellaren under slotte, og kongen sjøl var med og såg til at døra vart skikkelig stengd. Da sa Vemund, han såg på kongen:

- Skal vi ha juling, så lat oss få han straks, vi har ikkje tida til å bli her i natt.
- No har eg aldri hørt maken til nasvise ungar! ropa kongen.
- Kva er det han seier? spurte dronninga, ho og dottra stod der eit stykke ifrå.

Kongen fortalte det. Dei kom bortåt og vilde sjå dem; så spurte dronninga dem ut kor dei var ifrå og kor dei etla seg. Dei fortalte alt som det var. Dronninga og dottra tok til og bad kongen han skulde spara dem. Dei skulde ikkje bry seg, sa kongen. – I morgo når sola renn, hogg eg hovude av dem med deira eiga øks! let han. Eg heng henne på døra her til eit tegn, sa han.

[181] – Den eine sitt med ei fjør i handa, sa kongsdottra, ho var berre på alder med gutane.

Så vart døra stengd, og så sat dei der. – Vemund sa det var synd dei ikkje fekk ha øksa hoss seg. – Å, dei fekk tidsnok sjå att den, svara Åmund.

- Visst han ikkje lyg, kongen òg? kom Vemund på.
- Å, dei snakkar visst sant nok når dei lovar ille, trudde Åmund.
- Hadde det enda vore lyst så eg såg letene på fjøra mi, så gjekk tida fortare, sa Vemund.
- Tida går alltid fort nok, etter som det hørtes, svara Åmund.

Det var eit lite hol i muren oppmed golve. Attmed det sette Vemund seg; han såg litt på fjøra, så mørkt det var, og litt tenkte han på eitt eller anna. Han tenkte på kongsdottra òg. Åmund la seg til å sova; det var ikkje anna å ta seg til, meinte han. Vemund undrast om han ikkje drømte om kongsdottra, det vilde ha vore ein vakker draum siste natta.

Med Vemund sitt der og ser ut, kjem det ein stråle av månen inn til han, – ein augneblink, og så var han borte att. – Kjem du åleine, tru? tenkte han.

Men det er det få ting som gjer, og det gjorde ikkje denne heller, for straks etter kom kongsdottra så fin og fager ho var. Vemund hørte det [182] steig i vollen så lett, og så såg han eit par føter så småe og yndelige at det var som skjære draumen. Han var ikkje anna godtil, han kasta ut fjøra si til henne. Og kongsdottra ho bøyde seg og tok fjøra opp, og da såg han andlete hennar att: ho såg enda på han. – Ser ho på meg lenger no, da klip eg att auga, tenkte han.

– Du må ikkje sovne i natt! kviskra ho, og med det same sveiv ho bort så lett som fjøra i vinden, det låg gyllane glansen etter henne, som sola ho sig. – Enn om Åmund fekk gi henne øksa si i morgo! tenkte han. Men det let seg knapt gjera.

Svart vart det, og stilt vart det, og hundane tuta frå gar til gar. Men Vemund heldt seg vaken. Da kom det nokon og rørte ved det vesle vindaug i muren. Jarnsprinkle vart teke ifrå, og einkvan kviskra i mørke at dei måtte komma ut, straks på timen! Vemund vekte bror sin og drog han med. Det var gjætarguten som stod ute, alt dei kunde sjå, det var same vidhatten og sidtrøya og alt i hop.

– Der er øksa, sa han og tok henne frå døra, og der er ein gullknapp for det eg laug på dykk; og der er vegen, og spring no alt de kan! Og kom aldri hit meir!

Han var borte før dei gådde det, og dei stod heller ikkje der lenger, dei sprang så vegen rann som strie bekken i møte med dem. Dei stana nedi ein dal, dei var så andpustne og så tørste. Da sa Vemund:

[183] – No er vi berga. Men det er ikkje han far.

– Så får du komma da, sa Åmund.

– Eg trur heller vi snur, sa Vemund. For fjøra mi skulde vi ikkje miste, sa kvitskjeggen.

– Det blir eit hefte om det ikkje blir noko verre, sa Åmund.

– Det veit vi no ikkje, sa Vemund. Men det veit vi, at gjætarguten hogg dei i morgo, om det kjem opp att han hjelpte oss, og det likar eg ikkje å tenke på.

– Nei ikkje eg heller, sa han, og så snudde dei.

Vemund tok med seg ein stein frå bekken; – for slike finns det berre her, og Solvi kunde snart bli glad i han, sa han.

Dei sat utfor kjellargluggen da folk stod opp på kongsgaren.

– Tru om vi får sjå att kongsdottra? sat Vemund og undrast.

– Kjem vel og ser på når vi skal hoggast, sa Åmund. Men det fører ikkje han far heim til ho mor, sa han.

– Ja dette er vrangt, sa Vemund. Her mister vi hovude for det vi ikkje leita som vi skulde etter han far, og så kan vi ikkje leite etter han, for det vi mister hovude. Men enno har eg ikkje slept trua, sa han.

– Nei, ho er god å ha, sa Åmund.

Dermed stod vaktmannen der og fann dem, det var just som sola rann. Så vakkert hadde ho <sup>[184]</sup> aldri runne for dem før, ikkje heime og ikkje i Sølvskogen eller Gullskogen, ho gjorde all ting nytt og fagert. Men vaktmannen var både grå og vond; og da kongen kom, var ikkje han mildare. Da tok Åmund til ords og sa:

– Vi vart så redd nedi kjellaren, vi rømte vår veg; men så kom vi i hug at det var ikkje vakkert å stela seg bort slik, så snudde vi.

– Du lyg! sa kongen.

– Nei, her er enda ein småstein eg tok nedi bekken, sjå kor trillande rund han er, sa Vemund, han retta 'n fram.

– Jamenn har dei vore heilt nedmed bekken og enda snudd! sa kongen. De er dei raraste gutkroppar eg enno har set, sa han. Men eit kongsword er eit kongsword, og det må stå: hovude skal av dykk båe to! Vaktmannen sa det same; – det er slik med eit kongsword, sa han.

– Dei skal vel ikkje døy fastande? sa dronninga, ho stod i vindauge.

Nei, det var noko i det, og så vart gutane bedt inn og sett ved kongens bord, og der sat kongen og dronninga og prinsessa og alt hovfolke. Det var så grust og gildt, at Åmund kunde ikkje sjå opp og Vemund kunde ikkje sjå ned. Da sa kongen:

– Det ser meg ut til at de vil døy som karar de, og det er stort. Lat meg no sjå de ét som karar først, for det er like stort. Et no gutar!

Og dei så gjorde. Kongsdottra torde ikkje ta auga frå gulltalliken sin, og slik var det med fleire, <sup>[185]</sup> men verst vart det med dronninga. Ho såg på gutane heile tida, og blanke tårane rann nedetter vangane på henne i eitt vekk.

– Du kjem ikkje i hug dei to gutane våre som døde, sa ho til kongen.

Da la kongen frå seg gullkniven og gullgaffelen og sat der og tagde eit tak. Tok han så til ords og sa:

– Etter som de er så pass til karar at de ikkje rømte, så gir eg dykk live. Men kom aldri her oftare; eg likar dykk ikkje, – for eg òg kjem i hug dei to gutane våre! Han såg så kvassøygd på dem at maten sette seg fast i halsen på dem.

Men kor vilde dei finne far sin? spurte dronninga.

Ja, det visste dei ikkje, men einkvan staden måtte vel folk vita å seie av han Tor forjaga, dei kunde ikkje anna tru.

Da sa ein av hovmennene, at den karen visste dei om. – Han jaga vi herifrå i gårkveld, han er på andre sida elva, i grannekongen sitt rike, sa ein annan. – For dit rømmer dei gjerne, all slag ratpakk, sa ein tridje ein.

– Er det slik dei fer med han far! sa Vemund.

– Da har vi heftast lenge nok, sa Åmund.

Så skulde dei gi seg på gonga, men da sa dronninga, at den som hadde sitte til bords i kongsgaren, skulde ikkje gå som tiggjar derifrå, og så fekk dei nye klæa og sko og dugelig med niste <sup>[186]</sup> – og *slik niste!* –, og skyss fekk dei med sjølve kongsvogna. Før dei fór, stal kongsdottra seg inn til dem og sa:

– Det var eg som hjelpte dykk i natt; eg hadde stole klæane til gjætarguten, og hadde de ikkje komme att her, så hadde både han og vaktmannen vorte halshogde i staden for dykk, og det tykte eg var rettare, for dei er vonde baa to. No blir det berre vaktmannen dei tek. Og her er fjøra di, og takk for låne! sa ho til Vemund. Eg vilde heller ha den steinen din, for han frelste live dykkar. Og det fekk ho.

Dei gjekk fram for kongen og dronninga og takka for seg. – No var dei vel fornøgde? sa kongen og lo.

– Ja, visst De sparar vaktmannen, så var det storvegdes det her, sa dei.

Da måtte kongen le for ålvor, han hadde aldri vore ute for verre gutar. Og han lova å spara vaktmannen.

Og så fór dei. Det bar i veg så trea dansa framom dem skynt i skynt og engane var berre sølv imot sola, garane stod att med blanke ruter og undra seg; slik fór dei

heile dagen.

– Det var ikkje noko hefte at vi snudde, sa Vemund.

– Men at vi kom på marknaen i går, det var eit hefte, sa Åmund. Hadde vi ikkje heftast nokonstads på vegen, så hadde vi funne han far her i lande, og i live.

[187] Det leid til kvelden da kongsvogna snudde. – No ser de det blinkar i elva, sa kjøre karen, og over brua er de i det andre rike; der finn de far dykkar, han har ikkje komme langt, trur eg. Eg har nok kjørt ein halv dag lenger enn kongen meinte, men det var nokon som bad meg om det, sa han. Men kom dykk over brua fortast de kan, for ingen veit når ein konge skiftar hug, sa han. Dermed kjørte han.

Så stod dei der. Da dei kom fram til elva, vart dei ståande att, for så rar ei elv hadde dei ikkje før set, alt dei hadde gått og fare i frammandt land. – Ho var brei som fjorden heime, og blank som han, meinte Vemund, og i det same kom kveldsola og raudna over henne: da var det som alt himmerike dukka ned i henne og låg der og lyste opp mot dem.

– Det er ikkje kommande herifrå, sa Vemund.

– Da *går* vi, sa Åmund; det er enno eit stykke att.

– Men sjå der! sa Vemund og pekte: Det kom ein kvinneskapna fram i vatne, eit vidunders fagert andlet med håre i glittrande flaum kring seg. – Det er havfrua, og no vil ho spella åt oss! sa han.

– Da *spring* vi! sa Åmund; han tok Vemund i handa og sprang med han.

Dei sprang brua til endes, dei torde ikkje høre og torde ikkje sjå; dei torde ikkje sjå att da dei var [188] over komne. Da hørte dei eit dunder og eit brak attom seg, det braka i brua så jorda rista der dei stod, og nærmare og nærmare kom det. Det måtte vera riande folk, og hardt måtte dei ri. Gutane smatt inn i skogen det fortaste dei kunde.

– Det er kongsfolke, og no kjem dei og tek oss! sa Vemund.

– Ja denne gongen skal det stå om, sa Åmund.

Denne gongen var dei hjartans redde.

Da small det og smala verre enn uvere. Dei hørte det var brua som rauk, og dei hørte grant det rauk i elva alt som på henne var. Dei hørte det skreik og bar seg og forbanna seg, det måtte vera stygt folk som hadde komme i vatne; så var det einkvan som ropa om hjelp, og sia var det mange, dei klaga seg ille og skulde døy.

– Vi får sjå utpå, sa gutane, og det gjorde dei.

Brua var av på midtna og eit langt stykke hitover. Gutane steig utpå og såg ned. Djupt ned var det, og nedi vatne skymta dei folk og hestar i eitt kav. Dei såg kongens vaktmann der, og litt etter fekk dei auga på gjætarguten òg; dei to heldt seg i same stolpen.

Åmund ropa ned, om dei ikkje kunde klive opp etter stolpen?

Nei, stolpen var for sleip, og så hadde dei vorte maktlause; – hadde han ikkje ein taugende å kaste ned, for Guds skyld? – Det er eit farlig vatn i den her elva! klaga dei seg.

[189] – I den her elva, som var så vakker? sa Vemund.

Da kom det ein gammal mann hinkande framtil og såg ned.

– Å hå! ropa han. Så, det er deg din slavefut som ligg der? Og alle blodhundane dine med? Da finns det rettferd til, om eg aldri trudde det – – bi no, så skal eg hjelpe henne, her skal de få takk for sist!

Dermed treiv han ein stokkende av brua og vilde hive i hovude på vaktmannen.

– Ikkje så kvast! sa Åmund, han tok over armen hans og heldt han att.

– Slepp meg! skreik kallen. Dei som ligg der, dei hundjaga meg i går, dei har skamfare meg så eg ikkje blir folk meir, ser du ikkje eg har mist eine auge? No skal dei ha råkt 'n Tor forjaga tredje og siste gongen!

– Jaså, du er den karen, sa Åmund. Vemund sa ikkje noko.

Han var gammal og skjelven, og så ille medfaren at han knapt kunde stå; og eine auge var borte på han, det var berre eit gapande sår der det hadde sitte. Men han glømte både nød og pine, han banna og svor over dem nedi elva: dei skulde sitte der all sin dag i det vonde vatne og kløne seg fast, dei skulde svelte i hel og fryse i hel og aldri få døy. Han kvad på slutten, reint som ein lykkelig ein: Eg banner dykk i stein, eg bannar [190] dykk i stокk, eg er ikkje mann til å banne dykk nok!

– Eg undres ikkje på deg, når du er han Tor forjaga, sa Åmund.

– Da har du ikkje havt det for godt, sa Vemund.

Da snudde han seg og såg på dem. Så sa han: – Finns det nokon som seier at eg ikkje har havt det godt nok da?

– Det finns da to her, og heime er det òg to som seier det same, sa dei, og Åmund slepte handa hans.

– Merkelig! sa han. Da kan eg mest hive ifrå meg den her, sa han, og så hivde han stokkenden.

– Har du ikkje ein reipstubb? sa Åmund.

– Du tenkjer ikkje å dra opp dei der? sa Tor. Dei, som Vårherre har lagt der?

– Var da meininga det ja, sa Åmund.

– For det var oss dei skulde ta i dag, sa Vemund.

– No gir eg meg! sa Tor. Gale gjekk verda før; no står ho på hovude, sukka han.

– Fort etter eit taug! bad Åmund.

– Eg er ikkje til å fara fort, svara Tor, men vil de endelig gjera så vondt å berge mordarane dykkar, så finn de ein reipstubb i hola mi, der til høgre for brua.

Åmund var alt i renne. Vemund spurte kvifor han ikkje søkte inn i hus?

[191] – Inn i trehus? sa kallen. Eg har budd i eitt ein gong, eg gjer ikkje det meir; sa de ikkje de hadde hørt om meg før? Eg har lidd mi straff. Dei andre skulde ha si. Rettferd skal det vera.

Åmund kom att med reipe, gjorde lykkje på enden og firte ned. Han ropte ned, at gjætarguten skulde opp først. For det er hans skyld alt i hop, sa Vemund til Tor.  
*Han rista berre på hovude.*

Dei fekk dem opp ein for ein, dei som var i live enda. Hestane sømte til lands sjøl, dei som var så lik. Det var kleint med karane, ein måtte både stø dem og leie dem; dei hakka tenner så dei beit seg i tunga.

– Kva var det de vilde oss? undrast Vemund.

- Det var ikkje mi skyld! sa gjætarguten.
- Ikkje mi heller! sa vaktmannen.
- Vi får skylde på kongen da, sa Åmund.
- Ja, han trudde de fór med fark, de var så rare! sa dei. Og ein konge kan ikkje la nåde gå for rett.
- Da kan de vera glad at vi ikkje er kongar, sa Åmund. Sjå her! sa han og kasta øksa si på elva.

Og glade var dei, dei nekta ikkje det. Dei krak seg fram over brua, somme på to og somme på fire, og så kom dei til hola hans Tor.

- Det var jamenn godt du hadde ho her, sa Åmund.
- Så dei kan få varme og mat, sa Vemund. Tor forjaga såg frå den eine til den andre. [192] Han måtte le, så gale var det. – Eg har aldri hørt maken i mi levetid, og ikkje før heller! sa han. Eg hadde to sønner eg òg ein gong, men eg vilde heller ønske dei var hengt enn at dei skulde vera slike byttingar.

Åmund såg på Vemund, og Vemund såg på Åmund. Så lo bae to, og sa:

- Her står vi, sønnene dine, – du ønsker da ikkje vi var hengt?
- Ja var det ikkje det eg frykta! sa faren. – Kor langt skal de no da? spurte han.
- No skal vi inn i huse ditt her, for det første, sa Åmund, han tok lemmen frå.

Dei stuva seg inn så godt dei kunde, dei ansa ikkje Tor, enten han bysta seg eller banna; han var å likne med ein folkvond hund. Åmund gjorde opp varme, og Vemund leita meir ved og bar på. Dei fann fram mat både av sin eigen og av faren sin, – det var ikkje stort *han* hadde. Han sat utafør døra og murra. Sia var dei med kongskarane og fann hestane, og da det var gjort, hjalp dei til og bygde ein flåte av brustokkane; og så for *dei*. Dei måtte over før kongen i dette rike kom og tok dem.

Så var det berre gutane og faren att. Han hadde krype inn i hola si no, og stengte døra så godt han var mann for. Gutane stod utanfor og såg på. – Han slepte dem vel inn til seg? spurte dei.

- Tvi vøre! var svare dei fekk.

– Men vi kjem da med bud til deg frå ho mor, sa dei. – Ho har tilgitt deg, ho ligg for [193] døden og ventar deg heim, sa dei, dei vart så tynne i måle.

– Verre og verre! tvi og tvi! murra han. Hels henne med det, at eg skal lide det eg har fortent og litt til. Og no har de dykk unna, det varskuer eg om! Trur de kanskje eg er reint nedforkommen? Sjå her!

Han sette handa oppunder den store steinen som var tak over hola, og løfta han opp-ifrå; det måtte vera mange manns løft. Han trua til dem:

– Eg vil heller sturte som dyre, enn eg vil ha ei hands hjelp av dykk. Vekk med dykk!

Ja ja, så gjekk dei ifrå han. Dei gjekk bortunder eit stort tre og sette seg. Men dei hadde ikkje lenge sitte, så tok det til å tute i skogen rundt i kring. Det var vargen, kom dei på, og dermed kleiv dei opp i tree. Det vart ei lang natt å sitte der.

Før det var lyst, sa Åmund at dei fekk tenke på mat til faren.

– Skulde det ikkje hende einkvart som hjelpte oss? sa Vemund.

– Jau, når vi berre hjelper det på gli, trudde Åmund.

Så kleiv dei ned frå tree.

– No sitt du der nedmed elva, men akt deg så han ikkje ser deg, sa han; så gjekk han.

Han fór frå gar til gar og bad seg til, og var det nei ein staden, så var det ja ein annan stad, og [194] før sola var på det høgste, hadde han bra i posen sin og enda ein pank med gamle kvinnfolk-klæa.

Vemund sat nedmed elva, og sola skjein og dogga blenkte, og elva ho rann så stor og still. Han tenkte på mange ting, og før han visste det, sat han og song, den eine songen etter den andre, som mora hadde sunge for han med han var liten; og slik sat han da Åmund kom att. *Han* var ikkje blid for songen.

– Har han hørt deg, så er det det verste som kunde hende no, sa han.

– Det veit vi no ikkje enno, svara Vemund.

– Ja ja, no skal du ta på deg det *her*, og gå til han med det *der*, sa Åmund, han la fram kvinnfolk-klæane og matposen; du tek ein kjepp i handa, sa han.

Vemund gjorde som broren sa, og kom til faren som ei gammal krokut kjerring. Tor svara ikkje da ho helsa. – Ho spurte kva *han* sat her så åleine og grunda på? – ho hadde slik gammal skjelv i måle.

– Det skil deg ikkje, svara han.

Kunde ho få sitte her i skuggen og eta ein matmole?

Det fekk ho, så vidt var det, og så sat ho der og åt. Han sat som han lya mot elva.

– No tagna han, sa han med seg sjøl.

– Kven da? spurte ho.

– Ja det veit eg ikkje, sa han. Var det ikkje <sup>[195]</sup> ein av gutane som fór her, så var det mor deira; det skil ikkje meg.

– Ja no vinn eg ikkje eta meir, sa kjerringa. Kanskje han ikkje var meir stortøk enn han skilde henne av med ein bete? så slapp ho kaste det til fuglane.

Han tok imot stykke ho retta fram; han tok imot det eine etter det andre. Takk sa han ikkje. Da han var mett, sa han: – Eg er da elles stortøk nok, eg som har vist frå meg både gutane mine og kona og heimen og alt saman. Men gå ned til elva, du som er så vidt flakk-før, og sjå etter kven som song. Var det dem som eg meiner, så fór eg i veg og dengte dem forderva, eg er ikkje kleinare enno.

Kjerringa stava seg i veg til elva. Ho kom att om ei stund, og da kunde ho fortele ho hadde funne to gutpåkar. – Eg kunde mest tru det var dem du meinte, og så tok *eg* og dengte dem, sa ho. Vera uredd, dei fekk skikkelig av den her! lo ho og heldt fram kjeppen.

Forjaga-Tor sat berre og strauk seg over panna og sa *hm! hm!*

På same vise gjekk det dagen etter: kjerringa kom med matposen, og Tor sat og lya, han hadde hørt ein som song. Han bad henne gå og sjå etter, – og jag dem heim, men bank dem ikkje, sa han; – ho i veg. Kom så att og hadde brukt kjeppen på dem kor som var; dei hadde godt av det, <sup>[196]</sup> skarvpakke, meinte ho. Ho hadde enda med ei fjør som ein av dem sat med.

– Den er av hanen heime! sa Tor; – lat meg få henne!

Tredje dagen sa han: – No skal du ta dem med hit, dei er sønnene mine; eg vil sjå dem ein gong enno. Tor venta og venta. Kjerringa kom ikkje, men langt om lenge kom båe gutane. Dei fall på kne framfor han, og Vemund retta fram kjeppen, at han skulde ta han og slå. Men Tor tok ikkje kjeppen. Han sa:

– No skal de fara heim, gutar, og fortele mor dykkar at eg har det bra her; eg har det bedre enn eg har fortent det, skal de seie.

Dei svara med ein munn: Dei skulde aldri komma heim farlause!

Tor sat lenge. Så sa han: – Hadde de enda komme her ein dag eller to før, så hadde det vore ei von; no er eg ikkje kar til å fara så langt, om eg så vilde.

– Ja, vi hefta oss bort urlite, sa dei.

– Vi tek deg imillom oss, sa Åmund.

– Og ein hest blir det alltid utveg til, sa Vemund.

– Umulig! meinte Tor. Dei kjenner meg kor eg kjem, og sagne går at eg har gjort alt gale som gjort er, og alle meiner dei har rett til å hemne det.

– Vi klær deg ut som kjerring! sa dei, og ein avstad etter filleklæane.

[197] – De får rå de som er unge, sa han endelig. Eg skjønner no kven kjerringa var som fór her med mat; og har de narra meg ein gong, kan de gjerne narre meg ein gong til; så narrar de vel dei vi møter òg, sa han.

Og så gav dei seg på vegen heim. Over elva flåta dei seg, og sia gjekk dei med faren imillom seg, somtid om dagen og somtid om natta, beinvegar og krokvegar og all slag vegar, men heimvegen var det, og ingen nemnte om at han var lang. Da dei var godt og vel bortom kongsgaren kommen, sa Vemund:

– Det her går bra nok, men gjekk det fortare, kom vi før heim. Eg gjer meg ein sving opp til kongsgaren, det var rart om der ikkje var skyss å få ein gong enda.

Faren vart redd, han trudde ikkje guten var *rett*.

– Han er da rett nok, sa Åmund. Vi må vel ha lov til å lite på lykka vi som anna folk, tykte han. Men stan ikkje for og bli forundra, sa han til Vemund.

– Nei, eg har vakse ifrå det no, svara han.

– De lyt rå, de som er unge, sa Tor; og han og Åmund gjekk sin veg, og Vemund sin; han skulde finne dem att bortunder eit stort tre, for Tor hadde ei hole der òg.

– No tenker eg hjarte bankar ikkje lite i 'n Vemund, sa Åmund, da det var von om han var oppmed kongsgaren.

[198] Og det gjorde heller ikkje det; han syntes lauve lya etter det, og småfuglen i toppane; det var slik noggande still ein kveld. Han kom til ein stor blank damm først, og lenger kom han heller ikkje, for utpå vatne rodde det store kvite fuglar, av eit slag han aldri hadde set eller visst om. Han glømte å blunke, så store og kvite var dei. Han undrast på om det ikkje var fortrolla kongsdøttre, for slik på lag måtte dei òg halde hovude.

Så var det nokon attmed han som snakka til han: så var det kongsdottra sjøl! Ho var forfæld.

– Trøste og bedre meg, om nokon får sjå deg her! sa ho, og så tok ho i han med dei små fine hendene sine og skuva han inn i eit lite hus med lauvheng over. Så sa ho:

– Veit du ikkje at du og bror din er bannlyst i heile lande? Og i dag er kongen og alt krigsfolke ute og skal ta dykk, dei bygg opp brua som de trolle ned, og tenker seg langt inn i grannekongen sitt rike.

– Ja vel, men når dei er der så er dei ikkje her, sa Vemund.

– Dei er ventande att med all som først, sa ho.

Vemund spurte om ikkje gjætarguten og vaktmannen var med.

– Du kan vita det, så vonde som dei er på dykk! sa ho.

Men at ikkje gjætarguten var ute og *gjætte*, heller? tykte Vemund.

– Han gjæter berre mor og meg, sa ho. Og i [199] dag er vi fri han, og no spring eg til mor, sa ho, og borte var ho som sola bak skya, som lyse det sloknar. Han sat still og undrast på mange ting, men mest på lykka som hadde vore med han, – og så var prinsessa der att, og dronninga med, og ho bar ei bør med klæa på armen. Ho var svært ålvorlig, og sa:

– Eg lei så mykje vondt for det eg hjelpte dykk sist, så var det ikkje for dei to smågutane vi mista, så torde eg ikkje snakke med deg no. Men eg kan aldri glømme dem.

– Så var det ikkje spillt at de mista dem, da, sa Vemund. Eg mista berre hanen eg: Så har eg fjøra av han!

– Slik raring til gut! sa prinsessa.

– Eg skjønner han så godt, sa dronninga. Men det er sant, kva vilde du her no att?

– Det er tredje og siste gongen no, sa han. Det går smått å få han far heim, for kongshundane har rive han forderva, eg meinte kongshestane burde skysse han eit stykke for det.

– Ja ja, i Guds namn da! sa dronninga.

Så klødde dei han ut til kvinnfolk, og hestane og vogna kom fram.

– Har du gullknappen enda som du fekk av meg? spurte prinsessa.

Vemund blunka og synta han fram.

– No skal du lova meg at du aldri kjem hit oftare, sa ho. Du skal gløkke at du har vore her, sa ho.

[200] – Det skal eg vera mann for! meinte han

– Fy, det var ikkje vakkert! sa ho, men da fór alt vogna med han. Dei såg lenge etter han.

Dei fann Tor og Åmund i skogen, og så kjørte dei alle tre. All natta kjørte dei, og kom heilt til den høge åsen, der dei hadde klive opp-etter tree. Der gjorde vegen ein sving, og da sa Vemund det var vel kjørt. Så snudde kongsvogna. Sola rann i det same. Heile lande låg attom dem, så fagert som det låg framfor dem første gongen dei stod her; kongsgaren stod og loga i morgonlyse.

– No veit vi meir om det enn sist, sa Vemund.

– At vi ikkje kjørte lenger! sa Tor.

– Vi har det verste att, sa Åmund, han gjekk, og dei to kom etter.

Beint utpå brattstupe bar det, og der var det bratt som før, og fossen dundra som før; og tree låg der på hall imot berge. Ned kom dei, så nifst det såg ut, og da var det liksom sola hadde slokna på himmelen, og slokna hadde det alt sammen i kring dem.

– Vi går enno eit tak med vi held på, sa Åmund. *Om* dei skulde komma etter oss, sa han.

– Det var no dette tree som stod så vondt? sa Vemund. Det skulde ha ligge som eit anna tre, sa han.

Det var ikkje før sagt, så kom det fram ei gammal kulrygga kjerring, berre ein liten tust til menneske. – Ja gjer det! sa ho, få det til å [201] dette, eg har bonna og bala i fleire nætter, men sjå, eg har berre ei hand. Og det hadde ho.

Vemund spurte kor ho hadde gjort av den andre.

– Ja, det var no det, sa ho. Eg selde henne, ein gong for lenge sia, det var noko eg endelig vilde ha; og det fekk eg. Det er ikkje noko å angre på det, sa ho.

Tor sa det var umulig å flytte på slikt stort tre. Men Åmund meinte at skulde dei endelig hefte seg med det, så vart det alltid ei råd med å få det ned. – Har du ei øks? sa han til kjerringa.

Jau, ho hadde da ei, slik ho var, og kom fram med henne.

Åmund såg både på øksa og på kjerringa; så sa han:

– Kor har du fått den her ifrå?

– Pøh! eg fann ho i elva som renn straks sørafor her; ho kom rekande på ei fjøl, så meinte eg ho hadde gjort seg sjøl, sa kjerringa.

– Ho har vore mi ein gong, sa Åmund. Eg hivde henne på elva langt langt herifrå.

– Så skal ho vera di ein gong til, men få ned det her tree for meg, sa ho.

Åmund hogg ned eit ungtre, som dei brukte til våg under rotenden, og kjerringa sette aksla under. Da måtte tree i bakken.

– Men deg har eg da set før? sa Vemund.

– Det er bror min i Gullskogen du kjem i [202] hug, sa kjerringa. Og skal de den vegen, så lyd meg. Hogg sund det tree her og få det ut i elva, det blir flåte god nok; så kjem de både fort og vel til Gullsjøen. Sia veit ikkje eg meir, for der har eg aldri vore, sa ho.

– Kvifor har du aldri vore der? spurte Vemund.

– Eg likar meg ikkje der det glimar, sa ho; eg hører ikkje til på dei kantane. Men tree vil gjerne ut å fara.

Dei gjorde som ho sa, og så fór dei både fort og vel nedetter elva, – Åmund med øksa si i handa. Dei fór all dagen, og mange mange mil. – Rettno skulde Gullskogen vera der, sa Vemund, han steig i land og vilde sjå etter. Litt etter batt dei flåten og gjekk i land dei andre to òg, vilde sjå etter. Eit stykke opp i bakken fann dei Vemund, han sat og stirde attende. Dei snudde seg og såg samme vegen. Dei såg Brattfjelle langt att i kveldblånaen, og der såg dei sola lyste på gull i gull, det fór hit og dit som eldstjernene under gryta.

– Det er kongshæren som er på leiting etter oss, sa gutane, dei hadde lenge venta han. No kom han for seint. No var det bra at ikkje tree stod der, sa dei.

Dei åt kvelds-vorden sin der, og la seg til å sova. Men ut på natta vakna dei ein om senn og sette seg opp og stirde: Det var midt i Gullskogen [203] dei var. Faren vart sittande klumsa stiv, men gutane såg på einannan og sa: Eg tykte da her var vakrare sist? – Det måtte vera det at dei var for småe den gongen, kom dei på.

Dei flata seg fram til Gullsjøen. Der sat kvitskjeggen dei møtte sist, han sat nedmed stranda og forgylte føtene sine i vatne. – Jaså, de kjem no, sa han.

– Ja kunde De ikkje like snart ro oss over denne sjøen som de sitt der og suklar? sa Åmund, for det låg ein gild båt ved lande.

– Det har eg ikkje tida til, svara kallen. Men de kan ta båten her, så stel de ikkje gull ifrå meg den stunda; og ror de rett, så kjem de gjennom Sølvsjøen og enda ein god stubb; sia veit ikkje eg meir, for på den kanten har eg ikkje vore, sa han; – eg likar meg ikkje der det er for grått, la han til. Det blir rettast de får med litt niste, elles ét de vel opp gullfisken min, og den har eg ikkje råd til å miste; det er gull for meg, sa han, og dermed rusla han inn millom buskane med posen deira, – kom så att med han full av niste, og ei vasskrukke til. Han tok seg for panna og sa: Vårherre bad meg seie dykk einkvart, her ein dagen han for framom, men no har eg glømt kva det var; ein blir så stuttmint når ein skal passe på alt ein har.

– Han kunde gjerne latt oss få ride på sola si, sa Vemund.

[204] – Hysjt da gut, og hør etter! sa Åmund.

– Ride ja, der sa du det! sa gamlingen. Han nemnte ein riddarsmann, no minns eg det. Han sa noko om, at var de ærlige folk alle tre, så skulde det bli ei råd med skyss

for dykk. Ja, de får ha god natt da, og lykksam ferd! sa han.

Og i båten gjekk dei, og rodde gjorde dei, over Gullsjøen og etter Gullelva, over Sølvsjøen og etter Sølvelva, til båten stod på grunn, det var ikkje rodd på eitt døgn, men fort gjekk det som ein draum. Og så gav dei seg på gonga.

– Men var det ikkje du som skulde ha med noko heim til a Solvi? sa Åmund til Vemund.

– Det hadde eg så nær glømt, sa han.

– Om du tok den steinen der? sa Åmund. Det finns knapt sølv i han, men ein forlivande rar stein er det, sa han.

– Var det ikkje vi som skulde vera ærlige folk? sa Vemund. Men sjå den rare fuglen der! ropa han. Berre eg fekk tak i han, såvidt eg fekk nappe meg ei fjør! – og han etter fuglen.

– Vi har ikkje tid til å heftast med slikt no, let Åmund.

Fuglen føre og Vemund etter frå tre til tre, det var så det drog han etter seg, slik glittra det i fjørene på fuglen. Så sat fuglen på ei grein og synte seg fram, og sola steig til og la all sin glans på han. Åmund og Tor ropa gong for gong. Vemund han stod, med neven fram.

[205] Da small det i ein bogestreng, og pilen kvein gjennom lufta: beint på fuglen så han datt dau ned. Med det same kom det fram ein riddarsmann og tok fuglen. Han var alt på veg vekk med han; da sa Vemund, det var nær på han gret:

– Det er synd og skam at du drep så vakker ein fugl!

– Kva er du for ein? sette riddaren i, han kvakk med det same. Kva er det du fer her og luskar etter i min skog? Det kan vera det same: Småguten skal ein slå kor ein ser han, for har han ikkje gjort gale, så gjer han det, og ti av den her skal du ha, sa han og hytta med ridepiskan sin.

– Eg skal ikkje skrike for tyve, berre eg får ei fjør av den fuglen der til søster mi heime, sa Vemund.

– Ja vel, vil du, så vil eg! sa riddaren; men så fekk han sjå fjøra guten stod med. – Der har du da fjør, sa han.

– Det er ei eg hadde med meg heimafrå, det, sa Vemund. Ho har vore jamgod med øksa til bror min ho, sa han.

– Nei men er det deg da? sa herremannen, han gjorde store auga.

– Ja ha, det her er meg, sa Vemund, og det der er deg; det var du som datt av hesten og slo deg, ein gong for lenge sia, eg og bror min fór her.

Riddarsmannen hadde vorte blid som sola, og sa at det var han. – Og har de no funne far dykkar? sa han.

[206] – Javisst fann vi han, sa Vemund, og så leita dei han opp, der han og Åmund stod og undrast på kor det vart av guten.

Så vart det stor skyss gjennom skogen og til herregaren, for herremannen bles i horne, og straks kom folke hans frå alle kantar, tolv mann sterk, og tre av dem måtte leie kvar sin hest med Tor og gutane reid, mindre kunde ikkje gjera det. På herregaren vart det stort stuss for dem, men der hadde dei ikkje lund og stund til å bie, og så fór dei med skyss gjennom bygda og bygdene og til si eiga bygd, i sølvsege vogn med to sølvblakke hestar for. Vemund sat med eit skrin så fint at han trudde ikkje det var til, gull og silke og skinande steinar rundt om, og inni det låg det fagraste av alt, for der låg ei fjør av den rare fuglen; han hadde fått det i herremannsgaren.

Gjennom si eiga bygd vilde dei gå. Det var ikkje mange dagars veg, men for dem vart det mange, og dei var lange som enda fleir, slik stunda dei heim. Ein gong og to gonger bad dei om skyss, og tredje gongen med, men folk hadde ikkje tid til å hefte seg med slikt, dei hadde sitt å passe.

– Han hadde så, mannen i Gullskogen òg, sa Åmund.

– Han innbilte seg det berre, sa Vemund.

Da sa faren, han hadde lite og inkje sagt på ferda:

[207] – Dei er bra som dei er, alle samene. Har dei ikkje noko å passe, så får dei finne på einkvart. Når det berre er sitt dei passar, sa han.

Sol rann og sol steig, og dei streva seg fram med faren millom seg. Dei streva seg fram på bakken heime. Da var det morgonen, som den gongen dei fór, og all ting stod i morgonsola som da. Ho skjein på hytta og ho skjein på vollen kring dem, ho la sølv på vågen og gull på alle fjella dei såg. – Ho lova godt, meinte dei.

– Ja ja, sa Tor. Meir sa han ikkje, og så føta dei seg ned bakken og inn i stua.

Da var det på slutten med mor deira. Ho låg og skulde døy.

– Vart vi lenge? sa Vemund.

– Her kjem vi med han, sa Åmund.

– I morgo hadde de komme for seint, sa mora.

Solvi sa ikkje noko, og Tor sa ikkje noko; men Tor sette seg ved senga og heldt i handa til kona si, og der sat han til morgonen etter. Solvi fekk skrine med fjøra i, og Vemund fortalte om ferda deira, med Åmund var ute og såg seg i kring. Vemund fortalte all natta utover, og da han slutta, var sola i glase.

Men da var mor deira død. Da fall det slik trøytt på Tor, han seig i hop ved senga og vart liggande der på kne, og da dei snakka til han utpå dagen, vart dei vår at han òg var død. Da sa Åmund:

[208] – Så lang ei ferd, og så lite verd!

Men Vemund sa som han pla seie:

– Det veit vi no ikkje så visst enda.

Solvi stod berre og smilte.

Sia visste dei det alle tre: Denne ferda var det dyraste dei åtte, og kven åtte maken?

# Marta og Elias

[211] Den tid eg var ungguten, fortalte Anders, sat det ei ung enke med garen på Bjørland, ho heitte *Marta Andersdotter*. Ho sat på skyldfri gar, og vakker var ho, det var kvar manns ord; dertil var ho mild og snild som blankaste godvêrskvelden. – Det var helg i huse når *ho* smilte, sa folk. Da Pål, mannen hennar, låg på sitt siste, hadde han bedt henne at ho skulde ikkje gifte seg før 5 år etter han kom i jorda, og det hadde ho lova både for Gud og menneskja. Ho hadde gjerne lova det som meir var. Ho bar tung sorg etter han, enda det visste alle, at *han* hadde aldri skjønna stort på kven ho var, han var ikkje av det folkslage.

Dei hadde eitt barn berre, ei årsgammal jente.

Da eitt år hadde lide til endes, kom første friaren og hørte seg for, og sia kom ein om senn. Men Marta rista på hovude til dem og smilte: ho gifta seg aldri meir. Og slik var ho, at ingen kunde gå arg frå Marta Bjørland for det.

Det var kvennbruk på Bjørland den tid som no, men det var i minste lage og kleint i stand. Da seier drengen med Marta ein dagen: Du skulde [212] rive ned dei to små kvennhusa her og bygge eitt skikkelig eit, og legge inn eit par kvenner som *mól* litegrand; du stod deg på det, så mange som her fer og vil mala. Marta måtte sjå på guten. Det hadde ho ikkje gjort før. Det kom så rart for henne, fortalte ho sia: at her var det ein som vilde henne vel. Og dertil var han så ung og vakker ein gut, og så modig og glad, ho glømte mest det han hadde sagt. – Du seier noko du, sa ho, og så gjekk ho inn att.

Denne drengen heitte *Elias*, han var berre ein husmannsgut, frå Myra, ein av Lines-plassane. Mor hans var garmanndotter, like vel, frå Barset. Tausene på Bjørland, og ungdommen der i kring kalla han for Myrgauken.

Da Marta kom inn i kjøkene, hørte ho just budeia seie Myrgauken att. Marta snudde seg ålvorsamt til henne, spurte kven som hadde lagt det utnamne på 'n Elias. – Ja, dei hadde aldri kalla han noko anna, sa budeia; det var da ikkje vondt meint, sa ho.

– De skal slutte med det, her i huse, så mykje de veit, sa Marta.

Dei gjorde store auga, dei to tausene, men svara torde dei ikkje, dertil var Marta for snild matmor.

Sia var Marta ute og snakka med han att, om han visste nokon som kunde ta på seg å sette opp nytt kvennhus?

– Ja, det veit eg, svara han og lo. For det [213] kan eg gjera. Eg har både set på og vore med når dei tømra, det var eg som sette opp stallen her, for det meste, sa han. Og så fortalte han, ettersom ho ikkje visste om det, at da han Pål, husbonden, vart sjuk og liggande midt i det arbeide, så hadde han gjort resten åleine. – Eg gjer det millom onnene, kan eg ikkje få lov til det? sa han.

Jau, sei det, han skulde få lov! Ho visste ikkje sjøl kvifor ho vart så glad, men ho syntes det både lysna og lettna i garen, sa ho med einkvan.

Og Elias han tømra, og Marta kom og såg på, og opp kom huse så det vart ei undring på folk. Det hendte Marta tok i og hjelpste han, når det var ein stokk han ikkje var einhøvd med. Kvennene var han i veg og kjøpte, og fekk i ein kunnig mann til å sette dem inn. Det vart anna slag enn det hadde vore før på Bjørland, dei fekk så vakkert med korn i møln-leige at dei hadde flust med mjøl åre rundt, og vel kom det med, for det var straks etter uåra det her, og Bjørlands-jorda var både sidlendt og nordvendt, det var dei somrane dei fekk ikkje eitt kornauge der.

Da huse var ferdig, var det ferdig millom Marta og Elias òg. Han hadde sagt henne, så godt han kunde, at han skulde slite og slave dag og natt, berre det var for henne han gjorde det. Ho hadde tilstått, at når han reiste, vart det grått for henne på Bjørland. Så bad ho han reise like vel. – For no er det du og eg, heile live, sa ho.

[214] Kom i hug vi er unge baa to, og lat oss ikkje friste Vårherre.

Elias hadde ein ven, heitte *Arn*, som han fortalte kvart orde, dei var så tru venner all igjenom. – Du skulde heller bite deg fast med du er der, meinte Arn. – Nei, det har seg ikkje slik med meg, svara Elias. Eg skulde ha gått dit ho bad meg, om det så var til tukthuse, berre for ein lagd av det gule håre hennar. Og du veit kva ho har lova mannen sin. Ho Marta skal ikkje bryte lovnaen sin; ho skal stå frimodig for altere.

Og Elias sa farvel til så lenge og fór sin veg. Marta gav han skikkelig med pengar. Det vart sagt det var tårar på det sølve. Han skulde ut og lære, vilde ho, han skulde bli tømmermann og vel så det, han skulde bli meister. Han og Arn gav seg i lag. Dei

vart med ein meister og sette opp ein stor-gar; sia var dei med og sette opp ei kirke lenger sør. Dei kom heilt sør til stiftstaden, fortaltes det.

Men Elias hadde lita ro på seg; han trådde heimetter. Enda var det to år att til Marta vart fri. Arn og han gjekk den lange vegen heim, hørte seg for om arbeid og var glad når dei ikkje fekk; og ingen dag utan dei snakka om Marta. – Eg vil berre sjå henne, sa Elias.

Han var på Bjørland og såg henne. Marta vart så glad da han kom, ho måtte sette seg. Ho skikka bud etter Arn, og han kom, og så vart det stor høgtid på Bjørland, frå laurdags kvelden [215] til måndags morgonen. Ungdommen kringom leita dit; det var slik kjæte i folk den tida.

– Men at du ligg her i natt, i lag med meg? sa Arn.

– Ja, var det ikkje ho Marta, så hendte det ikkje heller, sa Elias. Og sjøl veit korles det går før dei to åra er til endes, la han til.

– Du er visst mann for at det går som det skal gå, meinte Arn.

Det var da det tok til å gå på skjeiven.

Elias tok på seg å sette opp hus for folk, og han synte dem han var full meister. Arn var med, for det vissaste. Dei tømra i Vågan med, og dottra der i garen var slik ei vakker gjente og eit lettliva lite ting. Det var få som ikkje måtte snu seg og sjå etter henne. Eller som ein mann sa det: Kan det bu noko godt i det som er så vakkert? Ho heitte *Tale*. Unggutane elles berga seg tålig, for dei visste dei fekk henne ikkje; men Arn akta seg ikkje bedre enn at han vart forgjort etter henne. Han åt lite, og sov mindre, og arbeide vilde ikkje til for han lenger. Sistpå snakka han til Elias. Elias hadde ikkje merka nokon ting, enda han låg nattvåk likså mykje.

– Har du snakka ålvor med 'a? spurte han.

– Det kjem eg meg aldri til, svara Arn.

– Ja da er du ikkje verd henne, sa Elias.

– Det er det eg veit, sa Arn. Det står skrive utanpå henne at ho gir seg ein god dag om meg. [216] Her er så mange andre som er likare enn eg, ho bryd seg ikkje om dem heller, sa han.

Da slo Elias i senggavlen så det skrall, men han sa ikkje noko.

Dagen etter maka han det så at han kom i snakk med gjenta. – Her fer så mange friarar og smit, sa han, men det er ikkje ein som kjem halvhøgt imot han Arn. – Så da? lo ho; ho såg på Elias og lo alt med seg. Han var like ålvorsam. – Det er det som er, at du kjenner han ikkje, sa han. – Tale ho lo enda, og spurte om det var så at han stod her og fria for han Arn? var han ikkje så lik at han bar opp målemne sjøl? For resten kunde han spara seg, lét ho: *Eg* blir ikkje bortgift til ein tømmermannsgut; du kan helse han med det!

Elias såg på henne da, og han såg på henne sia. Dei såg på einannan og drog på smilen, først dei møttes. Og gong for gong var han åt og skulde snakke til henne, at ho måtte ikkje slå han Arn av tankane, ho kunde ingen likare finne. Men dess mindre tanke hadde ho for han, det kunde ein og kvar sjå. Dei såg meir enn det; dei såg at ho hadde Elias i tankane, og at han lysna opp og vart ein annan gut etter kvart. Det var fleire sønner på garen, og ungarar og galningar alle samene, dans og trøyheit var det ikkje lenge millom. Elias slo seg laus millom dem, han var snart den kátaste på golve. Og stillare og stillare, gjekk Arn der. For han såg det snart, og sia såg dei andre <sup>[217]</sup> det, at der var einkvart i millom Elias og Tale; det var berre dei sjøl som ikkje såg det enda. Det hendte dei to kom beint bort for dei andre.

Da tok Arn seg mot for og snakka ut til Elias: Om det var så at *han* tenkte på a Tale? For da vilde han halde seg så langt unda han berre kunde.

Elias stod lenge. Så sa han: Vi har vore ærlige mot kvartanna heile tida, det vil eg vera mot deg no òg. Eg har snakka for deg så godt eg kunde, det svær eg, og det skal du tru meg på; men i staden har det komme som eit fang på oss: det er meg ho vil ha, og eg er berre ei sålbot til kar, eg har ikkje manna meg opp imot henne.

– Nei, det har du ikkje, sa Arn, og snakke ditt har ikkje hjelpt meg.

– Ja høyr meg no her! sa Elias. Eg har bore på ei bør så tung at det veit du ikkje, eg har ikkje havt anna i tanken enn a Marta i 3 år, eg har lengta meg sjuk. Og så kjem det her og tek meg – eg kjenner ikkje meg sjøl att. Du får dømme meg som du vil, Arn!

– Eg dømmer deg ikkje, sa Arn. Eg kunde unne deg meir enn så.

– Du står og tenker på a Marta? seier Elias

– Det nektar eg ikkje for, svarar den andre. Men eg dømmer deg ikkje i det heller, seier han.

– Eg reiser til Bjørland i morgo den dag, sa Elias. – Kva vil du der? spurte Arn.

– Ja det veit eg ikkje, eg veit snart ingen ting, sa Elias. Eit eller anna må skje, sa han.

[218] Dagen etter var det laurdagen, og straks over nónstid gjorde Elias seg ferdig og fór. Det fanns mest ikkje ord i han, berre eit stutt farvel.

Da han var ovom grinda og svinga nordetter, stod Tale bortved husnova og såg etter han. Elias vart vår henne, og stana. Dei stod der tvert still og såg på einannan, dei var fleir enn ein på garen som såg dem. Så gjekk han, snudde ryggen til og gjekk, i blanke solskinskvelden. Tale stod enda litt; – ho såg ut som ho var blind da ho gjekk inn att, syntes Arn.

Marta vart glad som ho pla bli når han kom, så knea vilde svikte under henne. Ho sa ho hadde lengta så etter han i det siste, ho hadde lengta han til seg.

– Ja, og no er eg her, sa han; men ho syntes ikkje han såg glad ut.

Den kvelden gjekk han til henne.

– Eg visste du kom, sa ho, men ho hørtes redd i måle

– Korles tek du imot meg da? lo han.

– Du kan få sitte her på senggavlen, svara ho, ho lo med.

– Jaså, sa han berre.

– Eg trudde mest du *vart* i Vågan eg, sa ho, litt hadde vore. Hoss a Tale, sa ho. Eg har hørt eit og anna, *vør* ikkje å nekte! erta ho.

– Du trur no vel ikkje slikt? sa han.

Nei, ho trudde det ikkje, langt av den vegen.

– Er det sant og visst det? spurte han.

[219] Ja det var det. For ho torde ikkje tru det, det hadde teke live av henne, sa ho.

Da sa han: – Så skal du syne meg det i ord og gjerning. I denne natt! sa han og tok handa hennar.

Ho svara ikkje. Han tok det oppatt, han sa mangt med henne, men det var ikkje ord å få av henne. Endelig sa ho:

– Det er synd at du bed meg om det. For du veit eg kan ikkje bryte eit hellig ord, og du veit eg kan ikkje gjera deg imot. Eg bed deg om nådetid, Elias! sa ho, – ho gret så dei hørte det heilt opp på loftet, og Elias måtte snakke vakkert med henne for å få henne til å tagne, han måtte lova å gi henne fred. Han sat lenge og snakka med henne.

Sundags morgonen kunde dei sjå at Marta hadde gråte og var lite lik seg. Ho smilte til Elias, og var bortmed han og ruska i håre hans, fann på ein og annan småtingen, men det var ikkje stor glede i henne. Utover dagen kom ho seg noko, og om kvelden da han skulde fara, bad ho han ut i litle-stua. Der tok ho fram ein tung pose med sølvdalar, som ho flidde han.

– No vil eg syne deg at eg trur på deg, sa ho. Her er alt eg har av pengar, og dem skal du ha. Så bygger du deg den stua du har snakka om, og har hus og heim.

Elias vart kvit som ein mølnar i andlete. – Eg kan få dem når eg treng dem, sa han.

[220] Marta følgde han eit godt stykke på vegen. Ho kom krekande heim så seint og så sløkt i auga, dei vilde knapt sjå på henne, folk i huse. Og med ei av tausene sa ho:

– Eg trur eg ser det no. Om eg får han, så har eg mista han kor som er.

Men Elias, på sin veg, syntes han vart boren av stad. Han gjekk med ei lyslett fylgje breiddmed seg: Han vilde vera tru imot Marta; han var på rette vegen no.

Arn spurte om kvelden, korles det hadde teke i veg med han og ho Marta. Han fortalte det som det var, beint ut av hjarte. – Og no gjekk han til ho Tale, sa han. Han vilde fortele henne med tid var til, at han var ein bunden mann.

– Det veit ho før, sa Arn. Du kjenner ikkje kvinnfolka, la han til.

Elias gjekk bortpå nybygge ein sving, og da han snudde seg, var Tale attmed han. Han fortalte det sia til Arn:

– Eg såg på henne, og ho såg på meg. Da skifta det letene alt i kring oss: gull og lykke skjein det av alt i hop. Eg sa henne korles det var; eg sa at no måtte det vera slut. Eg sa det ikkje så det var nokon mon i det. Ho hørte meg ikkje.

– Kva gjorde du så? sa Arn.

– Ho lo berre, ho lo og såg på meg så det maura gjennom all min kropp; ho snudde seg ifrå meg med den same låtten, så det gråna rundt i [221] kring. Men når eg skulde sjå til, så hadde ho tårane i auga.

Arn vart så oppi det da Elias fortalte det, det var i høve han vilde slå.

– Berre slå du, sa Elias. Berre slå du, om det kunde syne meg vegen utor det.

Men Arn slo ikkje. Han vilde høre meir, og Elias fortalte:

Det gjekk den vegen det vilde. Tale hengte seg kring halsen på han og sa at her hang ho. Om ho vart jaga heimafrå, så gjorde det ikkje eit grand når ho berre hadde han. Han kunde ikkje anna svara enn at her hadde ho han. Det vart stor lykke millom dem: – Eg syntes verda og alt i hop vart ørlite imot henne, sa han. Men før dei skildes, såg ho fortenkt bortover fjorden og sa: Berre du hadde ein gar! – Han svara at ein gar skulde han rå seg, så visst som han levde og der stod. Han vart kald i klæane da han hadde sagt det, men rundt i kring dem svara det og sanna med, frå grønne skogen og speglende fjorden, at slik skulde det bli. Enno ein gong skjein det gull og lykke av alt i hop kring dem.

– Det er som det skulde ha hendt meg sjøl, sa Arn. Og elles skal eg gjera dykk den beina eg kan, eg skal danse så lystig som nokon ein med brura di. Men eitt er no det, eit anna ho Marta Bjørland.

– Der stakk du kniven i meg, alt oppund' skafte! sa Elias. Men, la han til: den tingen får [222] segle for *sin* bør. Du skjønner det sjøl, du som har set a Tale. Det renn ikkje dag over fjelle med slikt andlet, og enda er det det minste med henne; ho er meir enn du veit. Eg måtte bygge ein gar for henne om eg så skulde sele mor mi til slave attmed det, om eg skulde spikre opp eit skyldlaust barn på krossen.

Alt dette og meir til sat han og sa, så Arn kunde ikkje tru dette var Elias.

Ein laurdagskvelden ein månads tid etter fór han til Bjørland på nytt. – Arn spurte kva han skulde der no att.

– Ja det veit eg ikkje no meir enn sist, sa han, men dit må eg. Enno *ein gong!* sa han.

Marta gjekk att-å-bak frå glase da ho såg han kom. Ho hadde sett seg da han kom inn. Dei vart toeina i stua. Da tok han til ords og sa, dei hørte det ut i kjøkene:

– Her kjem eg enno ein gong, og no skal du svara meg, Marta: Vi giftar oss til jul!

Ho svara ikkje. Da ropa han høgt, han var ukjennelig i måle:

– Eg treng den lovnaen av deg no! Du skal hjelpe meg og halde meg bein, Marta!

Det vart stilt i stua eit tak. Så sa Marta:

– No skal du svara meg ærlig og tilstå som det er, Elias: Det var ikkje det du bar i hjarte da du kom hit i kveld? Du ønska eg sa nei, det såg eg.

Han sette seg tungt ned, sat og mumla einkvart med seg sjøl; fekk så måle att og ropa:

[223] – Viser du meg ifrå deg no, da har du aldri bore elsk til meg!

Marta hadde havt lett for tårane i det siste, og dem tok ho til no òg. Enden vart at ho lova han giftarmål til jul.

– Det blir ei ulykke for oss båe to, men det kan vera det same, sa ho. Eg er glad til, at det kostar å få deg.

Elias var letthjarta all tida med han var der, og Marta det same, det dei andre kunde sjå. Sundagen gjekk dei jorde rundt og såg på åker og eng, det stod så vakkert alt i hop. Om kvelden sat dei nedpå reina og såg kirkebåtane rodde heim, i hilder-stilla. Da tok ho handa hans og sat og heldt henne.

– No bygg du deg ikkje hus, Elias, sa ho.

– Nei, svara han. Men det ser eg, at du sitt og sørger som du hadde sagt live og lykka farvel. Og *bed* du meg om det no, Marta, så er eg ikkje godtil å seie nei: eg tek bora av deg til neste sommar.

Han retta fingrane i vøre framfor Arn, sia, og svor at det kom frå det inste og gode i han.

Marta tenkte lenge på det. Snudde seg så til han og såg han i augesteinen og sa:

– Sett du meg ikkje slik i klemma oftare da?

– Her er handa mi på det! sa han.

– Ja eg vil ingenting seie; men eg må ha lov til å ønske det eg ønskar no, sa Marta.

[224] – Kva da? vilde han vita.

– At du ikkje vart i Vågan lenger. Ikkje seie noko, er du snild, for du veit nok om den ting sjøl, Elias, og eg veit det same, sa ho. Og eitt er visst: Du skal rå deg sjøl!

– Eg blir der ikkje veka ut, sa han. Han Arn greier resten no. Så skulde eg kanskje flytte hit da? spurte han. Jaså, du vart bleik først eg nemnte det, sa han.

Og Marta var bleik. Ho sa ikkje eit ord.

– No veit eg det, sa Elias. Eg vil kjøpe meg ein gar, eg vil ha noko ålvorlig å rivast med, fara bygda rundt og låne pengar, få meg min eigen gar!

– Du veit at min gar blir din gar, sa Marta. Men kan det vera deg til hjelp å bale med det, så skal eg gjera det eg kan attåt. Eg har ikkje før bedt folke mitt om nokon ting. For deg skal eg gjera det. Og dei skillingane eg har, dei er dine frå før, veit du.

Han sa takk og vart glad. Marta var enda meir glad, ho kom til gars som lyse morgonen, og det same da han fór. Men den kvelden som sist han var der, var ho knapt gonghøv da ho hadde vore med han på vegen, og same orda sa ho, ho sa dem til tausa, men ho meinte dem til ingen:

– Eg ser det no. Om eg får han, så har eg mista han kor som er. Men så la ho til: Det er enda ei trøst at eg kan gjera noko for han. Kanskje Vårherre gjer resten, eg veit ikkje anna å lite på.

[225] Elias fortalte alt sammen til Arn, og sa at no vilde han slutte der. – Så har du både bygginga og gjenta, sa han. – Arn la imot, det var inga hjelp i det for nokon av dem, meinte han; men Elias stod på sitt. Først vilde han snakke med Tale. Men det fall seg aldri. Ho hadde slik hast der ho fór, hadde ikkje tid til å stane når dei råktes, såg lite og inkje på han; ho vart mest ikkje å sjå etter som det leid. Og før han hadde snakka med henne, kom han seg ikkje derifrå. Han spurte Arn ein dagen, om han kunde skjønne kva som hadde fare i henne? – Nei, Arn visste ikkje å seie noko om det.

La han så i veg og kjøpte seg gar like vel, var på Bjørland og fekk hjelp, og andre stader med. Og ein dagen gjekk han beint i vegen for Tale, så ho måtte stane framfor han. Men da var det borte for han det han hadde tenkt.

– No har eg kjøpt meg gar, sa han. Eg har kjøpt Sandbakken, om du vil vita det, eg riv husa og bygger opp nye, kva seier du om det, Tale?

– Ja ja, sa ho, og så smatt ho framom han og inn.

Om kvelden sa han til Arn:

- Det må vera du som har snudd henne om for meg?
- Eg svarar deg ikkje på slikt, sa Arn. Vi kjenner visst ikkje kvinnfolka nokon tå oss, sa han.

Elias sat og tvistirde på han ei lang øve. Sia bar det sørover til Sandbakken med han. Utpå [226] natta, imot lysinga, kom han heim så sveitt og utasa han fekk mest ikkje opp ord, og så bleik og skjelven at Arn heller ikkje fekk ord for seg.

- Ja no har eg set Styggmannen sjøl! sa Elias, han hadde sett seg på senggavlen.
- Korles ser den karen ut? spurte Arn.

Men Elias var så utor det, det var ikkje å drive ap med.

- Du har narra deg sjøl, meinte Arn.
- Gud gi det var så vel! sa han.
- Det er ikkje vakre tankane du går med, når du møter *han*, sa Arn.
- Eg er svart! sa Elias, han kasta seg attover i senga som han gjekk og stod, og der låg han og anka seg og stirde i take til det var full dag.
- Når 'n legg seg rund, da står 'n opp som ein hund! sa han. Litt hadde vore, lo han og sa: – Eg trudde ikkje det vart så mørkt nokon gong at eg vægde for goveitra eller 'n Gammal-Sjur. Og du flirer åt meg? sa han til Arn. Du skulde akte deg, for det er ikkje meg det her! sa han.

Den dagen datt Arn ned frå tømra, frå raftstokken og på hovude ned millom steinane til syllmuren. Elias stod nett attmed da han fór. Dei bar han inn dau som ei sild.

Men dauen hadde ikkje fått take på Arn den gongen; han levna opp att og vart verande i live, slikt det var. Han vart liggande i lang tid.

Elias leigde folk og gjorde i stand stua i Vågan, [227] arbeidde på spreng og snakka mest ikkje orde, utan når han sat hoss Arn utover nættene. Han snakka han litt med. Da kunde han seie, best det var:

– Det *var* ikkje ansles det: eg var borti deg og skumpa deg. Hm! hm! hm! sat han og sa.

Og eit par gonger stirde han villt i auga på Arn og sa:

– Du trur ikkje det var med vilje, Arn?

Arn rista berre på hovude, han var for klein til å seie noko enda.

Arn vart liggande i Vågan heile tida, mannen der vilde ha det slik. Elias fór til Sandbakken, reiv ned gammalstua og la i veg med nytt bygg. Det vart eit gasta hus, men det kosta enka på Bjørland mang ein dalar, for det var ho som lånte pengane til det.

Heile tida med han bygde, levde Elias for seg sjøl; dei såg han ikkje på Bjørland og dei såg han ikkje i Vågan; han berre bygde og tagde med sitt. Ikkje spurte han etter Tale, og ikkje ho etter han.

Men ein kvelden utpå vinteren, da han hadde huse sitt under tak, kom ho til han. Han sa ikkje noko da ho kom, men ho sa det som til skulde og meir enn det. Ho hadde venta og venta på han, ho trudde at han ein gong kom, og no vann ho det ikkje lenger. Han fortalte det sia: Ho sa ei *lengd* med vakre ord. Og så god som ho var! sa han.

Elias hadde vorte rar, straks han såg att <sup>[228]</sup> henne, han var ikkje sterkare imot henne. – Eg kunde ha gråte attmed det ho sa, fortalte han. Men eitt eller anna var det som heldt meg att – eg syntes det stod *ein kvit ein* attmed meg den gongen og synte meg det: Det var så for utrulig det ho sa. Sia meinte han det kom av at ho brukte så mange ord; han vart mistruen.

– Jau, eg meinte da å komma, sa han. Når eg har alt i stand, slik at eg slepp å skjemmast for deg og folke ditt: *da* kjem eg!

– Når da? spurte ho.

Han heldt på og skulde svara at det vart til jul. I staden svara han:

– Til sommarmål kan du byne å vente meg.

– Er du viss på eg vil vente så lenge på deg? sa ho.

– Det er det eg vil røyne, sa han.

Han merka seg at ho vart bleik. Ho klengde seg innåt han og vilde aldri sleppe han meir, ho både smilte og gret. Elias kunde ha smoltna for eitt mindre, men det var der attmed han og åtvara han heile tida, så han beit imot og gjorde seg hard; han følgde henne på vegen med folkskikk og sømd. Han sa det slik, sia: Ho snufsa og gret som tørvtake i haustregne, men eg gjorde rygg og heldt det ut. Ho hadde alt kosta meg for mykje til at ho skulde vinne så lett. Ho hadde kosta meg meir enn det kan seiast.

Ho var bleik som sjødaua fisk da dei skildest. Og i heimvegen, da han kom til brua der Gamlingen [229] hadde møtt han, fekk han eit varsel: Vêrlyse stod over fjella og gliste til han, og det var himmelen sjøl som flekte av tanngaren og lo åt han, han var både gul og blå. – Eg vart så ilt med, fortalte han, eg vart ikkje kaldare i klæane da *han sjøl* synte seg for meg. Det er små ting å le åt det sia. Men da visste eg at det vonde hadde tapt.

Han vart ikkje det slag opp i under, sundagen etter, da han sat i kirka og hørte presten lyste for ein frammand mann og Tale Hansdotter Vågan. Det vart han heller ikkje straks etter, da han hørte at Marta Bjørland låg til sengs.

Tale hadde skyndt seg i veg og gifta seg, og han ho fekk var ein slamp og ein villbysting utan gar eller eige. Han var av folke hennar på morsida, og hadde vore i Vågan ein og annan gongen. Og det var i høgan tid dei kom seg i hop, sa folk. Eller rettare sagt, det var alt i seinaste lage, for gutungen heftast ikkje med å komma, sa dei.

– Hadde eg vore god til det, så hadde eg gråte, sa Elias. I staden måtte eg le, og det var ikkje godt.

Marta Bjørland hadde det gått så innpå, litt med kvart, at ho vart sengliggande. Sorga sette seg for i bringa på henne; det høla henne ut der ho låg. Ho spytta blod.

Elias var ikkje mange merkerne da han kom dit. Han bad om tilgiving, og han fekk det, og Marta meinte ho var snart god att. Han fortalte [230] alt frå først til sist, og det var mangt som aldri nokon annan fekk tak i. Det var eit under kor fort Marta kom på føtene att.

Elias vart verande på Bjørland, og da sommaren kom, gifta dei seg. Det var ikkje fullt eit år for tidlig. Det var aldri ein dag for tidlig, tykte folk. Dei bad Arn til bryllope; og Arn kom. Han var god kar alt, berre stiv i eine foten og skjeiv i eine aksla. Han fekk garen som Elias hadde kjøpt seg, han fekk Sandbakken slik han

stod og var. Da visste folk korles det hadde seg at Arn datt ned frå tømra i Vågan, om dei ikkje hadde visst det før; men dei sa ikkje noko vondt for det. Og han og Elias var venner som dei hadde vore og vel så det.

– Det er ei skam at eg skulde tvile på lykka vår, sa Marta.

Det var ein blank sommar, men da han var slut, måtte Marta til sengs att, og den gongen stod ho ikkje opp meir. Det var ei høgtidsstund da ho døde. Mest tok det folk da ho takka Elias for alt godt han hadde gjort henne, og da ho velsigna han:

Han skulde gå i sol all sin veg heretter!

Garen på Bjørland skulde dottra hennar ha. Elias dreiv han til ho var vaksi, og han dreiv han godt, og kvennbruke med. Sia flytta han til Sandbakken. Og det sa folk, at han såg ut som han gjekk vegen sin i sol all sin dag.

Ein still og lykkelig mann, eg minns han vel, sa Anders.

# Den eine og dei andre

[233] Ein veit ikkje av før ein er åleine, sa Anders ein kvelden. Slik gjekk det han *Helmer Pålse*, slik har det gått fleir: ein stod der åleine midt imillom venner og kjenningar.

Dei fortalte slik om Helmer Pålse, gammalt folk:

Han var eldste sonen på den eine Pålsegaren. Faren var død, og mora sat med garen; ho heitte Ane-Marja. Men det var Helmer som stod for styre og skulde ta ved garen; han skulde berre gifte seg først, og gjenta var alt utleita for han: Det var ho *Sissel*, dottra på Kvingstad. Det var ei gasta gjente, vart det sagt. Det same sa dei om han Helmer: ein gasta kar i eitt og alt, dei fann ikkje ein gong utsett på han da han vart forlova. Først og fremst var han ein godslig kar, eit godt menneske dei kallar. Støtt visste han å ta tingen frå rette sida, og der ufred og krangel kom på, der var det gjerne hans sak å få gutane forlikte att.

På Holm sat det to ungarar og brør med garen den tida. Erik og Iver heitte dei, og var på alder med Helmer. Om dem vart det fortalt, at [234] dei var to gladværuge kroppar, som var velkomne i lage bygda rundt; men dei hadde den vanen at dei drakk med nokon skjenkte, og da vart dei kåte og gælne og fann på mangt, både godt og vondt; da kunde dei bli tålig leie til å terge folk. Da var ofte Helmer Pålse god å ha i nærheita; og han og dei var gode grannar. – Det fanns ikkje vondt i dem, sa folk, berre kjæta og kjeften som regjorde med dem.

Det var tiend-tak på Segelsund den tid som no, og skikken var, at dei var på bua og fekk seg i-målt halvæl og annan, etter kvart som dei hadde klara tienda, og smått nubba og skjenkte kvarandre; det var ikkje tiendtak meir enn ein gong om åre, da som no, og jula sat i enda; dei kunde bli dyktig pratsame, mange av dem. Ingen såg noko gale i det. Fritt var det ikkje at dei kom opp og krangla urlite, og hende det seg kunde det òg, år og anna, at det *bar i hop* med eit par: det var aldri så det gjorde noko. Oftast gjekk einkvan imillom og fekk dei åtskilde. *Vart* nokon for klåfull, så var det alltid einkvan vaksenkaren i lage som steig til og ruska borti dem. Det var utruglig sjelden at dei naus i hop på synd og vondskap.

Den gongen eg skal fortelle om, gjekk det så til, at Holm-gutane var ferdige å ro heim med det same Helmer fór. Det høvde bedre for dei nordantil å ro til Segelsund i dei dagane, det var kleint med veg. Helmer var åleine, og stod alt i færingen da dei kom nedtil og sette ut sekstringen. Dei [235] bad han vente ei blink, så skulde dei kapp-ro heimover, dei skulde da same vegen. – Ja, sa Helmer, men det kunde aldri bli langt lage, når det var ein imot to. – Da lo dei, og spurte om det var berre skryt at denne færingen hans var så lettrodd? Eller kanskje han skulde innom på Kvingstad, til kjæresten, og var redd å ha dem med? Dei gav på og terga han, dei var så høvelig skjenkt.

– Ja no ror eg, sa Helmer, han sette seg i årane.

Dei andre to tøla og heftast litegrand enda, og ropa einkvart etter han; så bar det i roinga med dem òg. Dei rodde hardt, for dei var godt på mote, som sagt, og dei visste Helmer var leistelt å bitast med i båten. Folk stod nedmed sjøen og oppmed husa og såg etter dem.

Ut i fjorden eit stykke møtte dei nordausten, ein heil hamping og mest stikk i stemn for dem i første take. – Det vart kappror med motvinden det der, sa folk, dei såg kor han auka fort vekk. – Dei må no vel ha det vette at dei snur, sa dei. Men dei hadde ikkje det. Helmer han rodde for å halde seg unna dem, han hadde vel fått det slik for seg, og dei for å vinne innpå han og framom, det vilde vera skam anna. Båe båtane heldt seg oppunder austlande, for der livde det av ein og annan odden.

Kvelden vart det, og ingen ende på roren. Det bar ikkje fram lenger. Da legg Holm-karane inn årane og mastrar opp, dei gir han segle og fer [236] skråss over fjorden, meinte vel dei skulde slå seg oppunder heimlande så vidt at dei fekk livda derifrå. Det hender at sjøfolk missreknar seg i brennvine.

Dei kom midt borti fjorden, så kom segle vekk. Straks etter hørte Helmer at dei ropa. Stormen var så grov, det var ikkje vêr på vatne for ein færing; rodde han så tvert oppunder austlande, tenkte seg til Kvingstadnese og få i folk og ein større båt, det var ikkje lang vegstubben dit. Han rodde som det stod om live, som det stod om to liv. Og fram bar det, men det var berre så vidt òg; han rodde til det svartna for auga. Sjøen rauk som oska. Og dei nedpå fjorden ropa om hjelp. Da han svinga om odden og hadde teke verste take, såg han det fór båt ut frå Kvingstad. Kva han da tenkte, fortalte han aldri noko om, men han snudde og la til fjords att.

Dei hadde alt berga dei to på kolve da han kom til. Han hadde ikkje noko der å gjera. Det var Bertil Kvingstad og dottra, ho Sissel, som hadde berga dem. Dei

hadde set tilborden og fare i veg slik dei gjekk og stod, med ein stor sekstring.

Iver Holm var det smått med, og inga tid til å tenke på han, det var berre å kava seg til lands. Helmer ropa til dem, om han skulde komma innpå til dem og ro, han tenkte å sleppe færingen. Han hørte ikkje kva dei svara; men dei var fullskipa på sekstringen, så dei *rodde* han slikt det [237] var. Dei vann seg i land på Holm.

Helmer hang med, og lenger kom heller ikkje han. Han var med og bar Iver opp frå sjøen; dei bar han som ein død ein. Sissel gjekk etter og stødde Erik, for hævare var det ikkje med han heller. Dei bala lenge med Iver før dei fekk liv i han. Helmer stod attmed så bleik at det lyste av han. Han lea ikkje på seg før Iver kom til seg og var skikkelig i live att. Da snudde han seg og sa til dem som stod der:

– De kan vera glad, alle samem. Men mest glad må eg vera!

Erik spytta inn i varmen og kaldflirte; så sa han:

– Ja, du let oss no ligge i lengste lage. Men: du kom da til slut. Du får ha takk du òg.

Dei lo, nokon kvar, og Iver med, der han låg. Kvingstadmannen og Sissel dei tagde.

– Eg vart for sein ja, sa Helmer. Eg meinte eg skulde få tak i større båt.

- Ja ja, no skulde dei ha skjensk alle tre, sa Erik. – Så glømmem vi restem, sa han.

Da kremta Bertil Kvingstad både høgt og hardt, og så sa han:

– Ikkje som eg glømmem det. Eg hadde rett venta meg meir tå værsonem min. Kva synes du, Sissel?

Dei såg på henne alle som i stua var. Ho beit seg i leppa og sa ikkje orde.

Helmer vart enda ein mon kvitare i kjakane. Han såg på henne og ifrå henne. Så lo han:

[238] – Hadde det ikkje vore for hennar skyld, da hadde eg ikkje stått her slik eg no gjer.

Men da retta Sissel seg bein og sa, dei kunde sjå ho skalv kring munnen:

– Det var enda verre! Ja da vil eg ikkje ha deg, det er eit ord og det er visst!

– Nei nei, sa Helmer, og så sa han farvel og gjekk, vilde ta seg fram landveges til Pålsmese.

Holmgutane lo høgt etter han, han såg så hjartans tom ut i klæane, syntes dei, og ikkje meinte dei det var så stor ulykka skjedd heller at det var større å syte for.

Ivar vart liggande sjuk etter denne ferda, men han kom seg på føtene att og var den han hadde vore. Folk snakka i det som hadde hendt, og den eine tykte det og den andre det. Dei tykte meir vondt om Helmer enn dei lasta han for det, men oftast lo dei litt til han. – Eg kom for seint ja, hermtede dei. Og arti skulde det bli å sjå om ho Sissel gjekk attpå orda sine.

Helmer heldt seg heime. Men orda deira kom til Pålsnese òg, kom rekande med vêre, slik vonde ord plar gjera. Han smilte, når han hørte kva dei tala i. – Det må no vel gå over ein gong? sa han med mora.

Ho sa det gjorde han ikkje å gruve for; det gjekk over som alt anna leit. Men ho såg etter han alt i eitt og hadde ein vond ir i seg. Det måtte ha teke han vonoms tyngre, så rar som han gjekk der. Og reint vondt i seg fekk ho, da ho hørte han [239] vilde på dansen, det hadde gått ein månads tid eller så; men ho sa ikkje noko.

– Eg vil no sjå dit, etter som dei har bedt meg, sa han. Han sa det eit par gonger, han gjekk og somla og vart ikkje ferdig til å gå.

Dei var i full leik da han kom, og ingen gav han større ans for det første. Litt etter kvart vart dei vår at han stod der så still. Det vart stilt i stua best det var: dei hadde set han alle. Dei syntes han stod der og bad for seg. Så vilde dei vera vaksne folk og snakke med han liksom dei ingenting kom i hug. Men han såg berre på dem; dei måtte tru han hadde ikkje set dem før. Han såg hoven ut, når dei såg litt velare på han. Ein og annan kremta litt, og somme lo litt; og des meir hoven vart han å sjå til. Så gjekk han beint over golve dit Sissel sat, og helsa god kveld til henne. Hø såg opp, så vidt.

– Kva seier du i kveld da? spurte han.

Dei syntes munnen på henne var eit kvitt strek i andlete.

– Eg seier berre det, svara ho, at du er seint ute i kveld òg.

– Skal du aldri slutte med å seie det da? sa han, han prøvde

å le.

– Jau, når du aldri kom meir, så sa eg det ikkje meir, lét ho, reiste seg så og gjekk ifrå han.

Dei hadde litegrand i hovude, og no kom dei og skulde snakke vel med han, så det ikkje vart for tungt for han og noko slag ulyd i leiken, han [240] skulde slå det der ifrå seg, det *var* ingen ting, han skulde vera like glad, som guten som gjekk og gret, han skulde ha skjenk, skulde komma og danse! – dei var i kring han med all slag gode ord. Helmer han stod som stauren i jorda. Dei sa det sia, alle mann, at dei meinte ikkje ei doft av vondt med det, det kom slik av seg sjøl: Dei tok han og vilde bera han på gullstol.

Enno prøvde han å le, men han gjekk unna dem, att-å-bak mot døra. Han såg og såg på dem, først daubleik og sia mørk raud. Fer så villskapen i han, før dei får blunk for seg, han tek ein stol og svingar han over hovude på seg, hyttar mot dem og murrar som ville dyre. Slær så stolen i golve så spillrane flyg, og dermed legg han på døra. Dei etter, spring i måneskine og godvêre, dei vil ringe han inn, vilde i kast med han urlite, han skulde ikkje være å gjera seg til tosk; dei fortalte det truverdig sia, kvar for seg. Kvinnfolka stima ut og skulde sjå.

Øvst oppi gjorde, oppmed garen, nett med det same han skulde smette inn i skogen for dem, stana han og bia. Han ropa til dem:

– Eg har drømt alt i hop hittil, men no har eg vakna. No skal de akte dykk!

Han var så ifrå seg i måle, at dei tverstana framfor han og vart ståande. Gabriel Moholmen var ungguten den tida; han steig fram og sa til dei andre:

[241] – Lat oss gå inn, og gi 'n fred! Det kan enda vera hardt nok å vera han.

Dei så gjorde, dei snudde og leita nedover att. Men dei var ikkje langt komne, før han Helmer kom ropande etter dem og midt inn i flokken.

– Det der skal du ikkje ha sagt for ingenting, Gabriel! ropa han, – flaug så beint på han og slo han over ende. Han slo over ende eit par til, som kom i vegen for han. Han snudde seg rundt og baud dem kvast, heile unglyden, han synte kniven.

– De trudde eg var eit godmenne, de, skreik han, men eg skal fortele dykk anna eg, for her står eg som eg *er*, ein ærelausing, ein farlig ein.

Dei visste ikkje å fortele kor det kom seg, men dei veik unda, dei kjente seg ikkje huga på å slåss den natta; og ikkje såg han trivelig ut heller. Da lo han til dem og gjekk sin veg.

– Gutskitar! ropa han etter dem.

Dansen gjekk sin gang, til lysan dagen. Men i kvar kvila snakka dei om 'n Helmer. Somme av karane vart hjarta på å gi han smurning, han hadde vore ei sålbot til kar all sin dag. Andre sa at dei la ikkje vette sitt attåt ein tullut mann, ein fekk komma i hug kor glup ein kar han *hadde* vore. Alle vart einige om at det var ikkje deira skyld; så fekk han gå der og olme til det gav seg. – Berre han ikkje gjer ei ulykke på seg før den tid! anka kvinnfolka seg. Sissel var bleikvori, men ho heldt seg hard og sa:

[242] – Det var godt det kom fram som budde i han, om det ikkje var *godt!* og så dansa ho att. Ho var tå eit storhjarta folk, som dei sa den tida.

Dei hadde mest glømt han om morgonen da dei kom ut og skulde heim. Det var mange som var roande, og så vart dei andre med nedåt støa og skulde sette ut båt, dei var der heile mannhusingen. Da står han der nedmed naustveggen. Han hadde gått ute i sprettfroste heile natta, kunde dei sjå. Eit par av gjentene vart så ilt med, dei gav eit lite rop frå seg. Karane kom seg fort, for dei hadde smått mota seg opp all natta utetter og var tålig velstelt.

Helmer sa ikkje orde, men tullut såg han ikkje ut. No vilde dei ha litt trøyheit med han før dei fór, dei vilde vita kva han stod der for; nokon vilde skjenke han. – Han rista berre på hovude.

– Du held deg for god da, kan hende? erta dei.

Han nikka, at det gjorde han ja.

– Men du byd ikkje juling da? undrast dei.

– Nei, sa han. For no har eg set meir enn i sta. Eg har set oss alle i hop. Vi er ærelausingar kvar ein. Det bur varg i dykk, veit de det? Og no vil eg ikkje meir. Eg seier nei. Nei, hører de!

Dei ropa den eine over den andre: – Jaså, han vilde ikkje meir? Kva var det han ikkje vilde? Dei lo og tykte han var trøysam, karane, og gjentene måtte le med, men dei hadde vondt av han [243] òg, prøvde å snakke skikkelig med han. Det hørte han ikkje.

– Men eg må sjå heim til ho mor først, sa han. Sia kjem det ein annan dag. Til slut så kjem *den store dag*, gutar!

Det fór kaldt i dem da han sa det. Da vart dei vår han stod med ein staurende. Dei sprang på han, eit par karar, og vilde ta ifrå han uverja. Med ein gong var han svart i andlete, han rykte til seg stauren og slo blindt i kring seg; han slo så dei datt i kring han. Det vart eit bask før dei vann på han og hadde han under seg; det rann blod. Dei låg still eit tak og pusta seg opp, visste ikkje rett kva dei skulde gjera. Kvinnfolka bad dei fara vakkert med han. Sissel gjekk derifrå.

Da sa han nedi snøen:

– Berre slå karar! *Slå*, seier eg!

Dei let han vera. Dei sette ut båtane og skildest. Helmer, såg dei, tok stranda frammed og heim.

Og heim kom han. Det skræmte mora slik, da ho såg han kom, at ho torde ikkje flytte på seg. Ikkje sa ho noko, og ikkje sa han noko; men ho sa det sia med einkvan: Det bars meg for, at det som hadde skjedd, det hadde gjort ende på alt for oss båe to.

Mat smakte han ikkje, og ikkje sømn; slik gjekk han eit par døgn heime. Så ein kvelden vart han borte. Han kom ikkje att meir. Mora og [244] søskena leita, og grannefolk vart med og leita, men det var ikkje minste far å finne etter han. Det var skaraføre, så dei kunde ikkje sjå enten han hadde fare til skogs eller på sjøen. Dei gjorde manngar sistpå, fór over heile bygda, så uhuglig var det.

På Kvingstadnese – det var berre ein smågar det i dei dagane – hadde dei ei dotter som heitte *Barbro*. Mannen sjøl låg til sengs, han var giktbroten, og dei andre søskena var ute på kvar sin kant, så *Barbro* var åleine med mora til å drive garen. Ho var ikkje over tjuge år den gongen, men det hadde alt vore mykje snakk om henne. Dei hadde skyllda henne for at ho hadde stole eit lam. Det sat på henne enda.

Millom Kvingstad og Kvingstadnese, ytterst utpå Hesthammaren, stod det frå gammal tid ei furu, Hesthammerfuru dei kalla, eit stort vindvridd tre på fleinblåe bergskallen, stod og luta seg ut over sjøen. Det hadde hendt seg, sa dei, at einkvan smågutgalningen kleiv ut i furua og sat der og såg ned i sjøen, eit stort hundre famner ned, – det var få som trudde det; og den siste som hadde vore der, vart det sagt, han skulde ha vorte som ifrå seg da han kom inn på fast land att. Tett nedafør furua var det ein liten bergtrapp, med fint gras sommars tid, og der hadde lam-skarven hoppa nedpå og sat i berg. Det kom aldri sau opp derifrå med eiga hjelp.

Karmennene [245] på Kvingstad var i setrane og slo, og dei i plassane var med, og der stod lamme og brækte og bar seg, eitt døgn og to døgn; det fanns ikkje menneske heime som våga seg utpå. Det var ein husmann som åtte det.

Tredje morgonen, da karane kom og skulde ta det, var det borte. No kunde det ha fare utover flauge og i sjøen, men det var ikkje likt til det. Ørna kunde ha slege det og fare med det, men det såg ikkje ut til det heller. Der var tydelig far etter ein berrfot i molda nedpå trappen, dei våga seg ned ein om senn og såg det. Det hadde vore ein bergingsmann der føre dem.

Snart etter var det ein som vart vår eit ferskt lamskinn i vedskotte på Kvingstadnese. Mannen sjøl i garen hadde vore skylda for stulder ein gong, det hadde vore smått for han i førstninga. No fekk dei det ikkje ansles til, enn at lamme måtte ha vorte berga heim dit. Orde gjekk og gjekk, bygda rundt og attende til Kvingstad; så kom det til Kvingstadnese òg. Og at ho Barbro hadde vore bergingsmannen, fortalte seg sjøl å kalle, for faren var sengliggande, som sagt, og mora ho var gammal og svimren, gjekk enda med stav, og kunde aldri ha klara det. Barbro bad folk dit, dei skulde sjå merke i øyra på skinne, at det var gammalt merke, og deira merke, ho var stø på dei skulde ta henne fri med ein gong. Ho vart mållaus, da ho såg dei ikkje trudde henne, og da ho fekk opp måle att, snakka ho seg i gråten [246] framfor dem. Det såg ut som dei ikkje trudde henne enda, og da tagde ho.

Sia tagde ho for det meste. No var det mange som trudde henne like vel, og etter kvart gjorde visst alle det, og snakke stilna av. – Det var no inga ku, som dei sa. Men Barbro var ikkje lik seg etter den dag. Ho som hadde vore så lett for bringa støtt, ho vart no gåande og tie og lide vondt. Det var snart berre auga att i andlete på henne, og dei var enda mest lik til at dei ikkje såg eller sansa noko av det som i kring henne var. Snild og blid var ho som ho hadde vore, og ikkje redd folk, men ho kjendest ikkje ved nokon som kom og snakka med henne, ho såg berre ut i tomme lufta. Ved denne tida hadde dei arva litt pengar. Dessutan hadde Barbro det med seg, at gutane tykte om henne. Dei gav seg i snakk med henne den eine etter den andre – det var inga hjelp i det. Vettugt folk sa med henne, at ho skulde ikkje sitte slik og tenke seg helselaus på det som ikkje var *til* meir; – det er ingen som trur slikt om deg no lenger, sa dei. – Nei, ikkje no lenger, svara ho. Ikkje no lenger, det var gjerne orda hennar. Og med kvart kunde ho stirre på ein og seie: – Det har berre vorte så rart alt i hop.

Ein kvelden sa ho med Sissel Kvingstad, ho kom ofte og såg til henne:

– Det kunde ha vore så vakkert i verda, [247] når berre folk visste det dei ikkje veit! Ho gjømte andlete og gret.

– Men det er da ørna som har teke det der lamme, sa Sissel.

– Det kunde eg ha trudd før ja, svara Barbro. No ser eg for mykje til det.

Den andre meinte at smått om senn kunde det snu seg.

– Ja, visst det skjedde eit under, sa Barbro. Og det er det eg ventar på. Når all bygda fekk sjå kven tjuven er, da kanskje det lysna for meg, sa ho.

Slik var ho det åre, og slik var ho åre etter. Slik var ho den vinteren han Helmer Pålsnese kom bort. Da ho hørte om det, kom det nytt liv i henne. Ho spurte og hørte seg for, til ho visste alt som *dei visste* om det. Ho gjekk i ei undring heile tida. Da dei fortalte at han ikkje fanns meir, sat ho og smilte.

Og lenge var det ikkje at det var stilt om han. Ein morgonen stod det skore inn tre bokstavar i ytterdøra på Holm, der stod ILD, – der den gongen, ein annan gong på Moholmen, ikkje lenge etter på andre sida fjorden, på Kvingstad. Ein dagen stod det på døra i sjølve prestgaren. Det var mykje til mann den presten, både på stolen og elles, men dette visste han inga råd med. Folk heldt vakt i kvarmanns hus, så skræmt var dei, men dei tre bokstavane synte seg fleire og fleire [248] stader, og ein morgonen fann Holms-karane tollkniven sin attmed seg på hu'-gjerde da dei vakna.

– Den mannen ser verda frå ein gal kant, sa prestfar; – dei bad for Helmer i kirka.

– Ja, han ser det han ikkje skulde sjå, sa Barbro da ho hørte om det.

Dagen etter rodde ho over fjorden til Pålsnese. Ho vilde snakke med mor hans. Ane-Marja var lite i stand til å snakke med nokon, vilde helst ikkje råke folk, men Barbro kom ikkje slik at ein kunde vise henne frå seg.

– Eg har set han Helmer, sa ho. Ho hadde set han for seg der han sat inni marka, fortalte ho.

– Trur du du finn han da? spurte Ane-Marja.

Det trudde Barbro fullt og fast. Eit forjaga og forvilla menneske skulde *ho* finne. – Eg trur enda eg får han til slut, sa ho.

Ho var inni marka og gjekk den natta, mo åleine, ho gjekk og song, fortaltes det. Og da kom han til henne. Ho vilde vita kor han heldt til, og om han ikkje fraus og svalt i hel. – Han spurte berre kva ho vilde han.

– Eg vilde finne deg, svara ho.

– Har du mat med? spurte han.

Det hadde ho, og den hogg han, og til å eta som eit dyr.

– Det er frå mor di, sa ho. Eg skulde helse deg frå henne.

[249] Han svara ikkje noko på det.

Ho heldt ved: ho spurte om han ikkje skulde sjå heim til mora?

– Nei, no har ho mista meg, svara han

– Du må ikkje gjera det, Helmer! sa ho, best ho stod.

– Du meiner det som skal skje på den store dag? sa han.

– Ja, det var det, sa ho.

Da sa han: – Eg vil brenne opp kvar ein gar. Eg legg dem lik, alle som imot meg kjem. Eg vil gjera det snaut all stads, for synda har komme inn i verda, og eg er den som ser det. Logen skal stå til himmels, så Vårherre sjøl må ut og gjera einkvart med det, han som har allmakta, han skal spørre kva det er, og da skal eg svara han: det skal bli ein stor dag ja! sa han.

Han snakka over seg som ein drykkjen mann.

Barbro spurte om ho ikkje fekk vera med han den dagen. – For du treng hjelp, sa ho.

Da såg han lenge på henne. Så sa han: – Ja, eg gjer det du.

– Men du skal vente på meg, sa ho. For det er noko eg må vita først. Ho fortalte alt som hadde bore henne imot, og han stod still og vettug og hørte på. – Eg må vita kven tjuven og løgnaren er, sa ho, all bygda skal sjå han før ho går opp i røyk.

– Ja, han skal fram på den store dag! sa Helmer.

[250] – Og no kjem du og blir med meg heim, sa Barbro. Der er du gjømt, og der kan vi snakkast ved og legge over.

Og så utrulig det er, så kom han og vart med henne. Ho snakka med mor si, og dei vart samrådd om å gjømme han på loftet til så lenge. Han hadde lidd hundvondt med han låg ute, han fortalte han vilde ikkje ein gong stela seg mat frå så vondt folk, men han fortalte ikkje kva han hadde levd av; han var ikkje mann for å reise seg dei første dagane, da han endelig hadde komme i seng. Da han hadde vunne seg til eit grand, gjekk Barbro fram fløtt for fløtt etter det ho hadde tenkt ut. Ho fortalte eitt og anna frå bygda, kva dei gissa på og kva dei sa om han, kva den meinte og den meinte. Så slutta ho med det, i rettan tid, for da var han alt vitensjuk og vilde høre alt, så det stod til liv med han, meinte ho. Ho syntes ho hadde drømt at dette var vegen ho skulde gå med han.

Barbro hadde lovt med seg sjøl ein gong, at ho aldri skulde lyge ei løgn om ho var aldri så lita. No kom ho i skade for å gjera det lel, ho fortalte det beint fram, til mor hans. Han spurte kva dei på Kvingstad sa. Ho sa som sant var, at dei òg undrast på kor det hadde vorte av han.

Helmer sat litt. Så sa han i stor sorg:

– Å ja, dei gjer vel ikkje meir enn undres, kan eg tru.

[251] Da var det at det fløktet litegrand for ho Barbro. Ho sa:

– Der er *ei* på Kvingstad som gjer meir enn undres. Ho Sissel søv ikkje lang sømnen om natta.

Ho såg det tok i han, og trudde ho var på rett veg. Så nemnte ho einkvart meir om at Sissel tok det tungt for hans skyld. – Ho sørger enke, sa ho.

Han sa ikkje meir den dagen, og ikkje dagen etter heller, men dei kunde merke det *gjekk* i han. Tankane hans hadde teke eit anna far. Om kvelden neste dag kom han ned i stua, han sat i omnkråa og stikka tennene og smått mumla. Dei hørte han nemnte orde enke, eit par gonger. Litt hadde vore, gjekk han på loftet att, og da hørte dei han sa med seg sjøl:

«Det du gjør, det gjør snart!»

Dei hadde fått illt i seg dei to kvinnfolka, men dei visste ikkje noko å gjera med det. Dei gjekk og la seg.

Om morgonen var ikkje Helmer på loftet, og ikkje nokon-stads på garen.

Same morgonen vart dei på Kvingstad vår eit syn, først han Bertil og så Sissel, og sia dei andre. Det hang ein mann i Hesthammarfuru. Dei kunde sjå han frå stubrua heime.

– Han Helmer! sa Sissel.

– Ja der har vi rømlingen, sa Bertil.

[252] Og det såg dei alle.

Kona på garen, ho Gurianna, var den som sist kom ut og fekk sjå det. Ho gav frå seg ei ulåt som var styggare enn stygg, enda så sterkt eit kvinnfolk ho var. Og da ho kom til seg att, ropa ho i ville nøda:

– Osså i den furua da! Attmed der lamme stod!

Ikkje visste dei kva ho meinte med det, og ingen ans gav dei det heller. Dei såg etter korles det gjekk med Sissel, så vidt. Ho klara det tålig.

Tidna om mannen i furua gjorde ikkje vegen lang frammed fjorden, så utpå ettermiddagen hadde det samla seg ein heil folkskroll på Hesthammaren. Lensmannen var der òg, han skulde stå for og skjera ned like; og hans sak vart det korles ein det skulde få gjort.

Det var ei nød. Det lét seg ikkje gjera å få han ned. Furuva var gammal og sprø, det knaka i rotfeste på henne først ein kleiv eitt føtt utetter. Ho bar *ein*, og han hang der alt. Han hang der og dingla utover avgrunnen; dei fleste stod ikkje ut å sjå på det.

Lensmannen og nokre andre meinte dei fekk felle tree med mannen i, så fann dei att han i sjøen. Sissel sat der heile tida. Ho sa at det skulde ikkje skje. Bertil sa det same, da han hørte det. Han sa at da fekk heller han våge seg ut og løyse han, – det var kanskje ikkje for mykje om eg gjorde det, sa han.

[253] – Ja du eller eg, sa Sissel.

Men da vart Gurianna reint utor det, tok i Bertil og vilde dra han vekk. – Det var her lamme stod! kviskra ho, det var her lamme stod!

Bertil hadde vore bleikleta der han stod. No vart han grå. Alle såg på han, og han på dem. Tok han så tauge ikring seg, bad dei halde det stint, og kleiv utetter furua med ei line i handa. Kvar augeblinken venta dei at furua og han fór stups nedgjenom lufta. Gurianna seig i hop og jamra seg så ein og kvar hørte det.

– Det var her eg stal lamme, det her går aldri vel!

Men det gjekk vel. Bertil fekk lina kring han som hang, skar han så ned og fira han til berge etter som dei hala inn. Kom han seg så att-ende inn på fast grunn, tok i handa til kona si og leidde henne heim.

– Dette er den store dag, sa Barbro, ho hadde stått der heile tida. Og no er han Helmer min og ikkje din, sa ho til Sissel. Ho fortalte alt som var å fortele, og sa at no vilde ho ha like med seg heim. – Eg har da drømt eg skulde få han, når ingen annan vilde ha han; så var det vel slik det var meint, sa ho.

Mor hans kom dit i det same, og ho sa at det skulde bli som Barbro vilde det. – Ho var den siste som åtte noko i han, sa ho. Eg reknar det slik at ho har berga han like vel, la ho til.

Så måtte dei bera like til Kvingstadnese, og [254] derifrå kom det i jorda på det vise det var. Barbro sa det med Ane-Marja, da ho hadde fortalt allting frå først til sist:

– Eg skulde aldri ha ønska så stort som eg gjorde. Så dyrt var det å få fram tjuven. Og så la ho til: – No veit eg mindre enn før.

Sissel Kvingstad vart gåande som enke all sin dag, og Barbro slikt slag. Korles det gjekk dei andre, veit eg ikkje, men slik gjekk det med han Helmer. Så sa dei, når dei fortalte det:

– Det er lykka det ikkje hender noko så gale no for tida.

# Noter

- [n1.](#) lang] *rettet fra: lag (trykkfeil)*
  - [n2.](#) Beret] *rettet fra: Berit (trykkfeil)*
  - [n3.](#) *Forfatternote: nåe ɔ: dauing*
  - [n4.](#) heldt] *rettet fra: hedt (trykkfeil)*
  - [n5.](#) fór] *rettet fra: for (trykkfeil)*
- 

Olav Duuns *Blind-Anders* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](http://bokselskap.no)